

Kvinnenamn i tre fjellbygder

Ei undersøking av kvinnenamna i Røldal, Suldal og Vinje med grunnlag i 1801- og 1900-folketeljingane og kyrkjebøker

Tina Tollaksvik




Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium


NOLISP 350

Mastergradsoppgåve i nordisk

Vårsemesteret 2013



Figur 1. Kart. Suldal, Røldal og Vinje, stor målestokk.. kart.gulesider.no (2013)



Figur 2. Kart. Suldal, Røldal og Vinje, liten målestokk. kart.gulesider.no (2013)

Forord

Arbeidet med denne oppgåva har vore spanande og lærerikt. Namn har alltid interessert meg, og eg ser på meg sjølv som heldig som har kunna fordjupe meg i dette temaet i eit slikt omfang som ei masteroppgåve. Eg vil takke fleire personar for hjelp og oppmuntring i denne prosessen.

Først og fremst vil eg takke rettleiaren min, Ivar Utne, som alltid har døra open, og som har gitt meg eineståande hjelp og gode råd undervegs i arbeidet. Torodd Kinn var òg involvert i oppstarten av prosjektet mitt, og eg vil takke for god hjelp til avgrensing av tema og materiale. Vidare vil eg takke Ole-Jørgen Johannessen, som var den personen som introduserte meg for namnegransking gjennom faget *Personnamn* hausten 2011.

Miljøet i 4. etasje på HF-bygget har gjort studiekvardagen morosam og motiverande. Eg vil takke alle mednordistar i sofakroken for interessante og latterfylte samtalar. Ein spesielt takk går til Elin, som har oppmuntra meg og kome med kloke ord når eg har trengt det.

Familien min, og spesielt Mia, fortener ein takk for at dei har vist interesse for prosjektet mitt, og for at dei aldri har tvilt på at eg skulle klare det.

Bergen, 14. mai 2013

Tina Tollaksvik

Innholdsliste

1. Innleiing	9
1.1 Problemformulering og hypotesar	9
1.2 Kort om tidlegare forskning.....	11
2. Presentasjon av dei tre prestegjelda.....	13
2.1 Røldal.....	13
2.2 Suldal	15
2.3 Vinje	16
3. Teori og metode.....	18
3.1 Normalisering	18
3.2 Folketeljingane som kjelde	20
3.3 Namn som blir blanda saman	22
3.4 Kva for eit namn er dette?	24
3.4.1 Røldal 1801:.....	25
3.4.2 Suldal 1801:	25
3.4.3 Vinje 1801:	27
3.4.4 Røldal 1900:.....	27
3.4.5 Suldal 1900:	28
3.4.6 Vinje 1900:	28
4. Opphav.....	29
4.1 Kategorisering.....	29
4.2 Dei nordiske namna	29
4.3 Dei kyrkjelege namna	29
4.4 Dei tyske namna	30
4.5 Andre namn	30
4.6 Nokre namn som har vore vanskelege å kategorisere	30
5. Kvinnenamn i Røldal 1801–1900.....	32
5.1 Kommenterarar til 1801-teljinga.	32
5.2 Dei nordiske namna i 1801	33
5.3 Dei kyrkjelege namna i 1801	33
5.4 Dei tyske namna i 1801	34
5.5 Kommenterarar til 1900-teljinga	34
5.6 Dei nordiske namna i 1900	36
5.7 Dei kyrkjelege namna i 1900.....	36
5.8 Dei tyske namna i 1900	37

5.9 Andre namn i 1900	37
5.10 Oppsummering av Røldal 1801–1900	37
6. Kvinnenamn i Suldal 1801–1900	39
6.1 Kommentarer til 1801-teljinga	39
6.2 Dei nordiske namna i 1801	40
6.3 Dei kyrkjelege namna i 1801	40
6.4 Dei tyske namna i 1801	40
6.5 Andre namn i 1801	41
6.6 Kommentarer til 1900-teljinga	41
6.7 Dei nordiske namna i 1900	42
6.8 Dei kyrkjelege namna i 1900	42
6.9 Dei tyske namna i 1900	43
6.10 Andre namn i 1900	43
6.11 Oppsummering av Suldal 1801–1900	44
7. Kvinnenamn i Vinje 1801–1900	45
7.1 Kommentarer til 1801-teljinga	45
7.2 Dei nordiske namna i 1801	46
7.3 Dei kyrkjelege namna i 1801	46
7.4 Dei tyske namna i 1801	46
7.5 Kommentarer til 1900-teljinga	46
7.6 Dei nordiske namna i 1900	47
7.7 Dei kyrkjelege namna i 1900	48
7.8 Dei tyske namna i 1900	48
7.9 Andre namn i 1900	49
7.10 Oppsummering av Vinje 1801–1900	49
8. Samanlikning av sokna	50
8.1 Opphav	50
8.2 Namneauke og folkeauke	52
8.3 Kumulativ frekvens	53
8.4 Samanlikning av namn og namneformer	55
8.4.1 Røldal og Vinje	55
8.4.2 Røldal og Suldal	56
8.4.5 Har Røldal flest namn til felles med Suldal eller Vinje?	57
9. Spor av modernitet	58
9.1 Kva var modernitet i samfunnet på 1800-talet?	58
9.2 Kva for modernitetstrekk kan vi finne i namnematerialet på 1800-talet?	59

9.3 Modernisering i dei tre prestegjelda	61
9.3.1 Modernisering i Røldal	61
9.3.2 Modernisering i Suldal.....	63
9.3.3 Modernisering i Vinje.....	65
10. Dobbelnamn	68
10.1 Bakgrunn.....	68
10.2 Inndeling i kategoriar.....	70
10.3 Dobbelnamn, Røldal 1800–1900.....	71
10.4 Dobbelnamn, Suldal 1800–1900	73
10.5 Dobbelnamn i Vinje 1800–1900.....	78
10.6 Oppsummering av dobbelnamn.....	81
11. Svar på hypotesane	83
11.1 Hypotese 1	83
11.2 Hypotese 2:	84
11.3 Hypotese 3	86
11.4 Hypotese 4	87
12. Konklusjon	88
13. Kjelder og litteraturliste.....	90
13.1 Kjelder	90
13.2 Litteraturliste.....	90
14. Samandrag.....	94
14.1 Norsk samandrag	94
14.2 English summary	95
15. Vedlegg.....	96
15.1 Frekvenslister.....	96
15.2 Opphav.....	106
13.5 Folketeljing vs. kyrkjebok på enkelte kvinnenamn	116
15.3.1 Brit(h)a, Britta, Bert(h)a, Bert(h)e, Birt(h)e.	116
15.3.2 Mart(h)e, Mart(h)a.....	118
15.3.3 Kari/Karen.....	119
15.3.4 Siri/Sigrid i Røldal 1900.....	120
15.3.5 Ingebjørg/Ingeborg i Vinje 1900.....	121
15.3.6 Elisabeth/Lisabeth i Suldal 1900.....	122
15.4 Dobbelnamn.....	123
15.5 Samanlikning av namna i dei tre prestegjelda i 1801-teljinga.....	131

Bildetekstliste

Tabellar

Tabell 1. Oversikt over <i>Brita/Britta/e</i> og <i>Birthe/Berta/e</i> i prestegjelda.	22
Tabell 2: Oversikt over <i>Siri</i> og <i>Sigri(d)</i> i prestegjelda.	23
Tabell 3. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Røldal i 1801	32
Tabell 4. Oversikt over opphavet til namna i 1801-teljinga for Røldal.....	33
Tabell 5. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Røldal i 1900	35
Tabell 6. Oversikt over opphavet til namna i 1900-teljinga for Røldal samanlikna med 1801-teljinga.....	35
Tabell 7. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Suldal 1801.....	39
Tabell 8. Oversikt over opphavet til namna i 1801-teljinga for Suldal.....	39
Tabell 9. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Suldal i 190.....	41
Tabell 10. Oversikt over opphavet til namna i 1900-teljinga for Suldal samanlikna med 1801-teljinga.....	42
Tabell 11. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Vinje i 1801.....	45
Tabell 12. Oversikt over opphavet til namna i 1801-teljinga for Vinje.....	45
Tabell 13. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Vinje i 1900.....	47
Tabell 14. Oversikt over opphavet til namna i 1900-teljinga for Vinje samanlikna med 1801-teljinga.....	47
Tabell 15. Oversikt over endringar i folketalet og leksikalske namn frå 1801 til 1900	52
Tabell 16. Kumulativ frekvens for dei tre prestegjelda.	54
Tabell 17. Dobbelnamnførekomsstar fordelt på tiårsperiodar i Røldal.....	72
Tabell 18. Dobbelnamnførekomsstar fordelt på tiårsperiodar i Suldal.....	74
Tabell 19. Dei tre mest populære førstenamna i dobbelnamnsamansetningar i Suldal.....	76
Tabell 20. Dei tre mest populære andrenamna i dobbelnamnsamansetningar i Suldal.....	76
Tabell 21. Dobbelnamnførekomsstar fordelt på tiårsperiodar i Vinje.....	79
Tabell 22. Frekvensen til dobbelnamnbruken i dei tre prestegjelda 1800–1900.....	81
Tabell 23. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Røldal, 1801-teljinga.....	96
Tabell 24. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Røldal, 1900-teljinga.....	97
Tabell 25. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Suldal, 1801-teljinga.....	99
Tabell 26. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Suldal, 1900-teljinga.....	100
Tabell 27. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Vinje, 1801-teljinga.....	103
Tabell 28. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Vinje, 1900-teljinga.....	104
Tabell 29. Opphavet til kvinnenamna i Røldal, 1801-teljinga.....	106
Tabell 30. Opphavet til kvinnenamna i Røldal, 1900-teljinga.....	107

Tabell 31. Opphavet til kvinnenamna i Suldal, 1801-teljninga.	108
Tabell 32. Opphavet til kvinnenamna i Suldal, 1900-teljninga.	110
Tabell 33. Opphavet til kvinnenamna i Vinje, 1801-teljninga.	112
Tabell 34. Opphavet til kvinnenamna i Vinje, 1900-teljninga.	114
Tabell 35. Eit utval av døme på skrivemåtar av <i>Britta/e</i> frå kyrkjeboka i Røldal 1790-1801.	116
Tabell 36. Eit utval av døme på skrivemåtar av <i>Britha</i> og <i>Berthe/a</i> frå klokkarboka i Røldal 1890–1900.....	116
Tabell 37. Eit utval at døme på skrivemåtar av <i>Britta/e</i> frå kyrkjeboka i Suldal 1790–1900.	117
Tabell 38. Eit utval av døme på skrivemåtar av <i>Brita</i> og <i>Bertha</i> frå kyrkjeboka i Suldal 1880– 1900.....	117
Tabell 39. Eit døme på <i>Birthe</i> frå kyrkjeboka i Vinje 1790–1801.	117
Tabell 40. Eit utval av døme på skrivemåtar av <i>Berthe</i> frå kyrkjeboka i Vinje 1883–1893.	118
Tabell 41. Korleis <i>Siri</i> og <i>Sigrid</i> frå 1900-teljninga for Røldal er oppført i kyrkjeboka.....	120
Tabell 42. Korleis enkelte av <i>ingeborg</i> og <i>Ingebjørg</i> i 1900-teljninga for Vinje er oppført i kyrkjeboka.....	121
Tabell 43. Korleis enkelte av <i>Elisabeth</i> og <i>Lisabeth</i> i 1900-teljninga for Suldal er oppført i kyrkjeboka.....	122
Tabell 44. Dobbelnamn i kyrkjebøkene for Røldal 1800–1900.	123
Tabell 45. Dobbelnamn i kyrkjebøkene for Suldal 1800–1900.....	124
Tabell 46. Dobbelnamnberarar frå kyrkjeboka som er registrert i 1900-teljninga for Suldal.	128
Tabell 47. Dobbelnamn i kyrkjebøkene for Vinje 1800–1900.	129
Tabell 48. Oppstilling av alle namna i dei tre prestegjelda i 1801-teljninga.	131

Figurar

Figur 1. Kart. Suldal, Røldal og Vinje, stor målestokk	2
Figur 2. Kart. Suldal, Røldal og Vinje, liten målestokk	2
Figur 3. Fordelinga av dei 15 mest populære namn etter opphav.	50
Figur 4. Fordelinga av alle namna etter opphav.	51
Figur 5. Avleidde første- og andrenamn i dobbelnamnsamansetningar i Suldal.....	77

1. Innleiing

”Med ei Røldøle og ei geit er du framfødd” skriv Veslemøy Kvålen (1991: 44). Dette har vore eit kjent uttrykk i Vinje, og det fortel noko om kontakten mellom desse to fjellbygdene. Om denne kontakten kan ha vore ein faktor når det gjeld namngjeving, er noko av det eg vil finne ut av i denne oppgåva. Med Røldal som sentrum vil eg undersøke namnetilfanget der og hos dei to grannekommunane Vinje i aust og Suldal i sør.

1.1 Problemformulering og hypotesar

Eg har to hovudspørsmål i denne oppgåva. Det eine eg vil finne ut av, er korleis og i kva grad namnetilfanget blir modernisert i Røldal, Suldal og Vinje i løpet av 1800-talet. Desse bygdene har hatt mykje kontakt seg i mellom opp igjennom historia, sjølv om dei stort sett har vore isolerte om vinteren.

Eit anna relevant spørsmål blir då om denne kontakten har påverka namnetilfanget, og om Røldal, som grensar både til Hardanger, Ryfylke og Telemark, har mest til felles med Suldal eller Vinje. For at materialet ikkje skal verta for omfattande, er det nødvendig med nokre avgrensingar.

Først og fremst, har eg valt å konsentrere meg om kvinnenamna. Dei endra seg raskare enn mannsnamna, og det er oftast blant desse ein ser nye tendensar først. Eg har nytta folketeljningane frå 1801 og 1900 som kjelder til å laga frekvenslister av namnematerialet. Det finst òg ei folketeljning frå 1865 tilgjengeleg på nettet, men eg har ikkje nytta meg av denne til å undersøkje heile namnetilfanget. Med tanke på at eg har tre kyrkjesokn med i undersøkinga, blir det for omfattande. Likevel har eg brukt denne teljinga til å sjekke enkelte indikatorar på modernisering. I arbeidet med dobbelnamn har eg brukt kyrkjebøkene som primærkjelde.

Andre avgrensingar går på kva sokn som ligg under prestegjelda eg har valt ut. Dette skriv eg meir om i neste kapittel.

Nokre relevante forskingsspørsmål er:

(1) Kva kjenneteiknar kvinnenamna i Røldal, Vinje og Suldal på byrjinga av 1800-talet og i 1900? Dette går ut på kva namn som er mest populære, kva opphav namna har og kva for dialektale trekk som viser seg i namna.

(2) I kva grad blei kvinnenamna modernisert i desse prestegjelda? Dette inneber i all hovudsak kva slags avleiings- og dobbelnamn som finst i desse områda, og i kva grad dei nye skikkane blei brukt.

(3) Ser vi tendensar til nordisk namnerenessanse i nokre av prestegjelda? Dette trekket har eg valt å skilje frå resten av moderniseringa, då det ikkje er eit fenomen som kom utanfrå, men noko som berre skjedde i Norden.

(4) Liknar namnetilfanget i Røldal mest på det i Suldal eller Vinje? Dette inneber kva namn og namnetypar som finst i Røldal, samanlikna med dei to andre stadane.

Til spørsmåla ovanfor har eg nokre hypotesar. Sidan desse stadane har lege så skjermja til, reknar eg med at namnematerialet, spesielt i 1801, er svært tradisjonelt. Den første hypotesen er at (A) *namnetilfanget er tradisjonelt: dei nordiske namna står sterkt i desse prestegjelda, og dei kyrkjelege namna er stort sett slike som har vore i bruk lenge, og som har fått ei dialektform.* Når det gjeld forskjellar mellom stadane, er ein del av hypotesen at (B) *Vinje og Røldal er litt meir tradisjonelle enn Suldal, sidan sistnemnde ligg nærast kysten.*

Denne hypotesen byggjer eg blant anna på Kristoffer Kruken som skriv at dei nordiske namna heldt seg best i innlandet (1982: 61), og Vidar Haslum (2005), som rekna ut frekvensen av nordiske namn i desse bygdene ved å bruke *Noregs Matrikkel* frå 1906. Han fann ein frekvens på 78 prosent nordiske namn i Vinje, 62 prosent i Suldal og 60 prosent i Røldal (2005: 128). Men matriklar listar stort sett opp menn, sidan det oftast var dei som eigde eigedom, og difor er nok ikkje talet heilt likt for kvinnenamna.

Når det gjeld modernisering, er hypotesen at (A) *det har skjedd ei svak modernisering i namnebruken i løpet av hundreåret.* Det vil seie at dei tradisjonelle namna framleis står sterkt, men at det har kome inn nokre nye namn. (B) *Eg reknar med at Suldal er*

den staden der vi ser den største forandringa i namnematerialet, fordi det ligg nærare kysten og Stavanger.

Den tredje hypotesen er at *den nordiske namnerenessansen gjer lite ut av seg i desse områda, men det er små spor av den.* Denne tendensen kan bli vanskeleg å seie noko om, då desse stadane er kjent for å ha halde godt på dei nordiske namna fram til 1900-talet.

Den fjerde og siste hypotesen er at *Røldal sitt namnetilfang på 1800-talet er ei blanding av namn som er typiske for Sørvestlandet og Telemark, men det er mest vestlandsbasert.* Røldal var eit annekssockn til Suldal i fleire hundre år, og har difor hatt mykje kontakt med suldlane. I tillegg er dialekten til Røldal likare den i Suldal enn den i Vinje. Likevel skal vi ikkje sjå bort i frå at Røldal kan ha fleire nordiske namn til felles med Vinje, for begge var på denne tida fjellbygder, og isolerte store delar av året.

1.2 Kort om tidlegare forskning

Folketeljningane på 1800-talet har blitt brukt som grunnlag for fleire masteroppgåver ved Universitetet i Bergen dei siste åra, og det er her eg har funne inspirasjonen til mi oppgåve.

Halvor Gåsland leverte i 2011 ei masteroppgåve der han samanlikna namnetilfanget i Valdres og Lærdal i lys av moderniseringsprinsippa. Desse bygdene har hatt mykje kontakt historisk, sjølv om dei høyrer til kvar sin landsdel. Dermed er det mange likskapar med mitt prosjekt. Gåsland fann ut at dei mest frekvente namna som desse prestegjelda hadde til felles, var stort sett dei som var populære i heile landet. Likevel var det nokre typiske vestlandsnamn i Valdres og austlandsnamn i Lærdal.

Konklusjonen hans er at dei lokale namna som var på desse to stadane ikkje var blant dei mest frekvente, og at dette gjorde spreininga vanskelegare (2011: 137). Han fann òg ut at namnetilfanget vart mindre moderne i Vang enn i Lærdal på 1800-talet. Dette sette han i samband med at oppkallingsskikken framleis var viktig der, og at det var ei typisk fjellbygd som låg lengre frå kysten enn Lærdal (2001: 138).

Cecilie Frøysland leverte òg ei masteroppgåve i 2011. Den tok føre seg moderniseringstrekk i to vestlandsbygder på 1800-talet. Hennar prosjekt omhandla Jølster og Gloppen prestegjeld i Sogn og Fjordane. Ho fann ut at begge stadane gjekk igjennom ein moderniseringsprosess på 1800-talet, men at det var i Gloppen det skjedd først og i størst omfang. Dette kan ha samanheng med at Gloppen låg nærast kysten (Frøysland 2011: 111).

Den siste eg vil nemne som har levert masteroppgåve ved UiB, er Aina Silden Brekkhus. Våren 2012 leverte ho ei oppgåve om kvinnenamn på Voss og den nordlege delen av Indre Hardanger gjennom 1800-talet. Her hadde det òg skjedd ei modernisering, men det hadde ikkje skjedd noka stor utskifting av namnetilfanget. Namneforrådet var prega av stabilitet, og dei namna som utgjorde størsteparten av namneførekomstane i 1801, dekte òg ein stor del i 1865 og 1900 (Brekkhus 2012: 140).

Stine Albæk Christensen leverte i 2008 ei masteroppgåve ved Universitetet i Oslo, som samanlikna kystbyen Kristiansand og innlandsbyen Hamar ved å bruke 1900-teljinga. Ho kom fram til at forskjellane var mindre enn forventet, sjølv om Kristiansand hadde eit meir variert namneforråd enn Hamar (2008: 114).

Når det gjeld mitt geografiske område, er det lite som er forska på av namn her. Det einaste eg har funne er ei hovudoppgåve frå Universitetet i Oslo, skriven av Veslemøy Kvålen (1991). Ho undersøkte bruken av førenamn i Vinje i perioden 1900–85, og samanlikna det med nokre andre område. Sidan hennar undersøkingar startar der eg sluttar, vil eg ikkje nytta dette materialet som samanlikning til mitt eige. Likevel har denne oppgåva vore til god hjelp når det gjeld den lokale uttalen av namna (jf. 1991: 50–52).

Forsking som gjeld teori, opphav og modernisering vert presentert fortløpande gjennom oppgåva. Likevel vil eg først nemne at eg har hatt svært god nytte av innleiingskapitla til *Norsk personnamnleksikon*¹ (1982), spesielt dei som er skrivne av Kristoffer Kruken og Terje Aarset.

¹ Frå no forkorta til NPL.

2. Presentasjon av dei tre prestegjelda

2.1 Røldal

Røldal har vore ei isolert bygd opp igjennom tidene, det var til dømes den siste kommunen i Hordaland som fekk straum, i 1958 (Bjørsvik 2006: 62). I 1964 vart Røldal slått saman med Odda kommune. Utanom Odda, grensar Røldal til Ullensvang i nord, Vinje i aust og Sauda og Suldal i sør.

Sjølv om Røldal har lege skjerma til, har det likevel vore ting som har fått folk til å dra dit. Røldalskyrkja vart bygd allereie på 1200-talet, og den står der den dag i dag. ”Så tidleg som kring år 1300 synest kyrkja vera kjend som ein heilagdom på same måte som Tomaskyrkja på Filefjell, Fana kyrkje ved Bergen og fleire andre” (Dalen & Dalen 1960: 75). Pilegrimar kom frå både nord og sør for å bli lækte av krusifikset i kyrkja. Valfartinga til Røldalskyrkja varte til lenge etter reformasjonen, sjølv om bispane var sterkt imot det. Etter reformasjonen hadde ikkje Røldal eigen prest og var eit anneksokn til Suldal. Presten der kom på vitjing berre ein tur i året fram til 1700, og to til tre gongar i året frå då og fram til Røldal på ny fekk eigen prest i 1849. Dette førte til at presten ikkje kunne kontrollere det som skjedde i anneksoknet, og difor kunne pilegrimane komme utan å bli vist bort. Det gjorde dei heilt fram til sistemann vart nekta av den nye presten i 1850.

Grunnen til at presten kom så sjeldan til Røldal, var dei geografiske og klimatiske tilhøva. Frå Suldal må ein over Suldalsfjellet for å komme til Røldal, noko som var vanskeleg om vinteren med snø og is. Om sommaren tok turen to dagar kvar veg med hjelp av hest og båtskyss. I 1849 vart det drøfta om Røldal skulle leggjast til Kinsarvik soknekall, eller slåast saman med Sauda eller Odda til eit nytt prestekall. Desse planane let seg ikkje realisera, difor fekk Røldal ein ”hjelpепrest” som ei midlertidig ordning. I 1863 vart Røldal lagt til Hardanger og Voss prostedistrikt i Bjørgvin bispedøme, og i 1885 vart Røldal sokn skilt ut frå Suldal og rekna som eige prestekall (Dalen & Dalen 1960: 105).

Sjølv om Røldal var nokså isolert i vinterhalvåret, var somrane fylt med fleire tradisjonsrike hendingar. ”Det var alltid festdagar medan presten vitja bygda. Jul,

påske, pinse var nok høgtidsdagar, som etter gammalt var feira i heimane. Men når presten kom, hadde folk sine *kyrkjelege festdagar*” (Dalen & Dalen 1960: 82).

Røldalsmarknaden var ein annan tradisjon som gjekk føre seg kvar sommar. Det er ukjent kor gammal denne marknaden er. Knut og Alma Dalen (1960) spekulerer på om den kan ha sitt opphav før kristen tid. Røldal var den perfekte staden for ein slik marknad om sommaren ”for her møttest vegane frå dei indre bygdene i Ryfylke, Sunnhordland og Hardanger med vegane frå Setesdal, Telemark og Numedal” (Dalen & Dalen 1960: 152). Austlendingane kom med vilt og skinn, medan vestlendingane hadde med seg fisk, sild og salt. Handel av fjordhestar var òg ein viktig del av marknaden. På Røldalsmarknaden fekk bøndene bytta til seg eller kjøpe varer det ikkje var lett å oppdrive i heimbygda.

Marknaden førte òg med seg slåstkjemper og bråk, og det hende at nokon måtte bøta med livet etter dragsmåla. Det var òg slik at dei som kom til bygda for å omsette hest og fe, reiste med dyra over åker og bø som tilhørte bygdefolket. Dette gjorde stor skade på korn og gras, og bygdefolket såg seg leie. Dei starta kampen om å få nedlagt marknaden på byrjinga av 1700-talet, men det var ikkje før i 1809 den siste marknaden vart halden. Likevel heldt Røldølane fram med driftehandel. ”Mennene kjøpte opp kyr, okser og hester i Hardanger, Telemark og andre bygder, om høsten solgte de dem på Vestlandet” (Christensen 1972: 17).

Folketalet i Røldal var 392 personar i 1801, men hadde auka til heile 922 i 1855 (Christensen 1972: 14). I dei neste tiåra var bygda sterkt prega av fattigdom, og i 1890 hadde folketalet berre auka til 956 personar. ”Røldal var nå kommet over den værste fattigdommen, først og fremst skyldes dette at veiarbeidene fra 1860 til 90 ga inntekter til mange familier” (Christensen 1972: 14). 840 personar er registrert i 1900-teljinga, dette har nok samanheng i at mange hadde emigrert på 1890-talet, og at vegarbeidet vart ferdig. I 1950 var folketalet 715 personar, ein svak nedgang i løpet av 50 år.

Ifølgje *Statistisk sentralbyrå* (SSB) var folketalet i Røldal 354 personar pr 1.1.2011. Bygda er no ein tettstad i Odda kommune.

2.2 Suldal

Suldal kommune ligg i Ryfylke i Rogaland. I dag er dei gamle kommunane Sand, Erfjord og Jelsa ein del av kommunen, og Sand er kommunesenteret. Mitt prosjekt omhandlar det som var ”gamle” Suldal kommune, det vil seie før samanslåingane i 1965. Utanom desse gamle kommunane, grensa Suldal til Røldal, Sauda, Bykle i Setesdal og Vinje i Telemark. Sauda var eit kyrkjesokn under Suldal prestegjeld fram til 1842, men er ikkje tatt med i mine undersøkingar.

Suldal var veldig lenge eit tradisjonelt bondesamsfunn. Då folketalet auka på 1800-talet, var det mange herfrå som emigrerte til Amerika. Frå 1849 til 1900 reiste over 500 suldølingar til Amerika, og ein kan trygt seie at det er fleire av Suldalsætt i Amerika enn i gamle Suldal (Hoftun 1972: 46–47).

Når det gjeld kontakt med omverda, har Suldal vore ein stad der folk på andre sida av fjellet har kome ned når dei skal vidare til kysten, eller dei har kome til bygda for å skaffe seg varer dei ikkje hadde sjølv. Kontakten med Telemark har ifølgje Johan Veka (uå) halde på sidan dei tidlegaste tider, og han grunngjev dette med fornfunn frå vikingtida langs fjellvegen mellom Flothyl i Vinje og Jordebrekk i Suldal. Veka (uå: 29) hevdar òg at det finst ein variant av Draumkvædet der suldalsgarden Austarå er nemnd. I tillegg er det verdt å nemnde at den eldste trebygningen i Rogaland står i Suldal, nemleg Guggedalsloftet. Det er frå 1400-talet og har typisk telemarkstil, truleg er det bygd av ein telemarking.

Det gjekk ein veg frå Bråtveit i Suldal til Vatndalen i Bykle. Denne blei nok mest brukt av setesdølane for å komme seg til kysten og Stavanger. Det finst òg historier om at folk frå Bykle har kome til kyrkja i Suldal for å gifte seg, fordi dei var utan prest i periodar (dette var i hundreåra før mine undersøkingar). Men det var nokre rogalendingar som hadde sauer på dei store og gode beita i Bykleheiane i sommarmånadane, og dei hadde soleis kontakt med setesdølane.

Folketalet i Suldal var 1234 personar i 1801 og auka til 2131 personar i 1900 ifølgje folketeljingane. Før kommunesamanslåinga i 1965 var det 1375 personar i Suldal.

Dermed ser vi at på same måte som i Røldal har folketalet auka fram til 1900-talet, medan det har gått ned når vi passerer midten av 1900-talet.

2.3 Vinje

Vinje kommune ligg i Vest-Telemark, og omfattar etter 1964 òg det som tidlegare var Rauland kommune. Det er i dag ein av dei største kommunane i Sør-Noreg, og grensar til fire fylke. Gamle Vinje kommune, eller Vinje prestegjeld som eg har med i mitt arbeid, grensa til det som i dag er Tokke kommune, i tillegg til Seljord, Bykle, Odda og Ullensvang. Rauland grensar til Tinn og Nore og Ulvdal kommunar.

I 1801 inneheldt Vinje prestegjeld Rauland og Nesland sokn, i tillegg til hovudsoknet. I 1859 blei Rauland skilt frå Vinje, og vart eit eige prestegjeld. Eg har ikkje tatt med Rauland sokn i utvalet mitt. Ein av grunnane er at det blir veldig mange belegg, samanlikna med dei andre stadane, og at det var veldig lett å sortere ut soknet i 1801-teljinga. I 1850 vart det oppretta eit nytt sokn då det kom ei ny kyrkje i Grungedal. Dermed er det sokna Vinje, Nesland og Grungedal som er med i 1900-materialet.

Landskapet i Vinje er, som dei andre to stadane, prega av fjell og dalar, men her ligg nokre gardar så høgt oppe som 1000 meter over havet. Området har rike tradisjonar. To av grunnane er det høge talet på før-reformatoriske bygningar og overlevering av gamle viser og forteljingar, til dømes *Draumkvedet*. I dag er Vinje kjent for den karakteristiske dialekten og er ein populær stad for vintersport.

Før vegane kom, gjekk samferdsla med Vestlandet anten over Hardangervidda til Ullensvang, eller ned til Røldal og vidare til Sunnhordland. Eit tredje alternativ var til Suldal der ein lett kom seg vidare i Ryfylke og til Stavanger. I Vest-Telemark kalla dei vestlendingane for *Nordmänner* i eldre tid. ”Bygdane fraa Sogn og Fjordane og radt sud til Ryfylke slo telemarkingene i eitt og kalla det ”Nórlande”; den som reiste der hadde vori nordanfjells” (Berge 1944: 3). På Vestlandet heite telemarkingane *austmennar*, dette finn vi blant anna i stadnamnet *Austmannalia* i Røldal. Når *austmennene* drog på handelstur *nordafjells*, var det ofte fjordhesten dei var ute etter. Denne var visst ”som skapt for fjellbygdene” (Berge 1944: 14).

Kontakten med Setesdal omtalar Richard Berge slik: ”Samkvæmet med Agdir tykkjest hava vori mindre enn med Hardang og Ryfylke” (1944: 5). Men han legg til at det kom ein del arbeidsfolk, sokalla vestkarar, frå Setesdal i hundreåra etter reformasjonen. Vinje har alltid hatt mykje kontakt med grannebygdene i Telemark, og desse har mykje til felles når det gjeld kultur og skikkar.

Folketalet i Vinje prestegjeld i 1801, utan Rauland sokn, var 1244 personar, medan det i 1900 hadde auka til 1753 personar. Her har folketilveksten ikkje vore like ekstrem som i Røldal og Suldal i same periode. Året før kommunesamanslåingane hadde Vinje 2556 innbyggjarar, og dermed viser det seg at ein ikkje har opplevd den same fråflyttinga her som dei to andre stadane.

3. Teori og metode

3.1 Normalisering

Når vi jobbar med namnelister, får vi ofte eit problem med å finne ut kva for namn som skal slå saman. Dette må blant anna vurderast i samanheng med kva tidsepoke materialet er i frå. Det er forskjell på kva namn som kan oppfattast som det same på 1600-talet, 1800-talet og i dag. Døme på dette er *Kari* og *Karen*. Førstnemnde er ei norsk form av *Katarina*, og sistnemnde er ei dansk form av same namn. For oss i dag er dette to heilt klart forskjellige namn, men på 1800-talet vart dei blanda i hop på grunn av at mange prestar brukte danske skriftformer.

I talemålet følgde namna med i språkutviklinga frå norrønt over mellomnorsk til dei nynorske dialektane. Da skriftspråket samtidig vart dansk, kom dei rådande stavemåtane i kjeldene til å vike til dels markert av frå dialektformene av namna. [...]. Generelt må kjeldene brukast med den største varsemnd når ein skal prøve å få eit bilete av den *levande* namneskatten t.d. i ei bygd for 150-200 år sidan. (Kruken 1982: 45)

På grunn av dansk skriftspråk og ulike nedskrivningar delvis basert på dialekt, kan vi oppleve at ein og same person dukkar opp i forskjellige kjelder med forskjellige variantar av namnet. I folketeljinga for Røldal og Suldal i 1801 er det forma *Karen* som er brukt, men når vi ser i kyrkjebøkene frå slutten av 1700-talet er det forma *Kari* som dukkar opp. I Vinje er *Kari* brukt i begge folketeljingane. Difor har eg valt å slå saman *Kari* og *Karen* og bruke den norske forma *Kari* i alle prestegjelda.

Når ein normaliserar er det viktig å vere konsekvent med kva prinsipp ein brukar. Går vi ut i frå etymologien til namnet, er det mange namn som må slåast saman, døme på dette er *Katarina* og *Kari*. Gudrun Utterström hevdar i boka *Dopnamn i Stockholm 1621–1810* at: ”Vissa namnforskare tar det etymologiska sambandet som utgångspunkt for normalisering. Det är en enkel metod. För enkel när man vill göra en mångsidig och grundig undersökning” (1995: 18). Det altså ikkje hensiktsmessig å slå saman *Katarina* og *Kari*, ifølgje Utterström. Når det gjeld ulike vokalendingar, skil ho dei frå kvarandre slik:

Former som *Caspar* och *Casper*, *Otto* och *Otte* betraktar jag som olika namn eftersom *a* och *o* knappast kan förutsättas vara uttryck för samma fonem som *e* vid den tid det gäller. Också namn som *Emilia* och *Emilie* har betraktats som olika namn av likartade skäl. (Utterström 1995: 19)

Ulike endingar slik som *-o*, *-a*, og *-e* skil ho altså i frå kvarandre, medan ortografiske ulikskapar som *Ingrid*, *Ingridh* og *Ingri* har ho normalisert til ei form (Utterström 1995: 19).

Eva V. Meldgaard har i boka *Studier i københavnske fornavne 1650–1950* (1990) lagt moderne uttale til grunn for normaliseringa ”Navneformer der i moderne dansk udtale kan skelnes fra hinanden betragtes som selvstendige leksikalske navne lige fra de ældste perioder” (Meldgaard 1990: 98). Dermed slår ho ikkje saman namn som endar med *-a* og *-e*. Dei samanslåingane ho gjer er stort sett ortografiske, slik som *Cristine–Christine* og *Solvej –Solveig*.

Med tanke på mitt materiale, som er frå bygdesamfunn i Noreg på 1800-talet, passar ikkje Meldgaard si løysing heilt inn. Det er fordi det var stor forskjell på by og bygd på denne tida. Både Utterström og Meldgaard har materiale frå bysamfunn, der folk kan ha vore meir klar over dei ulike formene av namna enn dei var på bygdene.

I motsetning til Utterström og Meldgaard, har Kristoffer Kruken (1982) basert seg på ei meir etymologisk samanslåing. Han hevdar at sidan skrivemåten på 1700-talet var mykje friare enn no, bør ein etymologisere noko meir når ein skal drøfte namn ut frå den tids tilhøve. ”Såleis bør t.d. *Berit*, *Berte* og *Brita* reknast som eitt namn med vekslande former frå landsdel til landsdel, og dobbeltformer som *An(n)e* og *Anna*, og *Karen* og *Kari* bør slåast saman” (Kruken 1982: 53).

I normaliseringa har eg lagt meg på ei linje midt i mellom Utterström og Kruken. Eg slår saman vokalendingane *-e* og *-a* i namn som *Marte/Marta*, *Marie/Maria* og *Gurine/Gurina* til den mest frekvente forma. Namn som er etablerte kortformer i prestegjelda, slik som *Gunla* av *Gunnhild* og *Magda* av *Magdalena*, held eg kvar for seg.

Når det gjeld *Mart(h)e* og *Mart(h)a*, må ein vere oppmerksom på at namna kan ha forskjellig opphav. *Marte* er ei nordisk form av *Margareta*, som har vore svært populært sønnafjells i etterreformasjonsk tid (NPL 1995: 197). *Marta* er eit hebraisk namn frå bibelen, og vart mykje nytta på 1700- og 1800-talet, men kan òg vere ei sideform av *Marte* (NPL 1995: 197). I mitt materiale ser det ut som om *Marta* tar over for *Marte* i løpet av 1800-talet. Men sidan Suldal og Røldal har a-mål, er det vanskeleg å seie om *Marte* berre var ei skriveform tidlegare. I Røldal i 1801 er det forma *Marte* som er i bruk, det same ser vi i Suldal, men med eitt unntak. Prestekona står oppført som *Martha*. Når ein tar omsyn til dette, var det truleg *Marte* som var uttalen på den tida. I 1900 er det berre *Marta* i begge desse prestegjelda². I Vinje er det ingen belegg på verken *Marta* eller *Marte* i 1801, men i 1900 er det femten *Marta* og to *Marte*. Av dei to som står oppført som *Marte* er den eine døypt det, medan den andre er døypt *Marta*. Med bakgrunn i dette har eg har valt å normalisere til *Marte* i 1801 og *Marta* i 1900 i alle prestegjelda (sjå vedlegg, kap. 15.3.2).

Forskjellige ortografiske former som *Ingbor* og *Ingeborg*, *Ragnil* og *Ragnhild*, *Ambjør* og *Ambjørg*, slår eg saman til den mest frekvente forma. Nedskrivarane på denne tida, spesielt i 1801, hadde ingen skrivereglar for namna, og difor er det mange variasjonar av det som openbert var same namn. Nokre nedskrivarar baserte seg meir på uttalen enn andre. Resultatet er slike former som vist ovanfor, men òg variasjonar av vokalar i byrjinga av, og inne i namna slik som i *Gunne/Gonne*, *Guri/Gyri* og *Inger/Enger*. I desse tilfella normaliserer eg òg til den mest frekvente forma.

3.2 Folketeljningane som kjelde

Ved reskript av 28. november 1800 vart det utsendt kongeleg befaling om å halda folketeljning i Danmark, Noreg og på Island den 1. februar 1801. Resultatet vart den første nominative folketeljninga i Noreg, dvs. den første teljninga som inneheld namn og andre opplysningar for kvar einskild innbyggjar i landet. (SSB 1980: 9)

² Det er ei i Suldal som står oppført som *Marrte*, men ved å finne dåpen hennar i kyrkjeboka kan vi sjå at ho òg vart døypt *Marta*.

Dette var bakgrunnen for den første folketeljinga i Noreg som tok med alle innbyggjarane. Tidlegare hadde ein ført manntal og matriklar, men der tok ein berre med menn og dei få kvinnene som sto oppført som gardeigarar.

I 1801-teljinga står personane oppført med namn, hushaldsstilling, alder, sivilstand, yrke, kjønn og kva gard dei haldt til på når teljinga vart gjennomført. Det var soknepresten som administrerte teljinga saman med lensmann og ordførar, medan det var skulelærarar og andre utvalte personar som utførte sjølve teljinga.

Seinare hadde ein fleire landsomfattande folketeljingar, blant anna ei i 1900 som eg skal nytte meg av. Den registrerte alle innbyggjarar i riket natt til måndag 3. desember 1900. Her får ein, i tillegg til dei same opplysningane som i 1801-teljinga, vite kvar personane vart fødd og kva religion dei tilhørde. Desse teljingane er tilgjengelege på digitalarkivet.no, og det er her eg har henta mitt materiale.

Det har vore diskusjon om namneberarane opplyste om alle namna sine når listeføraren kom innom. Gulbrand Alhaug (2003/04: 67) tar opp dette temaet, noko som eg skriv meir om i kapitlet om dobbelnamn (kap.10).

Digitalarkivet held i desse dagar på med å lage nye nettsider for folketeljingane på 1800-talet. Når eg skriv dette, har dei fleste teljingane gått over til nye sider med nytt søkjeutsnitt. Desse sidene er vanskelege å bruke til namneforskning, då søkjeutsnittet er endra og forenkla. Heldigvis ligg dei ”gamle” sidene der enda, og eg vil no forklare korleis eg har brukt dei til å finne materialet mitt og laga namnelister ut i frå dei.

Vi tar 1801-teljinga i Røldal som eit døme. I 1801 var Røldal eit annekssockn til Suldal, dermed må ein inn på teljinga for 1134 *Saledahl* og bruke søkefunksjonen ”nytt gardssøk”. Der velgjer ein under A ”sokn” og B ”børjar på”, deretter skriv ein ”R” for Røldal i felt C. Då får ein opp eitt treff, nemleg ”*Røldahl*”. Når ein har valt dette kan ein søkje vidare. Då velgjer ein under ”nytt personsøk” A ”kjønn”, B ”er lik” og C ”k” for kvinne. No kjem det opp ei liste med all informasjon om alle som er oppført som kvinner i folketeljinga. For å få opp berre førenamna velgjer ein A ”Førenamn”, B ”børjar på vis” og lar felt C stå tomt. Neste side viser då ei alfabetisk

liste med alle førenamna, og kor mange som har kvart namn. Denne lista kopierte eg inn i *Excel*, og starta med å slå saman namn og namneformer.

3.3 Namn som blir blanda saman

Det er fleire namn som blir blanda saman i kjeldene, og difor kan det vere vanskeleg å seie om det er fleire variantar av eitt namn eller fleire sjølvstendige namn. Det første døme på namneformer som typisk blir blanda saman i kjeldene er *Brit(h)a*, *Britta/-e*, *Birt(h)e* og *Ber(h)te/-a*. Desse namna er heimlege former av *Birgitta*, bortsett frå *Birte*, som er ei dansk form (NPL 1995: 48). I mitt materiale dukkar alle desse formene opp, men det er nokre geografiske skilnader. *Brita* er sterkt representert i Røldal og Suldal i begge folketeljingane, med ei plassering som ikkje går lågare en fjerdeplass. Likevel finn vi òg nokre få belegg på *Berte* i desse to prestegjelda. I Vinje, er det *Birte* i 1801, og både *Berte* og *Brita* i 1900. Talet på belegg kan ein sjå i tabellen under.

	Røldal 1801	Røldal 1900	Suldal 1801	Suldal 1900	Vinje 1801	Vinje 1900
Brita/Britta/e	17	37	65	59	0	4
Birthe/Berta/e	0	2	1	9	3	4

Tabell 1. Oversikt over *Brita/Britta/e* og *Birthe/Berta/e* i prestegjelda.

Ifølgje NPL, har *Berte/-a* to opphav slik det er brukt i Noreg. Først og fremst som ei austlandsk kortform av *Birgitta*, men òg tysk kortform av namn på *Bert-*. ”*Berte* var svært vanleg på Austl alt på 1600- og 1700-t. Det utgjorde da ein parallell til *Brita* på Vestl og *Berit* nordafjells” (NPL 1995: 46). Ved å bruke kyrkjebøkene opp mot folketeljingane, har eg undersøkt om *Berte* og *Brita* er same namn i Røldal og Suldal. Begge stadar er det samsvar mellom folketeljinga og kyrkjeboka, dei som er oppført som *Britta* eller *Brita* i folketeljinga, er òg døypte det, og dei som er oppført som *Berte* er døypt dette (sjå vedlegg, kap.15.3.1)

Birte finn vi berre i Vinje i 1801, men her er det nok ein skriftvariant av austlandsvarianten *Berte*. Det er ikkje belegg på *Brita* eller *Berte* i denne folketeljinga. I 1900-teljinga for Vinje er det fire belegg på *Brita* og fire belegg på *Berte*. Av belegga på *Brita* er det to som er frå Røldal, ei frå Eidfjord, og den siste har

foreldre frå Røldal. Dette viser at *Brita* ikkje har hatt nokon lokal tradisjon i Vinje, men at *Berte* kan ha hatt det. Likevel er det *Birgit/Bergit* som er den vanlegaste forma av *Birgitta* i Vinje.

Eg har kome fram til at *Berte* i Røldal og Suldal mest sannsynleg er ei tysk kortform av namn som byrjar på *Bert-*, men i Vinje reknar eg det som ei form av *Birgitta*, slik det er elles på Austlandet. Grunnen til denne tolkinga i Vinje, er at det er forma *Birte* som er brukt i 1801, noko eg meiner er det klaraste teiknet til at det ikkje er same namn som i Suldal og Røldal. Dette inneber at sjølv om *Brita* og *Berte* kan ha same etymologiske opphav, har eg valt å halde dei frå kvarandre i listene.

Eit anna døme på namn som blir blanda saman både i kyrkjebøker og folketeljingar, er *Siri* og *Sigrid*. I 1801-teljinga er det berre ei form i kvart av dei tre prestegjelda. I Røldal og Suldal er det *Siri*, medan det er *Sigri* i Vinje. I løpet av 1800-talet skjer det noko, og i 1900-teljinga har forma *Sigrid* komme til i Røldal og Suldal. Ein teori kan vere at den nordiske namnerenessansen har hatt ein viss innverknad, men ved å sjekke når dei første som er oppført som *Sigrid* vart fødd, finn ein ut at dette mest sannsynleg ikkje er tilfelle. Den eldste i Røldal med den forma er født i 1843, og ein kan rekne med at den nordiske namnerenessansen ikkje viste tendensar i Røldal før fleire tiår seinare.

	Røldal 1801	Røldal 1900	Suldal 1801	Suldal 1900	Vinje 1801	Vinje 1900
Siri	8	9	44	34	0	0
Sigri(d)	0	9	0	13	35	57

Tabell 2: Oversikt over *Siri* og *Sigri(d)* i prestegjelda.

Til skilnad frå *Marte/Marta* ser det ikkje ut som om *Sigrid* har tatt over for *Siri*. I 1900 er det ni *Siri* og ni *Sigrid* i Røldal. I Suldal er det 34 *Siri* og 13 *Sigrid*, medan det i Vinje framleis berre er *Sigrid*. Ved å undersøkje kyrkjeboka og finne dåpen til dei ni i Røldal som i folketeljinga står oppført som *Sigrid*, ser ein at dei faktisk er døypt *Sigrid*. Ved å undersøkje dei som er oppført som *Siri*, finn vi at tre av dei er døypt *Sigrid*, medan resten stemmer med folketeljinga (sjå vedlegg, kap. 15.3.4). I Suldal blir det mykje meir omfattande å samanlikne alle *Siri* og *Sigrid*, sidan det er så mange belegg. Etter å ha tatt nokre stikkprøver i kyrkjeboka, ser eg at namna blir blanda her òg. Blant anna blir eitt dåpsbarn i 1883 omtala som *Sigrid Oline* i ministerialboka og

Siri Oline i klokkearboka. Difor har eg valt å slå saman desse to namna i normaliseringa.

Elisabet(h) finn vi i 1801-teljinga i Suldal, men ikkje i dei andre prestegjelda i denne teljinga. Når vi kjem til 1900 er det eitt belegg på *Elisabeth* i Røldal, men framleis ingen i Vinje. I Suldal finn vi no både *Elisabeth* og *Lisabet(h)*. Sidan det står *Lisabeth* og ikkje *Lisbeth*, ville eg undersøkje kyrkjeboka for å finne ut om dette kunne vere same namn. Resultatet var at ja, desse formene blir blanda. Nokre av dei som står oppført som *Elisabeth* i folketeljinga var døypt *Lisabeth*, og omvendt (Sjå vedlegg, kap. 15.3.6). Ein kan berre spekulere på grunnane til dette, men det verkar som om nokre prestar brukte den eine forma, medan andre føretrekte den andre forma. Det har nok òg vore ulik praksis hos dei som gjennomførte folketeljingane. Sidan det er flest *Lisabeth*, har eg slått dei saman og brukt den forma i 1900.

Dei siste to namna som er undersøkt nærare, er *Ingeborg* og *Ingebjørg*. I 1801-teljinga for dei tre prestegjelda er det formene *Ingbor*, *Ingebor* og *Ingeborg* som er nytta. I 1900-teljinga er det framleis *Ingeborg* i Røldal og Suldal, medan Vinje har både *Ingeborg* og *Ingebjørg*. Ifølgje NPL er *Ingebjørg* ofte skrivne *Ingeborg* frå 1300-talet av. *Ingeborg* har kome i sjølvstendig bruk seinare (NPL 1995: 138). Den lokale uttalen i Vinje har vore *Enjebjør* (Kvålen 1991: 51), og det ser ut som *Ingeborg* berre har vore ein skrivemåte her, til og med i 1900. Når ein ser i kyrkjeboka, står det stort sett *Ingebjørg*, men det ser ut som om nokre av prestane har føretrekt forma *Ingeborg* (sjå vedlegg, kap. 15.3.5). Difor har eg valt å normalisere til *Ingebjørg* i Vinje i 1900-teljinga, medan eg har normalisert til *Ingeborg* i Røldal og Suldal.

3.4 Kva for eit namn er dette?

Enkelte namn har vore vanskelege å finne ut av. Når eg ikkje har funne namnet i NPL eller Eivind Vågslid sine namnebøker *Norsk navnebok – Døypenovn med tydingar* (1930) og *Norderlendske fyrenamn* (1988), har eg brukt andre kjelder slik som kyrkjebøker og bygdebøker for å finne ulike variantar av namnet. Kyrkjeboka er den sikraste kjelda av desse, men det å finne folk som er oppført i folketeljinga i 1801 igjen i kyrkjeboka, kan vere svært vanskeleg. For det første byrjar ikkje kyrkjebøkene før 1770–80-talet, slik at personane må vere under ein viss alder for at ein kan finne

dei. Det andre momentet er at desse eldste kyrkjebøkene er uoversiktlege og ofte skrivne med ei ganske slurvete skrift. Om personen ikkje blir funnen i kyrkjebøkene, ser eg i folketeljninga kvar personen bur, når ho er født, og kven som er i familie med ho. Då er det lett å finne garden i bygdeboka og leite seg fram til rett person for å sjå kva namn som er oppført. Sidan bygdebøker er skrivne av personar med sterk lokal tilknytning og stor kjennskap til bygda, ser eg på dette som ei påliteleg kjelde.

3.4.1 Røldal 1801:

I 1801-teljninga for Røldal dukkar namnet *Øja* opp med eitt belegg. Det er *Øja* Nielsdatter, 47 år. Sidan kyrkjebøkene for Røldal ikkje finst før 1780 og mannen hennar ikkje eig ein gard, er folketeljninga den einaste kjelda. Det står ingenting om namnet i NPL, men i *Norderlendske fyrenamn* (1988) av Eivind Vågslid står forma *Øyja*, som mest sannsynleg er ei kortform av namn på *Øy-* (1988: 410). Det kan òg vere ei form av *Øyond*, som står i lista i *Røldal Bygdebok* over namn som har vore i bruk i soknet (Dalen & Dalen 1960: 52), og som er i bruk i Vinje på det same tidspunktet. I 1865-teljninga for Røldal er det eitt belegg på *Øiaan*, og eitt på *Øiaand*, dermed er det mest sannsynleg dette namnet *Øja* står for i 1801. Det er uansett ikkje nokon tvil om at det er snakk om eitt nordisk namn, og sidan verken *Øyja* eller *Øyond* er representert i denne folketeljninga, treng eg ikkje tenkje på å slå det saman med noko.

Aasri finn ein òg i denne folketeljninga. Dette er *Aasri* Andersdatter, 49 år, busatt på *Horra* (Håra). Førsteintrykket var at dette kunne vere ein skrivevariant av *Astrie*, men i bygdeboka står ho oppført som *Åsne* (Dalen & Dalen 1960: 400). Vidare sjekka eg opp dåpen til eine sonen i kyrkjeboka, og fann ho oppført som *Åsne* (*Aasne*) der òg. Difor er *Aasri* retta til *Aasne*.

3.4.2 Suldal 1801:

I 1801-teljninga for Suldal er det eitt belegg på *Volfri*. Dette er *Volfri* Oddsdatter, 36 år. Dette namnet står verken i NPL eller hos Vågslid. Difor skreiv eg berre inn ”*Volfri* Suldal” i søkefeltet på google.com. Søket fekk eitt treff, nemleg ei slektsside der same *Volfri* er oppført, men òg med fleire namn. ”*Malfri* Oddsdotter was born in 1765 and died in Austarå, Suldal, Rogaland, NOR. Other names for *Malfri* were *Molfri* and

Volfri” (Helgeland 2011). Det står òg oppført når ho gifta seg, og då fann eg det lett i kyrkjeboka, der ho står oppført som *Molfri*. Dermed er det nok snakk om anten lesefeil eller tastefeil av dei som har digitalisert folketeljninga. På grunnlag av dei overnemnte opplysningane er *Volfri* retta til *Molfri*.

Gaula dukkar òg opp i denne folketeljninga. Dette er Gaula Torsdatter, 54 år, busett på Galland. Kyrkjebøkene i Suldal byrjar i 1777, og det er difor ikkje mogleg å spore ho opp der. I bygdeboka, derimot, er ho oppført som *Gunla* (Hoftun 1972: 176). Dette er mest sannsynleg rett, og feilen vart nok gjort under digitaliseringa. Dermed har eg slått *Gaula* i lag med *Gunla* i listene.

Gunlei har to belegg, og ein tanke var at det dreia seg om ei feilskrivning/tolkning av *Gunnhild* eller *Gunne*. Etter å ha funne namnet i kyrkjeboka i forma *Gunlei*, tok eg avgjersla at det er eit eige namn. Denne forma står ikkje i NPL, men i Eivind Vågslid (1930), finn ein namnet *Gunnleiv*, og det står nemnd at namnet var i bruk i Rogaland i 1740-åra (1930: 8). Det er difor sannsynleg at det er dette namnet som finst i Suldal. Under namneleddet *-leiv* i NPL står det at norrønt hadde forma *-leifr* i mannsnamn, og *leif* i kvinnenamn, men at den skilnaden seinare gjekk bort (1995: 178). Dermed kan dette vere ein lokal variant av *Gunnleif*, og det får difor stå som eit sjølvstendig namn.

Ambiørn er eit namn der ein først tenker at det må vere feil kjønn, men slik var det ikkje. *Ambiørn* Odsdatter, 13 år i folketeljninga, finn ein òg i bygdeboka, der oppført som *Ambjørg*. Det er ingen kommentarar eller teikn til feil i kjelda i folketeljninga. Difor er det truleg ein skrivefeil, og *Ambiørn* blir slått saman med *Ambiør*.

Harlis og *Arlis* er to namn med eitt belegg kvar, som truleg dreier seg om same namn. *Harlis* Ormsdatter, 42 år, er i bygdeboka oppført som *Haldis*. *Arlis* Pedersdatter er litt verre å spore opp, då ho er 85 år og står oppført i folketeljninga som ”Inderste og nyder almisse af sognet”. Ei alternativ tolking til *Arlis* er at det kan vere *Alis*, men sidan det namnet ikkje har belegg i Suldal i mine undersøkingar, har eg valt å slå *Arlis* saman med *Harlis*, i tydinga *Haldis*.

Otloug, som har eit belegg, er eit siste namn som det var vanskeleg å finne ut av. Dette er *Otloug Leifsdatter*, som var 10 år i 1801. I bygdeboka står ho oppført som *Olaug*, men eg finn ho ikkje i dåpslistene. I *Norsk Navnebok* (1930) av Eivind Vågslid, finn ein *Otloug* som ein skrivemåte av *Åslaug*. Sidan det berre er eitt belegg, og liten tvil om at det er noko anna enn nordisk, lar eg det stå.

3.4.3 Vinje 1801:

I denne folketeljinga er det få problem, men det er nokre som er verdt å nemne. Det er to former eg vurderte å slå saman, nemleg *Aasil* og *Asle*. Tanken, var at *Asle* var ei forkorting av *Aasil*. Men ifølgje NPL er dette to forskjellige namn. *Asle* er eigentleg ei form av norrønt *Atla*, men bruksmønsteret tyder på at det er ei avslipt form av *Aslaug* (NPL 1995: 36). Då kjem spørsmålet om det skal slåast saman med *Asloug*. *Asle* verkar sjølvstendig, og det står omtalt i *Norderlendske fyrenamn* (1988: 40) som eit namn som var i bruk i Telemark, difor blir det ståande i ei eiga form.

Tordond er òg ei form som dukkar opp her. Dette er mest sannsynleg ei feilskrivning av *Taarond*, som er ein versjon av *Torunn*. Lokal uttale er ”Tårånn” (Kvålen 1991: 52). Det som kanskje har skjedd her, er at d’en har kome med utan at den skulle det når folketeljinga vart digitalisert. Difor slår eg det saman med *Taarond*.

Cids. er oppført aleine, sjølv om ein kanskje skulle tru ei slik forkorting sto som andre namn i dobbelnamn. Det er nok *Cidsel* det er snakk om, difor har eg slått det saman med det.

3.4.4 Røldal 1900:

I denne folketeljinga, finn vi dei tre variantane *Gunne*, *Gonne* og *Ganne*. Eg stussa litt på sistnemte form, sidan det ikkje er noko som tilseier at uttalen er slik. Variasjonen *u-o*, er derimot vanleg i listene frå dette området, mellom anna i *Gunhild/Gonhild*. I kyrkjeboka finn vi dei to som er oppført i folketeljinga som *Ganne* innskrivne som *Gunne*. Dermed blir *Ganne* slått saman med *Gunne* og *Gonne*.

Laava er eit namn som har eitt belegg i denne folketeljinga. Dette er *Laava O. Grøve*, født 1887. Det første som slo meg, var om dette kunne vere ei form av *Olava*. Etter å

ha sjekka i kyrkjeboka, fann eg ut at ho er døypt *Saava* og står oppført som *Såva* i konfirmantlistene. I handskrifta frå denne tida kan "S" sjå ut som "L", det har eg sjølv erfart i arbeidet med kyrkjebøker. Dermed er nok dette snakk om ei feilvurdering i digitaliseringa av folketeljinga. *Laava* er difor retta til *Saava* i listene mine.

Eit anna namn, som mest sannsynleg berre er ein skrivefeil, er *Ragnhuld*. Det er slått saman med *Ragnhild* i listene.

3.4.5 Suldal 1900:

Her er det lite å kommentere. Som nemnt tidlegare har eg slått saman *Siri* og *Sigrid*. I denne folketeljinga finst òg formene *Seri* og *Sire*. Førstnemnde er kanskje ein meir talemålsnær skrivemåte, medan den andre kan vere ein litt finare skriftvariant. *Sire Jacobsdatter*, født 1842, er døypt *Sigrid*. Medan blant dei tre som er oppført som *Seri* er to døypt *Siri* og ei *Sigrid*. Dermed var det berre naturleg å slå desse saman med *Siri/Sigrid*.

3.4.6 Vinje 1900:

Her finn vi to belegg på *Aasme*. *Aasme* Augundsdatter, født 1869, står oppført i kyrkjeboka som *Aasne*. *Aasme* Olavs datter, født 1891, finn eg ikkje, sidan kyrkjeboka for den perioden ikkje ligg på digitalarkivet sine sider. Det er nok rimeleg at dette berre er ein skrivefeil, og at der skal vere *Aasne*. *Asne* dukkar òg opp her. Eg slår både *Aasme* og *Asne* saman med *Aasne*.

4. Opphav

4.1 Kategorisering

Det er fleire måtar å kategorisere namnetilfanget på. Eg har valt å gruppere namna i fire grupper: Nordiske, kyrkjelege, tyske og andre innlånte namn. Egil Pettersen brukar denne inndelinga i *Personnavn i Vest-Norge 1450–1550* (1981). Det er ei relativ vanleg inndeling som er mykje brukt. Grunnen til at eg òg har brukt denne, er at det gjer det lett å samanlikne med anna forskingsmateriale.

Gulbrand Alhaug hevdar i kapittelet ”Popularitetsutviklinga for nordiske arvenamn” (2004) at inndelinga bør skje på eit språkleg grunnlag. Han føreslår at dei norske formene *Per*, *Nils* og *Lars*, som kjem frå dei latinske namna *Petros*, *Nikolaos* og *Laurentius* bør klassifiserast som ”justerte namn”, det vil seie innlånte namn som har fått ei lydleg justering på nordisk grunn. Såleis har han tre inndelingar av namnetilfanget: ”(A) Innlånte namn som har haldi på forma frå långivarspråket, t.d. *Andreas* (B) Innlånte namn som har fått ei lydlig justering på nordisk grunn, t.d. *Anders* (C) Nordiske namn, t.d. *Arnfinn*” (2004: 162). Eg kjem til å bruke omgrepet ”justerte namn” i undersøkinga mi, men det blir ikkje ein eigen kategori.

4.2 Dei nordiske namna

Dei nordiske namna er namn som har gått i arv igjennom tusen år, nokre har framleis stort sett same forma, medan andre har utvikla seg. Døme på dette er *Siri*, som er ei yngre form av *Sigrid* (*Sigriðr*). Det finst òg nordiske namn som gjekk ut av brukt i mellomalderen, men som kom tilbake med den nordiske namnerenessansen på slutten av 1800-talet. Desse kallar vi ofte litterære namn, fordi dei finst i norrønt litteratur, til dømes Kongesogene til Snorre og heltediktinga. Døme på dette, er *Hjordis* og *Svanhild* (Aarset 1982a: 67).

4.3 Dei kyrkjelege namna

Kyrkjelege namn er dei som er komne inn i namnetilfanget gjennom kristendommen. ”Det er navn av ulike opphav, hebraiske og greske bibelnavn, eller navn som har tilknytning til kirken, mest helgen- og pavenavn” (Pettersen 1981: 53). Såleis inngår nytestamentlege, gammaltestamentlege og helgennamn under denne kategorien.

Gulbrand Alhaug er meir skeptisk til å klassifisere helgennamna i kategorien for kristne eller kyrkjelege namn. Han hevdar at "[...] i dag forbind folk neppe noko spesielt kyrkjelig med helgennamn som *Agnes*, *Klara* og *Mathias* [...]" (2004: 161). Alhaug brukar dette om 1900-talsnamn, men sidan mine undersøkingar er av eit eldre materiale, har eg valt å la desse namna gå under kategorien kyrkjelege namn.

Helgennamna var dei mest frekvente namna blant kvinnene veldig lenge, dei bibelske kom litt seinare (jf. Kruken 1982: 58–60). Nokre av namna kom inn så tidleg at dei hadde ei norrøn form, til dømes *Sunniva* (*Sunnifa*), som i Suldal har blitt til *Søneva*. Denne kategorien kan vere litt vanskeleg sidan nokre namn har hatt helgenkult andre stadar enn i Noreg. Difor har eg basert meg på namn som har hatt kyrkjeleg tilknytning her i landet.

4.4 Dei tyske namna

Valborg og *Gjertrud*, som kom inn i Noreg på 1300-talet med tyske namneberarar, har ikkje hatt nokon helgenkult her. Difor er dei klassifiserte som tyske namn i mi undersøking. "De tyske navnene er trolig blitt tatt opp særlig blant byborgerne gjennom samkvemet med hanseatene, og fra byene ble de i noen grad spredt utover bygdene" (Pettersen 1981: 54). Sidan Pettersen sitt materiale er frå fleire hundre år før mine kjelder, er det nok slik at dei tyske namna har spreidd seg lengre inn i landet og blitt meir frekvente i mitt materiale.

4.5 Andre namn

Den siste kategorien er andre innlånte namn. Her er det namn som er blitt danna utanfor Noreg, og som er blitt importert i den forma. I mitt materiale er dette stort sett greske og latinske namn, slik som *Sofie* og *Agnes*.

4.6 Nokre namn som har vore vanskelege å kategorisere

Nokre av namna har vore vanskeleg å kategorisere. Når det gjeld moveringsnamn, har dei blitt plassert i den kategorien forleddet høyrer til. Dette er fordi dei har ganske forskjellig opphav, vi finn blant anna alt frå greske *Georgine* til nordiske *Osmunde*. Unntaket er *Stine* og *Tine*, som er avleiingar, og umogelege å plassere i nokon anna

kategori enn andre namn. Når det gjeld kortformer, baserer eg meg på om kortforma er importert til, eller laga i Noreg. På den måten blir *Else*, som er ei tysk kortform av *Elisabeth* (kyrkjeleg), klassifisert til tysk, og *Thea*, som er kortform av *Dorothea* eller *Teodora*, men som truleg har vore produktiv i Noreg, klassifisert som kyrkjeleg.

Når det gjeld *Brita*, *Berte* og *Birte* har klassifiseringa vore ein litt komplisert prosess (jf. kapittel 3.3) Det er ingen tvil om at *Brita* er ei kortform av *Birgitta*, og difor kyrkjeleg. *Berte* og *Birte* er det litt verre med. Førstnemnde finst i Suldal i 1801, og i alle prestegjelda i 1900. Sistnemnde finst berre i Vinje i 1801. Her har eg måtte gjort eit skilje mellom aust og vest. Som tidlegare nemnt, er *Berte* i Røldal og Suldal mest sannsynleg ei tysk kortform av namn som byrjar på *Bert-*, medan i Vinje reknar eg det som ei form av *Birgitta*. Difor blir *Birte* og *Berte* klassifisert som kyrkjelege i Vinje, medan *Berte/a* i Suldal og Røldal er klassifisert som tysk.

5. Kvinnenamn i Røldal 1801–1900

5.1 Kommenterar til 1801-teljinga.

I 1801 var det 198 kvinner i Røldal, og sidan det er ingen som har meir enn eitt førenamn, er dette òg talet på belegg. Det er 37 forskjellige leksikalske namn, noko som gjev eit snitt på 5,4 namneberarar per namn (sjå vedlegg, tabell 23).

1801	Namn	Mengd	RF	KF	Opphav
1	Marte	21	10,6	10,6	Kyrkjeleg
2	Karen	18	9,1	19,7	Kyrkjeleg
3	Britta	17	8,6	28,3	Kyrkjeleg
4	Ingebor	15	7,6	35,9	Nordisk
5	Inger	15	7,6	43,4	Nordisk
6	Torbiør	12	6,1	49,5	Nordisk
7	Anna	8	4,0	53,5	Kyrkjeleg
8	Kirstine	8	4,0	57,6	Kyrkjeleg
9	Siri	8	4,0	61,6	Nordisk
10	Gro	6	3,0	64,6	Nordisk
11	Guri	6	3,0	67,7	Nordisk
12	Jertru	6	3,0	70,7	Tysk
13	Margitte	5	2,5	73,2	Kyrkjeleg
14	Ranveg	5	2,5	75,8	Nordisk
15	Ambiør	4	2,0	77,8	Nordisk

Tabell 3. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Røldal i 1801

Av dei femten mest populære namna i 1801, er åtte nordiske, seks kyrkjelege og eitt tysk. Dei tre mest populære er kyrkjelege, og slike som Alhaug (2004) kallar ”justerte namn”. Det einaste namnet som ikkje er kyrkjeleg eller nordisk blant topp 15, er tyske *Jertru*. Det har vore i landet så lenge at ein òg kan kalle det for eitt *justert* namn, slik som dei kyrkjelege i dette materialet.

Den kumulative (samla) frekvensen for dei 15 mest populære namna er 77, 8 prosent, det vil seie at nesten åtte av ti kvinner har eitt topp 15-namn.

Fordelinga av opphav ser slik ut:

1801	Frekvens	Mengd
Nordiske	64,9	24
Kyrkjelege	29,7	11
Tyske	5,4	2
Andre	0	0
Sum	100	37

Tabell 4. Oversikt over opphavet til namna i 1801-teljinga for Røldal.

5.2 Dei nordiske namna i 1801

Dei nordiske namna utgjer nesten to tredelar av namnetilfanget i Røldal i 1801. Dette er eit trekk som er typisk for isolerte fjellbygder. Kristoffer Kruken skriv at ”Best held dei nordiske namna seg i fjellbygdene frå Setesdal oppover til og med øvre Hallingdal” (1982: 51). Såleis burde dette gjelde for både Røldal og Vinje. Det mest populære nordiske kvinnenamnet er *Ingebor* på fjerdeplass. På landsbasis var *Ingebor* på andre plass i 1801 (Utne 2006: 26), og var det mest populære nordiske namnet på lista. Vidare på lista frå Røldal finn vi *Inger* (5. pl.), *Torbjør* (6. pl.), *Siri* (9. pl.), *Gro* (10. pl.), *Guri* (11. pl.), *Ranveg* (14. pl.) og *Ambjør* (15. pl.) Det er òg verdt å nemne at *Helga* og *Jorand* deler plassering med *Ambjør*, med fire belegg kvar.

5.3 Dei kyrkjelege namna i 1801

Dei kyrkjelege namna utgjer om lag 30 prosent av namna, og dei tre mest populære høyrer til her. Kruken skriv: ”Dei kyrkjelege namna står for brorparten av namnemassen utanom dei nordiske. Dei er såleis i fleirtal blant kvinnenamna overalt så nær som i fjellbygdene sør i landet og blant mannsnamna i store område nordafjells” (1982: 52). Sjølv om dei tre mest populære namna her er kyrkjelege, dekkjer namnegruppa berre under tredelen av namnetilfanget.

På førsteplass finn vi *Marte*, som er ei nordisk kortform av *Margareta*, og var på fjerdeplass på landsbasis i 1801 (Utne 2006: 26). *Karen*, på andre plass, er ei dansk form av *Katrine*, men her dreier det om ein dansk skrivemåte av det norske *Kari*. Grunnen til at eg kan seie dette, er at i kyrkjeboka frå 1780–1800 er det forma *Kari* som er brukt som skriftform. På tredje plass finn vi *Britta*, som er ei norsk, og særleg vestlandsk form av *Birgitta*. Vidare følgjer *Anna* (7. pl.), *Kirstine* (8. pl.) og *Margitte*

(13. pl.). Dei resterande kyrkjelege namna på heile lista er *Dordi*, *Sønneva*, *Aagaat*, *Helene* og *Eli*. Dei fleste kyrkjelege namna her kan knytast opp til helgenar, og det seier òg noko om at desse namna mest sannsynleg var tatt i bruk før reformasjonen. *Eli* er ei kortform av *Helene*, men her finn vi begge formene. *Helene* skil seg ut blant de gamle helgennamna, sidan dette er ei meir moderne form.

Det namnet som ikkje kan knytast opp til helgenkult, er *Anna*, som etter tradisjonen skal vere mor til jomfru Maria (NPL 1995: 26).

5.4 Dei tyske namna i 1801

Det er to tyske kvinnenamn i Røldal i 1801, og dei utgjer 5,4 prosent av namnematerialet. Dette er *Jertru* på tiandeplass med seks belegg, og *Valborg* på 29. plass, med berre eitt belegg. Begge namna kom til Noreg i løpet av 1300-talet, og har slått rot i det norske namnetilfanget. Kruken har undersøkt namnebruk på 1700-talet og i første halvdel av 1800-talet i innleiinga til NPL (1982). Han hevdar at dei tyske namna gjer lite av seg som gruppe i denne perioden. ”Sønnefjells kjem dei sjeldan over 2–3 prosent [...]” (Kruken 1982: 52). Grunnen til at dei får ein stor prosentdel her, er at namnematerialet er lite, og i ei så lita gruppe som tyske namn vil eitt namn frå eller til gjere stor forskjell.

5.5 Kommenterar til 1900-teljinga

I 1900 er det 429 kvinner og 431 belegg, det er altså to kvinner som er oppført med dobbelnamn i folketeljinga. Det er 61 leksikalske namn, noko som gjev eit snitt på 7,0 namneberarar pr. namn. Dermed ser vi ein liten auke i namneberarar pr. namn i løpet av 1800-talet. I tabell 5 ser ein dei mest populære namna, det er òg ei kolonne med plasseringa i 1801. * betyr at namnet hadde ei anna form i 1801, men at det likevel er det same namnet.

1900	Namn	Mengd	1801	RF	KF	Opphav
1	Martha	45	1*	10,4	10,4	Kyrkjeleg
2	Ingeborg	38	4	8,8	19,3	Nordisk
3	Britha	37	3	8,6	27,8	Kyrkjeleg
4	Kari	26	2*	6,0	33,9	Kyrkjeleg
5	Ingerid	21	-	4,9	38,8	Nordisk
6	Anna	20	7	4,6	43,4	Kyrkjeleg
7	Margit	19	13*	4,4	47,8	Kyrkjeleg
8	Torbjörg	19	6	4,4	52,2	Nordisk
9	Sigrid	18	9*	4,2	56,4	Nordisk
10	Durdei	17	18	3,9	60,3	Kyrkjeleg
11	Gunne	16	18	3,7	64,0	Nordisk
12	Ambjør	14	15	3,2	67,3	Nordisk
13	Ragnhild	12	23	2,8	70,1	Nordisk
14	Gro	10	10	2,3	72,4	Nordisk
15	Kjersti	9	-	2,1	74,5	Kyrkjeleg

Tabell 5. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Røldal i 1900

Det har skjedd noko blant dei 15 mest populære namna gjennom 1800-talet, men det er langt ifrå total utskifting. *Inger*, *Kirstine*, *Guri*, *Jertru* og *Ranveg* er ikkje lenger på lista. Nye namn på topp 15 er *Ingerid*, *Gunne*, *Ragnhild*, *Durdei* og *Kjersti*. Av desse fem namna var *Ingerid* og *Kjersti* ikkje representerte i 1801-teljinga.

Av dei femten mest populære, er framleis åtte nordiske, men no er det sju kyrkjelege og ingen tyske. (*G*)*jertrud* er no på ein 20. plass, til skilnad frå 10. plass i 1801.

Den kumulative frekvensen er på 74,5 prosent, det vil seie ein liten nedgang på rundt tre prosent sidan 1801.

Fordelinga av opphav ser slik ut i 1900:

	Frekvens 1801	Mengd 1801	Frekvens 1900	Mengd 1900
Nordiske	64,9	24	42,6	26
Kyrkjelege	29,7	11	37,7	23
Tyske	5,4	2	14,8	9
Andre	0	0	4,9	3
Sum	100	37	100	61

Tabell 6. Oversikt over opphavet til namna i 1900-teljinga for Røldal samanlikna med 1801-teljinga.

5.6 Dei nordiske namna i 1900

Frå 1801 til 1900 har dei nordiske namna gått tilbake over 20 prosent, men blant dei 15 mest populære står dei framleis sterkt.

Ingeborg er framleis det mest populære nordiske namnet, no på andre plass.

Ingerid, på femte plass er ny, medan *Torbjør* har gått frå sjetteplass til sjuandeplass.

Siri låg på sjuandeplass i 1801, no er *Siri/Sigrid* på niandeplass. Namnet har altså gått ned i popularitet, trass i to ulike former.

Dei tre neste har auka populariteten. *Gunne* har gått frå 18. plass til 11. plass, *Ambjør* frå 15. plass til 12. plass, og *Ragnhild* frå 23. plass til 13. plass. På 14. plass finn vi *Gro*, som tidlegare var på 10. plass. Det er med andre ord dei same namna som i 1801 som er mest populære no, men eitt nytt nordisk namn er kome på topp 15, nemleg *Ingerid*.

5.7 Dei kyrkjelege namna i 1900

Denne gruppa står sterkare i 1900 enn i 1801, med 37,7 prosent mot 29,7 prosent tidlegare. Dei tre namna som var på topp i 1801 er no blant dei fire mest frekvente.

Martha har teke over for *Marte* på førsteplass. *Britta* er blitt til *Britha*, og har framleis tredjeplassen. *Karen* har blitt til *Kari*, og har gått frå andre plass til fjerde plass. *Anna* er på sjetteplass, og har rykka opp eit hakk frå sjuandeplass, medan *Dordi*, som låg på 18. plass i 1801, har fått ein meir talemålsnær ortografi og blitt til *Durdei*, på 10. plass. På 15. plass er *Kjersti*, som ikkje fanst i Røldal i 1801.

Dei namna som er kome til i løpet av 1800-talet, og som er hovudgrunnen til auka popularitet for denne gruppa, er i stor grad moverte kvinnenamn med eit kyrkjeleg mannsnamn som føreled. Døme på dette er *Andrine*, *Hansine*, *Johanna*, *Jørgine*, *Larsine*, *Marthine* og *Nikoline*.

5.8 Dei tyske namna i 1900

Denne gruppa har nesten tredobla populariteten, frå 5,4 til 14,8 prosent i løpet av 1800-talet. Dei to mest populære er dei to som fanst i 1801-teljinga, nemleg *Gjertrud* og *Valborg*. I 1900 ligg dei på 20. plass med fem belegg kvar, medan *Jertru* hadde seks belegg i 1801 og *Valborg* berre eitt.

Bertha, som eg her har klassifisert som ei tysk kortform av namn på *Bert-*, er på 33. plass. I tillegg til dette er *Alette*, *Mathilde*, *Gidske*, og *Magla* (alle på 37. pl.) namn som har hatt eit tyngdepunkt på Vestlandet. *Magla* er ifølgje NPL (1995: 188) ei form av *Magnhilda* og *Magdalene*. Ingen av desse fullformene finst i Røldal i dei to folketeljingane, men i Suldal i 1801 er både *Magla* og *Magnild* representerte. Sidan det er lite spor av *Magdalena* i dette området, blir *Magla* her sett på som ei kortform av eit tysk namn, sjølv om det mest sannsynleg er laga i Noreg.

Dei tyske namna kom stort sett til landet via Bergen og hansahandelen, men det tok ei tid før dei fekk fotfeste i namnetilfanget. Dei to neste tyske namna i Røldal i 1900 er *Berthine* og *Lisa* (begge 37. plass). Førstnemnde er ei movert form laga av *Bertha/e*, medan sistnemnde er ei kortform av det kyrkjelege namnet *Elisabeth*, som vart laga i Tyskland og importert til Noreg.

5.9 Andre namn i 1900

I 1801 var det ingen namn i denne gruppa. I 1900 er det tre namn, og gruppa har ein prosentdel på 4,9 prosent. *Eldrid*, *Eldrine* og *Karoline* har alle eitt belegg kvar og er difor på delt 37. plass. Dei to første er opphavleg same frankiske namn, men det siste har fått ei *ine*-ending. *Eldrid* er kjent i Noreg sidan 1100-talet (NPL 1995: 72). *Karoline* er latinsk og basert på mannsnamnet *Carolus*, den latinske versjonen av *Karl*.

5.10 Oppsummering av Røldal 1801–1900.

I 1801 var namnetilfanget i Røldal svært tradisjonelt, og dei nordiske namna sto for nesten to tredelar av namnemassen. Dei kyrkjelege namna vi finn her, var òg tradisjonelle og vel etablerte i landet. Det var berre to tyske namn i 1801, desse var òg

tidleg innlånte namn. I 1900 ser vi at dei nordiske namna har minska som gruppe, og at dei andre kategoriane har auka. Dei kyrkjelege vart meir populære, men den gruppa som utpeikar seg er tyske namn, som har tredobla populariteten. Dei 15 mest populære namna held seg stabile. Det er fem nye namn på topplista, men av desse fem var det berre to som ikkje var representerte i 1801-teljinga.

6. Kvinnenamn i Suldal 1801–1900

6.1 Kommentarer til 1801-teljinga

I 1801 er det ifølgje folketeljinga 624 kvinner i Suldal. Etter å ha gått igjennom listene og funne ut at det er fire kvinner som er oppført med ”m” for mann, blir talet 628. Det er to som er oppført med dobbelnamn, dermed er det 630 belegg i materialet, som eg har normalisert til 66 leksikalske namn. Talet på namneberarar per leksikalske namn er 9,5. Topp 15-lista ser slik ut:

1801	Namn	Mengd	RF	KF	Opphav
1	Britta	65	10,3	10,3	Kyrkjeleg
2	Marte	57	9,0	19,4	Kyrkjeleg
3	Anna	56	8,9	28,3	Kyrkjeleg
4	Karen	47	7,5	35,7	Kyrkjeleg
5	Siri	44	7,0	42,7	Nordisk
6	Ingerie	27	4,3	47,0	Nordisk
7	Guri	26	4,1	51,1	Nordisk
7	Ingebor	26	4,1	55,2	Nordisk
9	Helga	16	2,5	57,8	Nordisk
9	Valborg	16	2,5	60,3	Tysk
11	Kirstine	15	2,4	62,7	Kyrkjeleg
12	Elisabet	13	2,1	64,8	Kyrkjeleg
13	Borgela	12	1,9	66,5	Nordisk
13	Guro	12	1,9	68,6	Nordisk
13	Inger	12	1,9	70,5	Nordisk

Tabell 7. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Suldal 1801.

Åtte av dei femten mest frekvente namna er nordiske, seks er kyrkjelege og eitt har tysk opphav. Den kumulative frekvensen er 70,5 prosent når vi ser på dei 15 mest frekvente namna. Det er altså færre her som har eit topp 15-namn enn i Røldal i same periode (jf. tabell 3).

Fordelinga av opphav ser slik ut:

1801	Frekvens	Mengd
Nordiske	57,6	38
Kyrkjelege	27,3	18
Tyske	12,1	8
Andre	3,0	2
Sum	100	66

Tabell 8. Oversikt over opphavet til namna i 1801-teljinga for Suldal.

6.2 Dei nordiske namna i 1801

Denne gruppa utgjør med sine 57,6 prosent over halve namnematerialet. Kruken (1982: 61) har statistikk på namneopphav i heile landet i perioden 1781–1800. Dette er ikkje akkurat det same materialet som mitt, men verdt å samanlikne med. I Kruken si oversikt finn vi at dei nordiske kvinnenamna i Rogaland ligg på 33,7 prosent, eit tal som er mykje lågare enn vi finn i innlandsbygda Suldal. Det mest populære nordiske namnet er Siri på femteplass, deretter kjem *Ingrie*, *Guri*, *Ingebor* og *Helga* på dei neste plassane.

Det er eit fleirtal av nordiske namn blant dei mest populære. *Borgela*, *Guro* og *Inger* ligg på delt 13. plass, saman med *Ranveg* som ikkje fekk plass her. Andre nordiske namn som det er verdt å bita seg merke i er *Stenvor*, som var vanleg på kysten frå Agder til Møre og Romsdal (NPL 1995: 267), og *Gunlei*, som er nemnt tidlegare. *Tørle* er òg ei nemneverdig form. Det kjem av *Torhilda*, og denne varianten har eksistert i Ryfylke (NPL 1995: 287).

6.3 Dei kyrkjelege namna i 1801

Denne gruppa utgjør 27,3 prosent, det vil seie litt meir ein firedel av namnetilfanget. Likevel høyrer dei fire mest populære namna heime i denne gruppa. Dette er i fallande rekkefølge *Britta*, *Marte*, *Anna* og *Karen*. Deretter må vi ned på ellefte og tolvteplass for å finne *Kirstine* og *Elisabeth*. Resten av lista inneheld 13 kyrkjelege namn, for det meste helgennamn.

6.4 Dei tyske namna i 1801

Det mest populære tyske namnet er *Valbor* på niandeplass. Gruppa utgjør rundt tolv prosent av namnematerialet, og til skilnad frå Røldal, som berre hadde to tyske namn i 1801, er det heile åtte namn på lista her. Dei neste tyske på lista er *Jertru* på 27. plass, deretter *Elsa* og *Mette* på delt 40. plass. Dei to siste er importerte kortformer, og ikkje like gamle her i landet som dei to mest frekvente. *Annikke* og *Berte* er dei siste to tyske namna på denne lista (jf. vedlegg, tabell 31).

6.5 Andre namn i 1801

Denne gruppa utgjer om lag tre prosent av namnetilfanget og inneheld to namn. *Sofie* og *Eldri* har begge ni belegg, og ligg på nittandeplass. Dei er med andre ord ganske vanlege i Suldal. *Eldri* er frankisk, som nemnd under Røldal 1900, medan *Sofie* er eit gresk namn som har vore i bruk i heile landet sidan 1700-tallet (NPL 1995: 263).

6.6 Kommenterar til 1900-teljinga

Ifølgje folketeljinga er det 1084 kvinner i Suldal i 1900. Det er tre oppføringar av ”!!Udøpt pige”, som eg fjerna frå statistikken. I tillegg er det seks kvinner som er oppført med to førenamn. Dermed blir det 1087 belegg fordelt på 102 leksikalske namn, og eit snitt på 10,6 namneberarar per leksikalske namn. Dei 15 mest populære namna ser slik ut:

1900	Namn	Mengd	1801	RF	KF	Opphav
1	Marta	117	2*	10,8	10,8	Kyrkjeleg
2	Kari	98	4*	9,0	19,8	Kyrkjeleg
3	Anna	93	3	8,6	28,3	Kyrkjeleg
4	Brita	59	1	5,4	33,8	Kyrkjeleg
5	Ingerid	54	6	5,0	38,7	Nordisk
6	Siri	47	5	4,3	43,1	Nordisk
7	Valborg	46	9	4,2	47,3	Tysk
8	Eldri	31	19	2,9	50,1	Frankisk
9	Borghild	30	13*	2,8	52,9	Nordisk
10	Lisabet	27	12*	2,5	55,4	Kyrkjeleg
11	Ingeborg	24	7	2,2	57,6	Nordisk
12	Olina	22	-	2,0	59,6	Nordisk
13	Helga	21	9	1,9	61,5	Nordisk
14	Inga	20	27	1,8	63,4	Nordisk
14	Randi	20	17	1,8	65,2	Nordisk

Tabell 9. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Suldal i 1900

Av dei femten mest populære namna er åtte nordiske og fem kyrkjelege. I tillegg finn vi *Valborg*, som er tysk, og *Eldri*, som er frankisk. Den kumulative frekvensen for dei 15 mest populære er 65,2 prosent, om lag fem prosent mindre enn i 1801. Det er altså færre som har eit topp 15-namn i 1900 enn det var i 1801.

Fordelinga av opphav ser slik ut:

	Frekvens 1801	Mengd 1801	Frekvens 1900	Mengd 1900
Nordiske	57,6	38	39,2	40
Kyrkjelege	27,3	18	38,7	39
Tyske	12,1	8	12,8	13
Andre	3,0	2	9,8	10
Sum	100	66	100	102

Tabell 10. Oversikt over opphavet til namna i 1900-teljinga for Suldal samanlikna med 1801-teljinga.

6.7 Dei nordiske namna i 1900

Blant dei femten mest frekvente er det framleis åtte nordiske namn. *Ingrid*, *Siri*, *Borghild* (før i forma *Borgela*), *Ingeborg* og *Helga* var òg på topp i 1801. No har det skjedd ein intern omplassering av desse. *Ingrid* og *Borghild* har auka populariteten, medan *Siri*, *Ingeborg* og *Helga* er blitt mindre frekvente i løpet av hundreåret. *Randi* og *Inga* var ikkje blant dei 15 mest populære i 1801, no har dei blitt meir populære og gått frå høvesvis 17.- og 27. plass til delt 14. plass.

Olina på 12. plass var ikkje belagt i 1801-teljinga, og har såleis blitt svært populært. Dette er eit namn med avleiing, òg kalla moveringsnamn, som er basert på mannsnamnet *Ole*.

Denne gruppa tek no 39,2 prosent av namnetilfanget, ein nedgang sidan 1801 då ho hadde 56,7 prosent. Likevel er det verdt å merke seg at desse namna framleis står sterkt blant dei mest populære.

6.8 Dei kyrkjelege namna i 1900

Denne gruppa har auka populariteten frå 26,9 prosent i 1801 til 38,2 prosent i 1900. Blant dei 15 mest populære har dei likevel mista nokre namn. Dei fire mest frekvente namna i 1801 er òg dei mest frekvente i 1900. *Marta* er no det mest populære, i 1801 var forma *Marthe* på andreplass. No er det *Kari* som har andreplassen, medan skriftforma *Karen* tidlegare var på fjerdeplass. *Anna* har framleis tredjeplassen, medan *Brita* har gått frå første til fjerdeplass, og soleis mista ein del av populariteten.

Lisabeth på tiandeplass er det siste kyrkjelege namnet på topp 15, i 1801 var *Elisabeth* på 12. plass³. Det er altså ingen nye kyrkjelege namn blant dei 15 mest populære, og dei har gått frå seks til fem leksikalske namn.

Dei nye namna som har kome til er for det meste moverte kvinnenamn av kyrkjelege mannsnamn, men det er nokre unntak. *Rakel* (55. pl.) og *Hanna* (71. pl.) er gammaltestamentlege namn, sjølv om sistnemnde kan vere ei kortform av *Johanna* (NPL 1995: 116).

6.9 Dei tyske namna i 1900

Dei tyske namna har fått fleire belegg i 1900, samanlikna med 1801. No er det 13 leksikalske namn som går under denne kategorien, mot åtte tidlegare. Likevel er prosentdelen nesten lik, med 12,1 prosent i 1801 og 12,8 prosent i 1900.

Det er framleis *Valborg* som er det mest populære tyske namnet. No er det på sjuandeplass, mot niandeplass i 1801, og det er det einaste tyske namnet på topp 15. Andre vanlege tyske namn⁴ er *Magla* (21. pl.), *Metha* (22. pl.), *Berta* (29. pl.), *Gjertrud* (29. pl.) og *Taletta* (33. pl.). Sistnemnde var ikkje med i 1801-teljinga, men har vore eit vanleg namn i Rogaland, spesielt på Jæren, sidan midten av 1700-talet. Det er anten ei avleiing av *Tale*, eller lånt inn i heil form frå lågtysk/frisisk (NPL 1995: 275).

6.10 Andre namn i 1900

Det er ti namn som kjem under denne gruppa i 1900, mot to i 1801. Frekvensen har auka frå 3,0 prosent til 9,8 prosent. Blant dei 15 mest populære er *Eldri*, på åttandeplass, det einaste namnet. I 1801 var *Eldri* på 19. plass. *Soffi* (*Sofie*) var òg på 19. plass i 1801, og har same plassering i 1900.

³ Elisabeth og Lisabeth er i 1900 slått saman til den leksikalske forma Lisabeth.

⁴ Namn med meir enn sju belegg.

Serina (44. pl.), *Karoline* (55. pl.), *Laura* (47. pl.), *Gjette* (55. pl.), *Nelly* (71. pl.) og *Agnes* (71. pl.) er nye i 1900, og har høvesvis latinsk, italiensk, fransk, engelsk og gresk opphav.

Tine (55. pl.) og *Stine* (71. pl.) er to kortformer som er vanskelege å kategorisere. Desse namna kan ha fleire moglege opphav og er difor lagt til denne kategorien.

6.11 Oppsummering av Suldal 1801–1900

Det var òg her slik at dei nordiske namna sto sterkast i 1801, men ikkje i like stor grad som i Røldal. Medan dei dekkja nesten to tredelar av namnetilfanget der, er den tilsvarende frekvensen i Suldal 57,6 prosent. Dei kyrkjelege namna er omtrent like store som gruppe her, som i Røldal i 1801, medan dei tyske namna dekker dobbelt så mykje av namnetilfanget i Suldal i forhold til Røldal. Suldal har òg to namn i kategorien ”andre namn”, medan Røldal hadde ingen.

I 1900 har dei nordiske namna gått kraftig tilbake frå 57,6 prosent til 39,2 prosent (jf. tabell 10), men dei er framleis den største gruppa. Dei kyrkjelege har auka frå 27,3 prosent til 38,2 prosent, og ligg berre eitt prosentpoeng bak dei nordiske. Den tyske namnegruppa har fått fleire leksikalske namn, men prosentdelen for gruppa er omtrent den same i 1900 som hundreåret før, det vil seie rundt tolv prosent. Kategorien ”andre namn” har som dei kyrkjelege auka populariteten, og gått frå 3,0 prosent til 9,8 prosent.

Av dei mest populære namna var det i 1801 mest nordiske og kyrkjelege, pluss eitt tysk, medan i 1900 er alle fire kategoriane representert blant dei femten mest populære. Det er berre fire nye namn på topp 15, dermed kan vi trygt seie at det er relativt stabilt blant toppnamna.

7. Kvinnenamn i Vinje 1801–1900

7.1 Kommenterar til 1801-teljinga

I 1801 er det 640 kvinner i Vinje og Nesland sokn i Vinje prestegjeld. Det er to som har dobbelnamn, og eit mannsnamn som er fjerna frå statistikken. Difor blir det 641 belegg, som er normalisert til 56 leksikalske namn. Snittet er 11,4 namneberarar per leksikalske namn. Lista over dei 15 mest populære namna ser slik ut:

1801	Namn	Mengd	RF	KF	Opphav
1	Margit	86	13,4	13,4	Kyrkjeleg
2	Anne	57	8,9	22,3	Kyrkjeleg
3	Ingeborg	43	6,7	29,0	Nordisk
4	Sigri	35	5,5	34,5	Nordisk
5	Gunild	34	5,3	39,8	Nordisk
6	Aasne	31	4,8	44,6	Nordisk
7	Torbjør	26	4,1	48,7	Nordisk
8	Asloug	24	3,7	52,4	Nordisk
8	Tone	24	3,7	56,2	Nordisk
10	Christi	21	3,3	59,4	Kyrkjeleg
10	Signe	21	3,3	62,7	Nordisk
12	Hege	19	3,0	65,7	Nordisk
13	Guro	16	2,5	68,2	Nordisk
13	Kari	16	2,5	70,7	Kyrkjeleg
13	Ragnild	16	2,5	73,2	Nordisk

Tabell 11. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Vinje i 1801.

Heile elleve av dei femten mest frekvente namna er nordiske. Den kumulative frekvensen er 73,2 prosent, noko som er mindre enn Røldal (77,8 prosent), og meir enn Suldal (70,5 prosent) i 1801 (jf. tabell 4 og 8).

Fordelinga av opphav ser slik ut:

1801	Frekvens	Mengd
Nordiske	67,9	38
Kyrkjelege	26,8	15
Tyske	5,4	3
Andre	0,0	0
Sum	100	56

Tabell 12. Oversikt over opphavet til namna i 1801-teljinga for Vinje.

7.2 Dei nordiske namna i 1801

Sjølv om heile elleve av dei femten mest populære frå denne gruppa, er dei to mest populære namna kyrkjelege. Dermed er *Ingeborg* på tredjeplass det mest frekvente nordiske namnet. 67,9 prosent av namnetilfanget er nordisk, det vil seie litt over to tredelar. Kruken (1982: 61) har funne gjennomsnittet for nordiske kvinnenamn i Telemark for perioden 1781–1800 til å vere 43,2 prosent, eit tal som er mykje lågare enn det vi finn i Vinje i 1801-teljinga.

Frå fjerdeplass og nedover lista finn vi *Sigri*, *Gunild*, *Aasne*, *Torbjør*, *Asloug*, og *Tone*. Frå tiandeplass finn vi *Signe*, *Hege*, og *Guro* og *Ragnild*.

7.3 Dei kyrkjelege namna i 1801

Denne gruppa står for 26,8 prosent av namnematerialet, det vil seie litt over ein firedel. Fire av dei femten mest frekvente namna er kyrkjelege. Dette er *Margit* og *Anne*, som er på første- og andreplass, deretter *Christi* og *Kari* på høvesvis tiande- og trettandeplass. Desse namna er norske former av importerte kyrkjelege namn, eller ”justerte namn” som Alhaug (2004) kallar det.

Ser vi lenger ned på frekvenslista (vedlegg, tabell) finn vi *Birgit* på 16. plass, og det neste kyrkjelege namnet er *Cidsel* på 27. plass. Det er med andre ord langt mellom dei kyrkjelege namna her i 1801.

7.4 Dei tyske namna i 1801

Det er tre namn som kjem under denne gruppa. *Else* (30. pl) er ei tysk kortform av Elisabeth, medan *Mette* (37. pl.) er ei kortform av *Mathilde*. *Engelke* (43. pl.) er ei lågtysk diminutivform av namn på *Engel-*, og var i sporadisk bruk på 1700- og 1800-talet (NPL 1995: 78). Det er prestedottera som ber dette namnet her. Dei tyske namna utgjør 5,4 prosent av namnematerialet.

7.5 Kommenterar til 1900-teljinga.

Det er 854 kvinner oppført i folketeljinga for Vinje prestegjeld i 1900, men ei er oppført slik ”!!!”, og vil ikkje bli tatt med i teljinga. Fem kvinner har to førenamn,

medan ei har tre førenamn. Dermed blir det 860 belegg, som eg har normalisert til 73 leksikalske namn. Snittet er 11,7 namneberarar per leksikalske namn. Dei 15 mest populære namna ser slik ut:

1900	Namn	Mengd	1801	RF	KF	Opphav
1	Margit	113	1	13,1	13,1	Kyrkjeleg
2	Anne	99	2	11,5	24,7	Kyrkjeleg
3	Ingebjørg	70	3*	8,1	32,8	Nordisk
4	Gunhild	68	5	7,9	40,7	Nordisk
5	Sigrid	57	4	6,6	47,3	Nordisk
6	Aasne	42	6	4,9	52,2	Nordisk
6	Signe	42	10	4,9	57,1	Nordisk
8	Tone	28	8	3,3	60,3	Nordisk
9	Hæge	26	12	3,0	63,4	Nordisk
10	Kari	19	13	2,2	65,6	Kyrkjeleg
11	Kristi	17	10	2,0	67,6	Kyrkjeleg
11	Martha	17	-	2,0	69,5	Kyrkjeleg
13	Aslaug	16	8	1,9	71,4	Nordisk
14	Gro	15	16	1,7	73,1	Nordisk
15	Aase	14	23	1,6	74,8	Nordisk

Tabell 13. Oversikt over dei 15 mest populære namna i Vinje i 1900.

Medan det i 1801 var elleve nordiske og fire kyrkjelege namn, er det no ti nordiske og fem kyrkjelege namn. Den kumulative frekvensen har auka med 1,6 prosent samanlikna med 1801, og er no 74,8 prosent blant dei 15 mest frekvente namna. Dei tre mest populære namna er dei same namna som i 1801.

Fordelinga av opphav samanlikna med 1801, ser slik ut:

	Frekvens 1801	Mengd 1801	Frekvens 1900	Mengd 1900
Nordiske	67,9	38	53,4	39
Kyrkjelege	26,8	15	34,2	25
Tyske	5,4	3	8,2	6
Andre	0	0	4,1	3
Sum	100	56	100	73

Tabell 14. Oversikt over opphavet til namna i 1900-teljinga for Vinje samanlikna med 1801-teljinga.

7.6 Dei nordiske namna i 1900

Frå å ha over to tredelar av namnematerialet, har dei nordiske namna litt over halvparten i 1900 med sine 53,4 prosent. Likevel er dei framleis den mest brukte kategorien. Blant dei femten mest populære er det ti nordiske namn, og *Ingebjørg* på

tredjeplass, som tilsvarar *Ingeborg* i 1801, er framleis det mest populære namnet i gruppa. *Gunhild*, *Signe* og *Hæge* har auka populariteten, medan *Sigrid* og *Aslaug* har blitt mindre populære. *Tone* har same plassering som i 1801.

Medan *Torbjør*, *Guro* og *Ragnild* ikkje er blant dei femten mest populære lenger, har det kome til to andre nordiske namn. *Gro* låg på 16. plass i 1801, og kom akkurat ikkje med på lista, medan *Aase* låg på 23. plass. Desse ligg no på høvesvis 14. og 15. plass.

7.7 Dei kyrkjelege namna i 1900

Denne gruppa har auka populariteten frå 26,3 prosent i 1801, til 34,2 prosent i 1900. På topp 15 har er det ein auke frå fire til fem kyrkjelege namn. I toppen finn vi dei same namna som i 1801, nemleg *Margit* på førsteplass og *Anne* på andre plass. *Kari* har auka i popularitet, og gått frå trettandeplass til tiandeplass, medan *Kristi*, som var på tiandeplass, har minska populariteten så vidt, og ligg no på ellevtteplass.

Martha er ny på topp 15. I 1801 var ikkje dette namnet, og heller ikkje *Marthe*, representert. Nærare undersøkingar viser at mesteparten av dei som heiter *Martha*, anten er frå, eller har foreldre frå Røldal.

Det ser ut til at dei fleste kyrkjelege namna har samla seg i ei klynge mellom 32.- og 51. plass på lista. Her er 13 av 19 namn klassifiserte som kyrkjelege (sjå vedlegg, tabell 34).

7.8 Dei tyske namna i 1900

Gruppa utgjer 8,2 prosent av namnetilfanget og inneheld seks namn i 1900, mot tre namn og 5,3 prosent i 1801. Det mest frekvente er, som i 1801, *Else*. Namnet har auka populariteten, og gått frå 30. plass til 23. plass. Det er òg det einaste tyske namnet med meir enn eitt belegg.

Dei andre tyske namna er *Arnolda*, *Gjertrud*, *Gunda*, *Leonarda* og *Mathilde*, alle på delt 51. plass.

7.9 Andre namn i 1900

Det er tre namna i denne gruppa i 1900, og dei utgjer 4,1 prosent av namnetilfanget. *Lovise* (46. pl.) har to belegg, og er eit fransk namn. Vidare finn vi latinske *Laurense* og greske *Sofie* på delt 51. plass, med eitt belegg kvar

7.10 Oppsummering av Vinje 1801–1900

Namnetilfanget her er relativt stabilt. Blant dei femten mest populære er det i 1801 elleve nordiske namn og fire kyrkjelege, medan det i 1900 er ti nordiske og fem kyrkjelege. I begge folketeljingane er det berre seks kyrkjelege namn blant dei tretti mest frekvente. Dei andre gruppene er òg stabile, det er 23 nordiske og eitt tysk namn blant dei 30 mest populære i begge folketeljingane.

Det er ingen tvil om at dei nordiske namna dominerer. I 1801 har Vinje den høgaste frekvensen av nordiske namn i dei tre prestegjelda, med 67,9 prosent, og det same i 1900 med 53,4 prosent. Dei kyrkjelege namna har den lågaste frekvensen av dei tre sokna i begge folketeljingane, med 26,8 prosent i 1801 (jf. tabell 12). Då var det kort avstand til Suldal som hadde 27,3 prosent i 1801 (jf. tabell 8). I 1900 hadde Vinje 34,3 prosent kyrkjelege namn, då var Røldal nærast, med 37,7 prosent (jf. tabell 6).


I 1801 var det berre tre tyske namn, som utgjorde 5,4 prosent av namnetilfanget, og ingen i kategorien ”andre namn”. I 1900 er det kome til fleire namn i desse kategoriane.

8. Samanlikning av sokna

8.1 Opphav


Det er i Vinje at dei nordiske namna står sterkast, både i 1801 og 1900. Røldal og Suldal har åtte nordiske, seks kyrkjelege og eitt tysk namn blant dei femten mest frekvente i 1801. Medan i Vinje, er det tilsvarende talet elleve nordiske og fire kyrkjelege namn.

Når vi kjem til 1900, er det framleis åtte nordiske i Røldal og Suldal, i tillegg har Røldal sju kyrkjelege, medan Suldal har fem kyrkjelege, eitt tysk og eitt fransk. Vinje har ti nordiske og fem kyrkjelege namn. Om vi tar fordelinga av dei 15 mest frekvente namna i desse sokna, ser det slik ut:



Figur 3. Fordelinga av dei 15 mest populære namna etter opphav.

I diagrammet ser vi at det er Røldal og Vinje som heng etter i moderniseringa. I 1900 har dei berre nordiske og kyrkjelege namn, medan Suldal har alle fire kategoriane representert. Likevel er det lite som skal til for å få utslag her. Det tyske namnet i Suldal er *Valborg*, og kategorien ”andre namn” er det *Eldrid* som står for. Begge var representerte i 1801-teljninga, *Valborg* var på niande plass og *Eldrid* var på 19. plass.



Figur 4. Fordelinga av alle namna etter opphav.

Det er når vi ser på heile namnetilfanget, at moderniseringa kjem til syne i det små. Det er nemleg på botnen av listene, blant dei minst frekvente namna, at dei moderne formene dukkar opp. Vi må likevel hugse på at moveringsnamn er klassifisert etter føreleddet, og kan såleis være kva kategori som helst.

Det sokna har til felles, er at dei nordiske namna går ned i prosentdel frå 1801 til 1900, medan dei kyrkjelege, dei tyske og dei andre namna aukar i prosent. I 1801 hadde Røldal og Vinje ingen namn i kategorien ”andre namn”, medan Suldal hadde to namn som høyrde til der. I 1900 har Røldal og Vinje fått tre slike namn kvar, medan Suldal i same årstal er oppe i ti namn. Det er òg i Suldal at vi finn den lågaste prosentdelen av nordiske namn både i 1801 og i 1900.

For å oppsummere, er det slik at dei nordiske namna er den mest populære kategorien i alle dei tre prestegjelda i begge folketeljningane. Denne kategorien står sterkast i Vinje og svakast i Suldal, der det berre er eitt prosentpoeng ned til dei kyrkjelege namna i 1900. Medan dei nordiske namna minkar i frekvens frå 1801 til 1900, aukar dei andre kategoriane populariteten. Den nest mest populære kategorien er kyrkjelege namn, og denne var mest frekvent i Røldal i 1801 og Suldal i 1900. Dei tyske namna står sterkast i Suldal og Røldal, medan kategorien ”andre namn” er mest frekvent i Suldal.

8.2 Namneauke og folkeauke

	Røldal	Suldal	Vinje
Folketal 1801, kvinner	198	628	640
Leks. namn 1801	37	66	56
Namneberarar pr. namn, 1801	5,4	9,5	11,4
Folketal 1900, kvinner	429	1081	853
Leks. namn 1900	61	102	73
Namneberarar pr. namn, 1900	7,0	10,6	11,7
Endring i folketal, %	116,7	72,1	33,3
Endring i leks. namn, %	64,9	54,5	30,4

Tabell 15. Oversikt over endringar i folketalet og leksikalske namn frå 1801 til 1900.

I tabellen over ser vi korleis namnetilfanget og talet på kvinner har auka i prosent frå 1801 til 1900. Røldal sitt folketal auka med heile 116,7 prosent i løpet av 1800-talet, Suldal med 72,1 prosent, og Vinje med berre 33,3 prosent. Det er med andre ord Røldal som skil seg ut her, med klart høgast auke i folketalet.

Den same rekkefølga ser vi òg på prosentdelen for endringar i leksikalske namn. Likevel har Røldal det lågaste snittet for namneberarar per namn. Dette ser ut til å ha samanheng med det låge folketalet, slik at dei fleste namna får lågare førekomstar. Som vist i tabell 16 har Røldal høgare kumulativ frekvens enn dei to andre områda i 1801, slik at dette kan ikkje forklare avviket for Røldal. Oppteljing i frekvenslistene (vedlegg kap. 15.1) viser på den andre sida at ein høgare del av den kumulative frekvensen i Røldal kjem under 10 kvinner per namn enn i dei to andre, med 46,5 prosent, 1801 mot 22,7 prosent i Suldal og 15,8 prosent i Vinje. Tilsvarande tal for 1900 er for Røldal 27,6 prosent, Suldal 19,7 prosent og for Vinje 16,6 prosent. Alt dette viser at Røldal skil seg ut med høgare tal for namneberarar med mindre enn ti belegg eller færre enn på dei to andre stadane. Slik får altså Røldal eit lågare snitt i namneberarar per namn.

Medan Røldal skil seg ut som den staden med dei største endringane for desse tre trekka, er Vinje den staden som er mest stabil. Stabiliteten i Vinje kjem til uttrykk gjennom klart minst endringar i folketal (33,3 prosent) og i eit namneutval som har auka berre rundt halvdel i forhold til dei andre stadane i relative tal (30,4 prosent). Dessutan er skilnaden i namneberarar per namn mykje lågare der, med ein auke på berre 0,3 namnberarar i løpet av hundreåret.

Desse resultata med aukande tal for namneberarar per namn skil seg frå det Halvor Gåsland (2011) fann ut for Lærdal og Vang prestegjeld. Der gjekk snittet ned i løpet av 1800-talet, frå høvesvis 19,1 og 18,9 kvinner per namn i 1801, til 11,9 og 17,0 kvinner per namn i 1900 (Gåsland 2011: 124–125, 128). Lærdal hadde 1491 kvinner i 1801, og ikkje meir enn 78 leksikalske namn. Til samanlikning har Suldal 624 kvinner i 1801 og 66 leksikalske namn. Grunnen til at snittet går ned frå 1801 til 1900 for Lærdal og Vang forklarar han slik: "Talet på berarar av kvart namn går ned, noko som er ein konsekvens av at folk vel namn frå eit større namnemateriale [.]" (Gåsland 2011: 138). Grunnen til at dei stadane eg har undersøkt, derimot aukar i snitt, er at det er få som brukar dei nye namna som er komne til. Teljingane for lågfrekvente namn ovanfor viser at delen av slike namn gjekk sterkt ned i Røldal, svakt ned i Suldal og var nesten uendra i Vinje.

8.3 Kumulativ frekvens

Den kumulative frekvensen kan brukast til å samanlikne kor stor del av kvinnene som har eit namn som er over ei viss plassering på lista. Dette kan vi bruke som eit mål på modernisering. Når den kumulative frekvensen har gått ned i løpet av hundreåret er namnetilfanget blitt meir moderne. Det er fordi toppnamna dekkar ein mindre del av namnematerialet. Har frekvensen auka, er det eit teikn på at dei populære namna står sterkare enn før, og namnematerialet er blitt endå meir konservativt.

I tabellen under kan ein sjå kor mange prosent som har eit topp 5-namn, topp 10-namn og topp 15-namn i materialet mitt, i begge folketeljingane.

Kumulativ frekvens						
År	1801	1900	1801	1900	1801	1900
Plass	Topp 5	Topp 5	Topp 10	Topp 10	Topp 15	Topp 15
Røldal	43,4	38,8	64,6	60,3	77,8	74,5
Suldal	42,7	38,7	60,3	55,4	70,5	65,2
Vinje	39,8	47,3	59,4	65,6	73,2	74,8

Tabell 16. Kumulativ frekvens for dei tre prestegjelda.

Landsgjennomsnittet for dei ti mest populære kvinnenamna i åra 1781–1800 er i følge Kruken (1982: 58) 55,4 prosent. Han har òg tal på at Vestlandet ligg på rundt 54 prosent, medan Sørlandet (med Telemark) ligg rundt 52 prosent. I 1801-teljinga ligg alle dei tre prestegjelda over denne prosentdelen, men det er ein viss forskjell i frekvens mellom dei. I Suldal og Vinje har rundt 60 prosent eit topp 10-namn i 1801, medan i Røldal er det tilsvarende talet 64,6 prosent. Dette kan vere påverka av at innbyggartalet var om lag halvparten så lite i Røldal samanlikna med dei to andre prestegjelda. Sjølv om alle sokna har høgare kumulativ frekvens enn landsgjennomsnittet i perioden 1781–1800, skriv Kruken at det ikkje er uvanleg å finne ein frekvens på over 70 prosent for den ti mest brukte namna i ei bygd på 1700-talet og først på 1800-talet (1982: 58).

Den kumulative frekvensen for dei fem mest populære namna er ganske lik mellom prestegjelda i 1801. Når ein ser på frekvensen til dei ti mest populære namna er det Suldal og Vinje som er likast, medan blant dei 15 mest populære er Vinje midt i mellom Suldal og Røldal.

I 1900 har den kumulative frekvensen minka i alle steg i Røldal og Suldal, det er òg det naturlege når folketalet aukar og ein får fleire impulsar utanfrå. I Vinje derimot, er den kumulative frekvensen høgare i 1900 enn i 1801. Vi ser det spesielt på topp 5 og topp 10, der frekvensen har auka om lag sju prosent. Dette er fordi namna i toppen har auka frekvensen. Det er stort sett dei same namna som i 1801, men i 1900 har dei ein større prosentdel av namnetilfanget. Dette er ein sterk indikator på at Vinje ikkje har modernisert namnebruken noko særleg i 1900, men er framleis veldig tradisjonelle. De ti mest populære namna i Vinje i 1900, har ein kumulativ frekvens på 65,6 prosent, medan Røldal har 60,3 prosent og Suldal 55,4 prosent. Som vi ser, blir frekvensen lågare jo nærmare kysten ein kjem.

8.4 Samanlikning av namn og namneformer

Når det gjeld kontakten mellom bygdene, vil eg først nemne den dialektale skilnaden mellom Vinje på den eine sida, og Røldal og Suldal på den andre sida. Den viktigaste skilnaden er at Vinje har ein tendens til e-ending, der Røldal og Suldal har a-ending, som til dømes *Anne* i Vinje og *Anna* i Røldal og Suldal i begge folketeljingane.

I dette underkapitlet vil eg finne ut kva for namn sokna historisk har hatt til felles, og med det finne ut om Røldal har mest til felles med granneprestegjeldet i aust eller sørvest. Det kan vere vanskeleg å vite om eit nordisk namn er kome frå ei anna bygd, eller om det er eit arvenamn. Vi skal her sjå på kva namn og namneformer Røldal og Vinje har til felles, som ikkje finst i Suldal, og på same måte kva namn Suldal og Røldal har til felles.

I tabell 48 (vedlegg) kan vi sjå kva namn prestegjelda hadde til felles i 1801-teljinga. Det hadde blitt for omfattande å gjere det same med 1900-teljinga, men i avsnitta under har eg sjekka namna frå 1801 i denne teljinga òg, for å finne ut kva namn som prestegjelda hadde felles. Difor er det namna frå 1801 som dannar grunnlaget i namneutvalet under.

8.4.1 Røldal og Vinje

Av helgennamnet *Dorotea* har Røldal og Vinje den dialektale varianten *Durdei*⁵. Nærare undersøkingar på *Digitalarkivet* sine nettsider viser at denne varianten var vanleg i Sogn, Hardanger, Vinje og Setesdal. Det finst to belegg i Hjelmeland i Ryfylke i 1801, men ingen i Suldal med denne skrivemåten. Der er det *Dordi* som står oppført i begge folketeljingane. Dermed er dette ein variant som Røldal og Vinje har til felles.

Aasne er eit anna namn som Røldal og Vinje har til felles, både i 1801- og 1900-teljinga. NPL skildrar namnet som vanleg i Telemark og Agder i etterreformatorisk tid (1995: 316). Eit søk på *Aasne* i heile 1900-teljinga viser at utanom 176 belegg i

⁵ I Røldal er namnet skriva *Dordi* i 1801, men *Durdei* i 1900. Tendensen er at namna har ei meir talemålsnær skiftform i den sistnemnde teljinga.

Telemark og nokre titals belegg i Agderfylkene, er det berre fire belegg: eitt i Østfold, eitt i Vestfold og to i Røldal. Nærare undersøking viser at ei av dei to i Røldal er født i Vinje, men med bakgrunn i eitt belegg i 1801⁶ og at eit av 1900-belegga er født i Røldal, ser det ut som at namnet har vore aktiv i namngjevinga der.

To andre ”telemarksnamn” vi finn i Røldal er *Margit* (i 1801 skrive *Margitte*) og *Aslaug*. *Margit* har ifølgje NPL (1995: 193) vore svært mykje brukt i Telemark og Buskerud i etterreformatork tid, og *Aslaug* dei same stadane i tillegg til Agder. Begge namna fekk eit oppsving fram mot 1900 (NPL 1995: 36/193). *Margit* finst ikkje i Suldal i 1801, men har to belegg i 1900 der eine er født i Seljord. *Aslaug* finn vi ikkje i Suldal i folketeljingane.

Gunne er eit siste namn som Røldal kanskje har hatt til felles med Vinje eller Telemark, men det er eit tvilstilfelle. Namnet finst berre i Røldal, bortsett frå eitt belegg i Suldal i 1801. Søker vi på det i 1900-teljinga, ser vi at tyngdepunktet har vore i Hedmark, Østfold og Telemark, slik NPL (1995: 108) òg skriv. Hordaland har 16 belegg på namnet i 1900, og 13 av dei er i Røldal. Rogaland har eit belegg i Egersund, men det viser seg at denne personen er frå Røldal. Sjølv om namnet har hatt eit tyngdepunkt i Telemark, finst det altså ikkje i Vinje i desse to folketeljingane. I Rauland prestegjeld, som fram til 1859 var ein eit sokn under Vinje, er namnet registrert med nokre få belegg i både 1801 og 1900. Anten har namnet vore i Røldal gjennom historia, eller så er det eit namn som har spreidd seg over fjellet.

8.4.2 Røldal og Suldal

Brita og *Berte* er to namn som skil Røldal og Suldal frå Vinje. I dette tilfellet, har Røldal og Suldal vestlandsvarianten *Brita* av *Birgitta*, medan Vinje har austlandsvarianten *Berte*. Sistnemnde finst òg i Røldal og Suldal, men klassifisert som eit tysk namn. Dette har eg grunngeve i kapittel 3.3.

Gunla kjem av *Gunnhilda*, og er eit namn som særleg har vore nytta på Vestlandet (NPL 1995: 109). Namnet finst i begge teljingane i Røldal og Suldal. Det har òg eitt belegg i Vinje i 1900, men det er ei som er født i Røldal. Etter å ha søkt i

⁶ Dette belegget er kommentert under kapittel 4.3.1, då det vart skrive *Aasri*.

folketeljinga, er det klart at namnet i 1900 har eit tyngepunkt i Rogaland. Dermed kan dette vere eit namn som Røldølane har importert frå Suldal.

Randi er representert i Røldal og Suldal i 1801, og berre Suldal i 1900. Sjølv om dei nordiske namna har stått svært sterkt i Vinje, er ikkje namnet representert der. Eit søk i 1900-teljinga for heile landet, viser at Telemark er det fylket som har minst belegg på namnet. Møre og Romsdal og Sør Trøndelag ser ut til å vere kjerneområdet, men namnet er vanleg i heile landet. Dermed er *Randi* eit namn Røldal og Suldal har til felles.

Dei tyske namna *Gjertrud* og *Valborg* er representert i Røldal og Suldal i begge folketeljingane. I Vinje er det berre eitt belegg på *Gjertrud* i 1900, og ho er født i Mo Prestegjeld. Av dei tre prestegjelda er det Vinje som har den lågaste frekvensen av tyske namn. Dermed er desse to namna noko Røldal og Suldal har til felles, og ein skal ikkje sjå bort i frå at dei tyske namna kom til Røldal via Suldal.

Til sist, har vi to kyrkjelege namn som kanskje ikkje er så viktige i denne samanhengen, men eg har tatt dei med likevel. *Eli* og *Helene* har Røldal og Suldal til felles i 1801, og medan *Eli* framleis er begge stadar i 1900, finst *Helene* berre i Suldal. Begge namna var vanlege i heile landet, og hadde ikkje noko geografisk særrområde. Grunnen til at desse ikkje er i Vinje, kan vere tilfeldig, då namna finst i granneprestegjelda i Telemark.

8.4.5 Har Røldal flest namn til felles med Suldal eller Vinje?

Det er Suldal som har flest namn til felles med Røldal når vi tar utgangspunkt i 1801-teljinga. Desse namna er nordiske, kyrkjelege og tyske, og fleire av dei er namn som har hatt eit tyngepunkt på Vestlandet. Dei namna Vinje og Røldal har til felles, er for det meste nordiske. Dette kan gjere det vanskeleg å seie noko om namna er henta frå Vinje, eller om dei har vore i Røldal gjennom tidene. Dermed kan det sjå ut som at Røldal har hatt eit meir vestlandsprega namnetilfang historisk. Korleis det ser ut etter moderniseringa, skal vi sjå i dei neste kapitla.

9. Spor av modernitet

9.1 Kva var modernitet i samfunnet på 1800-talet?

I dette kapittelet vil eg peike på moderniseringstrekk i namnematerialet for dei tre stadane eg har undersøkt. Men først vil eg gjere greie for årsakene til moderniteten i samfunnet, og kva for moderniseringstrekk vi bør sjå etter i namnematerialet.

På slutten av 1700-talet og utover 1800-talet starta ein i Noreg i større grad å ta inn impulsar frå utlandet. Det var først adelen og dei geistlege som tok i bruk nye namneimpulsar, deretter ”vanlege folk”. Langs kysten og i Nord-Noreg tok dei imot fleire nye impulsar enn i fjellbygdene i innlandet, noko som førte til at talet på nordiske namn gjekk ned der (jf. Kruken 1982: 60). Dette var fordi kyststrøka hadde meir kontakt gjennom handel både seg i mellom og med utlandet.

På 1800-talet opplevde Noreg ein ekstrem folketilvekst. I områda som denne undersøkinga tek føre seg vart folketalet dobla i løpet av hundreåret mellom 1800 og 1900, trass i stor utvandring til Amerika frå desse bygdene. Sverre Mørkhagen (2009) nemner at betre potetavlingar, rikt sildefiske og betre kommunikasjon, samt aukande verksemd i handelen, noko som førte til rikare tilgang på korn, var sentrale grunnar til folketilveksten på 1800-talet. I tillegg redda koppevaksinen livet til mange barn, etter at den vart innført på byrjinga av 1800-talet (Mørkhagen 2009: 146).

Sidan Stavanger var den første staden amerikaskipa gjekk frå, var det mange frå Suldal og Ryfylke som starta tidleg med å reise ut. Utvandringa til Amerika var ein konsekvens av folkeaukinga, men i desse områda var eit ønske om religionsfridom for kvekarar og haugianarar òg ein grunn til å dra. I Røldal utvandra 86 kvekarar i åra før 1870 (Mørkhagen 2009: 154), noko som var eit stort tal med tanke på folketalet i bygda. Ein anna konsekvens av folketilveksten var at mange husmannsplassar vart rydda til på bygdene, og mange av desse fattige familiane drog til Amerika med ønske om eigen gard. Sjølv om mange emigrerte i desse bygdene, er folketalet nesten dobbelt så stort i 1900 som i 1801. I tillegg var det mange som flytta inn til byen, der dei braut med bondelivet og mange av tradisjonane, som til dømes namneoppkalling.

Kommunikasjonen vart òg betra på 1800-talet. Vegutbygginga førte til betre samferdsel, og meir kontakt mellom bygdene. I tillegg kom det vegarbeidarar frå andre delar av landet, og frå Sverige, til bygdene for å bu og jobbe i nokre år. Desse hadde andre og meir moderne namneskikkar enn lokalbefolkninga, noko som etter kvart kan ha påverka namnevalet dei lokale foreldra gjorde.

9.2 Kva for modernitetstrekk kan vi finne i namnematerialet på 1800-talet?

Movering av kvinnenamn er ein innlånt tradisjon, som kom til Noreg på 1700-talet. Denne måten å lage namn på auka i popularitet i løpet av 1800-talet. Prinsippet er å legge til ei ending, oftast *-ine*, til eit mannsnamn og soleis få eit nytt namn.

Kvinnenamn kunne òg få påført *ine*-ending. Døme på slike namn er *Hansine* av *Hans*, og *Gurine* av *Guri*. Kruken kallar det for avleiingar:

Blant kvinnenamna er avleiingstypene fleire og moten langt sterkare [enn blant mannsamna]. Dei vanlegaste endingane er *-(i)a*, *-etta*, *-ikka* og *-ina*. Dei har ymis språkleg bakgrunn: *-ikka* tysk, *-etta* og *-ina* romansk og ytst latinsk og *-(i)a* samleis latinsk. Men her til lands kom impulsen i all hovudsak over Danmark, som og har eit sterkt innslag av slike namn i perioden. (Kruken 1982: 63)

Denne tradisjonen kom altså i hovudsak til Noreg frå Danmark, men den har ulikt språkleg opphav. Det er verdt å merke seg at nokre namn er innlånt i si fulle form. *Kristina* er eit namn som kom inn tidlegare, det finst òg ei norsk form, nemleg *Kristin*. Andre namn som er innlånt i heil form, er blant anna *Karoline*, *Henriette* og *Johanna* (Kruken 1982: 63). Etter kvart vart avleiingane brukt på fleire namn, òg nordiske. Såleis finn vi former som *Amunda* og *Østine*.

Eli Fure (1990) har undersøkt namn i Asker og Bærum frå siste del av 1700-talet og utover 1800-talet. Dette er eit område som tidleg tok til seg nye impulsar, men sidan undersøkingane hennar starta før mine, finn ho tendensar som eg kan samanlikne med mitt område i 1900. "Litt uti listen over de tyve vanligste navnene fra 1801-tellingen [...] kan vi allerede skimte noen endringer i den tradisjonelle navnemassen" (Fure 1990: 40). Endringane ho peikar på, er for det første movering av mannsnamn, og for

det andre *ine*-suffiks på opphavlege kvinnenamn. Den tredje tendensen er ein auke av dobbelnamn. Den siste tendensen ho peikar på, er at dei danske formene *Maren* og *Karen* tar over for dei norske formene *Mari* og *Kari*. ”Det felles mønster for alle disse fire endringene i kvinnenavn er altså at navnene ble mindre norske, lengre og mer kompliserte” (Fure 1990: 41).

Ane Landøy sin artikkel, ”Modernisering i namnebruk” (1995), har òg fire indikasjonar på modernisering. Den første indikasjonen er endringar i den totale namnemassen utover hundreåret, ”og endringar blant dei mest populære namna, slik at namn som er populære tidleg i hundreåret vert erstatta av andre namn seinare i hundreåret” (Landøy 1995: 52). Den neste indikasjonen ho peikar på, er ei meir moderne haldning til kvar namna er henta frå. Døme på dette er nye kyrkjelege namn, som etter kvart blir pressa av nye utanlandske namn, som til slutt blir pressa av dei nordiske når den nordiske namnerenessansen gjer seg gjeldande i bygdene (Kruken 1982 i Landøy 1995: 52). Den tredje indikasjonen er ein auke av moverte kvinnenamn, og den fjerde og siste indikasjonen, er bruk av dobbelnamn (Landøy 1995: 53–54).

I siste halvdel av 1800-talet får vi ei ny interesse for norsk språk, musikk og folkeminne (Aarset 1982a: 66). Unionen med Danmark er over, og nasjonalromantikken blomstrar i Noreg. Namnetilfanget blir påverka av dette, og dei nordiske namna får ein ny renessanse. Aarset (1982a: 67) skriv at Ibsen og Bjørnson si dikting hadde mange nordiske namn som folk byrja å bruke. *Einar*, *Kåre*, *Solveig*, *Åse*, *Arne* og *Ingrid* er døme på dette. Frå Snorre si kongesoge fekk *Tryggve*, *Sverre* og *Håkon* ein ny vår.

Ein anna tendens var at namna fekk tilbake den historisk korrekte skriveforma. *Guro* vart til *Gudrun*, *Siri* vart til *Sigrid* og *Solvi* vart til *Solveig*. Likevel var det ofte slik at gamle og nye former levde side om side (Aarset 1982a: 67).

Sidan den nordiske namnerenessansen ikkje starta før i andre halvdel av 1800-talet, her òg først i byane og i høgare sosiale lag, er det ikkje sikkert eg finn så mange spor etter den i mine undersøkingar.

I dei neste underkapitla kjem eg til å sjå etter spor av modernitet, ved å sjå på endringar i namnematerialet frå 1801- til 1900-teljinga, med vekt på Landøy (1995) sine indikasjonar, spesielt dobbelnamn, avleiingsnamn og den nordiske namnerenessansen. Dobbelnamn kjem i eit eige kapittel, fordi det er brukt ein anna metode til å undersøke denne tendensen. Gammaltestamentlege namn og kortformer av utanlandske namn er òg noko eg vil halde utkikk etter, då det er lite av dette i 1801. I tillegg vil eg kommentere europeiske motenamn, eit omgrep som her tyder namn som fekk ein auka popularitet, men som kjem utanom dei andre kategoriane.

Sidan toppnamn og opphav i begge folketeljingane allereie er kommenterte, kjem eg ikkje til å leggje vekt på det her. Det er først lenger nede i listene ein ser spor av modernitet i desse områda, dei mest populære namna har klart å halde seg stabile gjennom desse hundre åra (jf. kap. 5–7).

9.3 Modernisering i dei tre prestegjelda

9.3.1 Modernisering i Røldal

I 1801-teljinga var det 37 leksikalske namn i Røldal, og i 1900 har dette auka med 24 namn, til 61. Dei ti mest populære namna i 1900, bortsett frå to namn, er dei same som i 1801, noko som fortel om stabilitet blant toppnamna.

I 1801 hadde Røldal ingen *ine*-namn bortsett frå *Kirstine*, som ikkje er eit avleiingsnamn. I 1900 ser vi at tradisjonen med moving har slått igjennom i bygda. Knut og Alma Dalen skriv i *Røldal bygdebok*: ”Den uskikken å omlaga eit mannsnamn til kvinnenamn, som Ola til Olina eller Lars til Larsina, tok dei fyrst til med kring 1880-åra” (1960: 51). Ved å kalla det for ”den uskikken”, viser bygdebokforfattarane at dette var noko som braut med namnegjevingstradisjonen i bygda, og alle var kanskje ikkje like oppglødd over den nye skikken. Likevel finn vi eit movert namn i 1865-teljinga, mest sannsynleg det første i Røldal. Det er ei to år gamal jente som har fått namnet *Olina*, og familien er lokale bønder.

Det mest populære avleiingsnamnet i 1900 er heilt klart *Oline* på 16. plass, med åtte belegg. Dette er det einaste avleiingsnamnet med meir enn eitt belegg i Røldal. Dei resterande namna på lista er: *Andrine*, *Eldrine*, *Hansine*, *Berthine*, *Jørgine*, *Larsine*, *Marthine* og *Nikoline*. Bortsett frå *Eldrine* og *Berthine*, har alle utgangspunkt i eit

mannsnamn. *Eldrine* kjem av *Eldrid*, som vi finn i 1900-teljinga her, og i begge folketeljingane i Suldal. *Berthine* er her mest sannsynleg laga av *Berthe/a*, som òg er i bruk i prestegjeldet.

Vi finn òg avleidde namn som er importert i heil form, nemleg *Kristine* (26. pl.), *Johanna*, *Karina* og *Karoline* (alle 37. pl.). *Karina* kjem av *Katrine*, og er ei nordisk form som har vore i bruk i landet sidan 1400-talet (NPL 1995: 161). Akkurat som *Kristine*, er dette eit namn som vart tatt i bruk lenge før *ine*-trenden kom. I 1801 hadde *Kirstine*, som var slått saman med *Kristine*, åtte belegg og låg på sjuandeplass. No har *Kristine* berre tre belegg, og dermed ser vi at dette namnet har gått ein del tilbake med tanke på populariteten tidlegare. Dei tre andre var ikkje med i 1801-teljinga.

Det finst nokre spor etter den nordiske namnerenessansen. *Gudrun* er eit namn som er påverka av dette fenomenet. *Guro*, som hadde to belegg og låg på 23. plass i 1801, er ein nedarva variant av *Gudrun*. I 1900 ligg *Guro* på 26. plass med tre belegg, medan *Gudrun* ligg på 37. plass med eitt belegg. Ifølgje NPL vart *Gudrun* til *Guro* i tidleg nytid, medan "[f]orma *Gudrun* kom i bruk att på historisk-litterært grunnlag kring midten av 1800-t. og vart snøgt eit svært populært namn, med ein topp kring 1900" (1995: 105).

Eit anna namn som kanskje var påverka av den nordiske namnerenessansen, er *Sigrid*. I 1801 var det berre den nedarva forma *Siri* som fanst i Røldal. I 1900 er det ni belegg på *Sigrid* og like mange på *Siri*. Men sidan skrivemåtane varierer frå kjelde til kjelde, er det vanskeleg å slå fast om dette berre er eit skriftfenomen, i alle fall i byrjinga, og ikkje slik dei uttala namnet.

Når det gjeld Fure (1990) sitt moment om at *Kari* og *Mari* vart til *Karen* og *Maren*, ser ikkje dette ut til å gjelde her. Det er heller omvendt, det vil seie at den danske skriftvarianten *Karen* er gått ut av bruk, og den talemålsnære versjonen *Kari* er brukt i kjeldene.

Andre spor av modernitet er kortformer som *Thea* (22. pl.) og *Lisa* (37. pl.). Ingen av desse var representerte i 1801. *Thea* er ei kortform av *Dorothea* eller *Teodora* og mest

sannsynleg laga i Noreg, medan *Lisa*, som kjem av *Elisabeth*, mest sannsynleg er importert frå tysk i full form.

For å oppsummere, kan vi seie at Røldal til ein viss grad har modernisert namnetilfanget. Dei starta seint med avleiingsnamn, og har i 1900 berre dei mest vanlege *ine*-namna. Det er òg eitt namn som kan vise til den nordiske namnerenessansen, nemleg *Gudrun*. Det er ingen gamaltestamentlege namn i denne folketeljinga.

9.3.2 Modernisering i Suldal

I 1801 var det 66 leksikalske namn. Fram til 1900 auka dette talet med 36 namn, til 102. Sjølv om det kom mange nye namn, er det relativt stabilt blant toppnamna her òg. Frå 1801 til 1900 blir tre av dei ti mest populære namna skifta ut, desse tre nye var blant dei 20 mest frekvente i 1801.

I dette prestegjeldet har det kome inn mange nye namn i løpet av 1800-talet, men når vi ser på namnetilfanget i 1801, er det allereie her enkelte namn som kan tyde på modernitet. *Andrea* har eitt belegg i 1801, men det er kona til den suspenderte klokkaren som har dette moverte namnet. Ho var òg dotter til den suspenderte soknepresten. Dermed er det ei kvinne frå det høgare sosiale lag vi har med å gjere.

Annikke dukkar òg opp i 1801-teljinga med eitt belegg. Denne kvinna er født i Suldal, og begge foreldra er frå prestegjeldet. *Annikke* er truleg ein variant av *Annikken*, som er ei tysk diminutivsform av *Anna* (NPL 1995: 28), og importert i heil form. Om dette er eit moderne namn i 1801 kan diskuterast, men etter å ha søkt på digitalarkivet sine sider, ser eg at dette namnet ikkje var vanleg i Rogaland på det aktuelle tidspunktet. Når vi ser på dei ymse skrivemåtane av *Annik*, *Annikke* og *Annikken*, finn vi 374 kvinner på landsbasis som heiter dette i 1801, berre ni av desse kvinnene er frå Stavanger amt. Dermed er ikkje dette eit namn som er vanleg i området, og det er ingen om heiter *Annikke* i Suldal når vi kjem til 1900. Sidan det ser ut som dette namnet kjem utanfrå, og ikkje er vanleg i bygda, ser eg på det som moderne.

I 1801 er det to belegg på den innlånte kortforma *Elsa*. Dette er to barn, som er døtrer av vanlege suldalsbønder.

Når vi ser på 1900-teljinga, er det kome til ti avleidde kvinnenamn med meir enn eitt belegg. Desse er: *Olina* (22 belegg), *Gurina* (10), *Taletta* (7), *Larsine* (5), *Serine* (4), *Martine* (3), *Svenine* (3), *Bertine* (2), *Josefine* (2) og *Pauline* (2). Avleiingsnamn med eitt belegg er: *Andrea*, *Georgine*, *Jakobine*, *Olava*, *Osmunde*, *Petra*, *Randina*, *Sameline*, *Torina*, *Valtine* og *Østine*. Forledda her har ymse opphav, kyrkjelege, nordiske, latinske og tyske namn er alle representert. I tillegg finn vi kortformene *Tine* (2) og *Stine* (1).

Eldre importerte avleiingsnamn, som *Johanna* (33. pl.), *Kristina* (47. pl.) og *Karoline* (55. pl.) finn vi òg, i tillegg til kortformer som *Else* (55. pl.), *Tea* (55. pl.), *Lisa* (71. pl.) og *Nelly* (71. pl.).

Når det gjeld den nordiske namnerenessansen, ser vi nokre teikn til den her. *Ragna* (55. pl.), *Tora* (55. pl.) og *Gudrun* (71. pl.) er nordiske namn som ikkje var representert i 1801-teljinga, og som kan vere renessansenamn.

Ragna var særleg nytta i Hordaland i etterreformatorisk tid, men vart eit allment og svært populært namn i heile landet på slutten av 1800-talet (NPL 1995: 235). Etter å ha undersøkt litt i 1801-teljinga, fann eg ut at namnet var representert i fleire av granneprestegjelda. I 1865-teljinga er det òg representert i Suldal, og difor er nok ikkje dette noko renessansenamn her. Det same gjeld *Tora*, som var allment i mellomalderen, og var mykje nytta i etterreformatorisk tid sønnafjells (NPL 1995: 283). Det er ikkje i bruk i Suldal i 1801, men i 1865 har det eitt belegg.

Desse to namna kunne vore renessansenamn om dei hadde fått ein stor oppsving fram til 1900-teljinga, men sidan det berre er snakk om eitt til to belegg, noko som er det same som dei hadde i 1865, blir det vanskeleg å kalle dei for dette.

Gudrun er som tidlegare nemnd eit namn som vart til *Guro* i tidleg nytid (NPL 1995: 105). Her, som i Røldal, har namnet eitt belegg i 1900, medan *Guro* har tolv belegg og ligg på 22. plass. Grunnen til at dette kan klassifiserast som eit renessansenamn, er

at denne forma ikkje har eksistert i dette området tidlegare. *Guðrun* er eit typisk historisk-litterært namn, og dermed eit typisk renessansenamn.

Eit anna trekk, som vi òg ser her, er at *Sigríð* kjem i bruk og blir blanda saman med *Siri* i kjeldene. Medan det i Røldal i 1900 var like mange av kvar variant, er det i Suldal 34 *Siri/Seri/Sire* og 13 *Sigríð*. Den historisk-litterære forma er med andre ord mindre populær her enn i Røldal.

Av gamlestamentlege namn finn vi no *Rakel* (55. pl.) og *Hanna* (71. pl.), sjølv om sistnemnde kan vere ei kortform av *Johanna*. *Rakel* var ikkje representert i 1801- eller 1865-teljningane, men i 1900 er det to belegg. Namnet har hatt eit tyngepunkt på Vestlandet, og spesielt Rogaland om ein søker på det i folketeljningane. Likevel har det ikkje vore vanleg i Suldal før 1900. *Hanna* var heller ikkje representert i tidlegare folketeljningar, men i 1865 finst det i grannekommunane.

Agnes og *Laura* er òg verdt å kommentere. Førstnemnde er eit gresk namn som vart svært populært i Noreg på slutten av 1800-talet, sjølv om det er kjent i landet sidan 1200-talet (NPL 1995: 17). Sistnemnde er italiensk, og opplevde same popularitet som *Agnes* på slutten av 1800-talet i Noreg. Dei er det ein kan kalle europeiske motenamn. Ingen av desse namna var i 1801-teljninga for Suldal. *Agnes* hadde berre tre belegg i heile Rogaland i 1865, medan *Laura* var meir populært og hadde fleire belegg i granneprestegjelda i 1865.

Suldal har altså mange modernitetstrekk i namnetilfanget i 1900, sjølv om det er i siste halvdel av frekvenslista ein ser dei fleste trekka. Det er eit stort utval av avleiingsnamn, enkelte teikn på nordisk namnerenessanse og nokre få motenamn.

9.3.3 Modernisering i Vinje

Vinje hadde 56 leksikalske namn i 1801. I 1900 er det tilsvarande talet 73, det vil seie ein auke på 16 namn. Her var det ein mindre vekst enn dei to andre stadane, noko som er eit teikn på lite modernisering. Det er to namn som er skifta ut blant dei ti mest frekvente frå 1801 til 1900, og dei to var på tolvte- og trettandeplass i 1801. Det er med andre ord lite nytt i toppen av lista.

Dette er den mest tradisjonsrike staden i denne undersøkinga, og hypotesen min er at det er minst modernitet å spore her og i Røldal. Av namn med moderne trekk i 1801 finn vi dottera og søstera til soknepresten sine doble førenamn, nemleg *Engelke Cathrine* og *Dorthe Kirstine*. I tillegg har vi *Christense*, som er ei romansk diminutivform av namn på *Krist-* (NPL 1995: 172), og som har eitt belegg her i 1801. Dette er ei vanleg bondekone, og vi kan då gå ut i frå at dette namnet, som ifølgje NPL var eindel brukt på 1700-talet, ikkje var uvanleg i området. Den tyske kortforma *Else* har fire belegg og ligg på 30. plass i 1801, medan *Mette* har to belegg og er på 37. plass. Desse namna ser ut til å vere veletablerte i området. Bortsett frå dei namna som er nemnde i dette avsnittet, er det stort sett berre nordiske og gamle kyrkjelege namn på lista.

Ein liten kikk på 1865-teljinga viser ingen *ine*-namn, bortsett frå *Cathrine* og *Kirstine*, men i 1900 finn vi fleire avleiingsnamn. Dei med meir enn eitt belegg er *Andrea* og *Oline*, begge med tre belegg kvar på 39. plass. Deretter finn vi dei som er innlånte i full form: *Kristense*, som òg har tre belegg, og vidare *Johanne* og *Kristine*, som har to belegg kvar på 46 plass. Avleidde namn med eitt belegg er: *Arnolda*, *Gurine*, *Gustava*, *Leonarda*, *Kjerstina* og *Olava* (51. plass).

Sidan det er så få moverte namn i dette området, er det verdt å nemne kva for namn som tilhøyrrer lokalbefolkninga og kva som er namn frå høgare sosiale lag. *Arnolda* og *Gustava* finn vi i familien til soknepresten. Kona står oppført som *Gustava N.K.*, medan eine dottera heiter *Lovise Arnolda*. *Leonarda* er namnet til kommunelegen si dotter, og ho står oppført som ”frøken”. Dermed er det dei tradisjonelle og vanlegaste avleidde namna *Andrea*, *Oline*, *Gurine*, *Kjerstina* og *Olav*, vinjefolket har nytta, i tillegg til dei som er innlånt i heil form.

Laurense er òg eit namn med eitt belegg som er verdt å nemne. NPL skriv at det er eit latinsk namn som er litt brukt i Rogaland på 1800-talet (1995: 176). Kvinna som heiter dette, kjem frå Helleland i Sand prestegjeld, som ligg i Rogaland. Det forklarar korleis dette eksotiske namnet har kome seg til Vinje.

Når det gjeld den nordiske namnerenessansen, er den vanskelig å spore i eit område som har halde så godt på dei nordiske arvenamna gjennom tidene. Ragna er det einaste renessansesporet eg finn. I 1801 var det ingen i Bratsberg amt som sto oppført med dette namnet, og i 1865 er det berre eitt belegg i amtet. Dette er ein klar indikator på at namnet ikkje hadde nokon lokal tradisjon, til skilnad frå i Suldal.

Når det gjeld importerte kortformer, ligg *Else* no på 23. plass mot 30. plass i 1801. *Mette* er ikkje representert i 1900-teljinga, og eg finn heller ingen andre kortformer av importerte namn.

Av gamaltestamentlege namn, finn vi no *Sara* på 33. plass og *Hanna* på 51. plass. Førstnemnde hadde eitt belegg i 1865, medan sistnemnde ikkje var representert i den folketeljinga. Når det gjeld europeiske motenamn, finn vi for første gong *Gunda*, med eitt belegg på 51. plass.

Namnetilfanget er framleis tradisjonelt i Vinje i 1900, men som vi har sett, er det enkelte modernitetstendensar. Avleidde namn er kome inn i namnetilfanget, sjølv om det berre er eit lite utval med slike namn. Det har òg kome inn to gamaltestamentlege namn og eitt europeisk motenamn. Dessutan vart eitt namn klassifisert som renessansenamn.

10. Dobbelnamn

10.1 Bakgrunn

Eg har valt å nytte omgrepet *dobbelnamn* for skikken med å gje barn to eller fleire førenamn. Terje Aarset diskuterer dette omgrepet, og skriv at "[d]et er få som definerer termen, men av bruken ser vi at dobbelnamn er ein samleterm for kombinasjonen av to eller fleire namn" (1983: 90). Dette omgrepet er enkelt å forstå, og det som er det mest vanlege å bruke. Ein alternativ term kunne vore Gulbrand Alhaug (2003/04) si nemning *fleirnamnsskikken*. Men sidan det med få unntak er to førenamn som dukkar opp i mine undersøkingar, held eg meg til dobbelnamntermen.

Aarset skriv at "[s]kikken med å gi borna to eller fleire namn er unorsk og er komen til oss utanfrå" (1982b: 88). Bruken av dobbelnamn kom frå konge- og adelsfamiliar i grannelanda, og spreidde seg til embets- og borgarstanden i Noreg på slutten av 1600-talet. "Etter kvart som det strenge oppkallingssystemet gjekk i oppløysning og namngivinga vart friare, tok også vanlege folk til å bruke dobbelnamn, først i byar og tettstader, seinare på bygdene" (Aarset 1982b: 88).

Det er store geografiske variasjonar i bruken av dobbelnamn, både i tidspunkt for når dei kjem i bruk, og i den utbreiinga dei får. Frå Hadsel i Nordland har Arvid Bræck (1979) undersøkt namnetilfanget frå år 1500 til moderne tid. Dobbelnamna kom til området så tidleg som 1697, og allereie i perioden 1754–75 var denne skikken vanleg for både kvinner og menn (1979: 247–249). I perioden 1840–46 har heile 89,3 prosent av kvinner og menn to førenamn (1979: 249). Dette er eit døme på eit område som i stor grad nytta dobbelnamn, slik som det ofte vart langs kysten. Aarset ser dette mønsteret i dobbelnamnbruk:

Det ser ut til at dobbelnamn kjem først i bruk i kyststrøk i vest og nord, i tettstader tidlegare enn omlandet omkring. Dobbelnamna kjem først i bruk blant kvinner, og går seinast ut av bruk i kvinnenamn. Dobbelnamnfrekvensen er også jamt over høgast for kvinner. Skikken med tre namn ser særleg ut til å vere utbreidd i vest og nord, og han held seg lengst i nord. (1982b: 89)

Dette passar godt med tanke på mine funn, nemleg at dobbelnamna kom seint i bruk i desse tre innlandsbygdene. Gulbrand Alhaug har rekna seg fram til at om lag åtte prosent av kvinnene har minst to førenamn i 1801-teljinga (2003/04: 63). I mine undersøkingar er det berre prestedøtrer og - koner som har meir enn eitt førenamn i 1801-teljinga.

Med tanke på kjelder har eg valt ein anna metode når det gjeld undersøkinga av dobbelnamn, og det er difor det har blitt eit eige kapittel. I folketeljinga av 1900 dukkar det opp relativt få dobbelnamn i desse tre prestegjelda. Difor har eg valt å bruke kyrkjebøkene som kjelde, i tillegg til folketeljingane. Dei namna eg har funne i kyrkjeboka, som ikkje står oppført i lag med same person i folketeljinga, er ikkje lagt til i namnelistene i den delen av oppgåva som ikkje gjeld dobbelnamn. Dette er fordi det òg kan vere tilflytta personar som eigentleg har to førenamn, men som står oppført med eitt namn. Det hadde blitt alt for omfattande å finne dåpen til desse òg. Det kunne fort blitt ei skeivfordeling, og difor har eg valt å skilje dobbelnamnundersøkinga frå resten av oppgåva.

Alhaug (2003/04: 67) meiner at det har vore ei underrapportering av førenamn. Dette fann Alf Bjørge Aschim (1995) ut då han undersøkte personnamnsskikken i Lyngen frå 1750 til 1969. Aschim brukte kyrkjebøker som kjelde. Då han samanlikna materialet sitt med ei anna undersøking av same område, der berre folketeljingar var brukt, fann han ein stor skilnad. Den andre undersøkinga (Sjursen 1993, referert etter Aschim 1995: 195) hevda at 44 prosent av kvinnene hadde dobbelnamn i perioden 1840–1900, medan Aschim (s.st) kom fram til 75 prosent for same periode. Ein kan stille spørsmålsteikn til kvifor det ikkje har blitt opplyst om alle førenamna til personane i folketeljingane, verken Alhaug eller Aschim har spekulert på dette.

Det er tre faktorar som kan ha vore gjeldande når nedskrivarane av folketeljinga gjekk rundt. Anten trefte dei på namneberaren sjølv, og skreiv ned det han opplyste om av namn, eller så var det ein heimelsperson, fordi namneberaren ikkje var til stades eller på andre måtar ikkje var skikka til å opplyse om namn sjølv (på grunn av alder, sjukdom osv.). Grunnen til at ein då berre opplyste om eitt namn, kan vere fordi det var dette eine namnet som vart nytta i daglegtalet, eller at den som rapporterte namna i husstanden ikkje kunne døypenamnet til alle som budde der (til dømes arbeidskarar

og tenestejenter). Ein siste faktor kan ha vore at sjølv om det vart opplyst om fleire førenamn, har ikkje nedskrivaren oppfatta det, eller sett bort frå det.

Dobbelnamnundersøkinga mi går ut på å finne ut når denne skikken byrja å vise seg i dei utvalte bygdene, og kven som fekk fleire førenamn. For å få til dette, har eg bladd meg igjennom kyrkjebøkene frå 1800 til 1900. Grunnen til at eg byrjar i dette årstalet, er at det er høgst sannsynleg ikkje var noko dobbelnamn før 1800, bortsett frå prestebarn. Dei eldste kyrkjebøkene kan vere rotete og vanskelege å lese, difor må vi ta atterhald om at eg kan ha gått glipp av noko. Enkelte periodar manglar dessverre. Dette gjeld sokna Vinje og Grungedal, som manglar kyrkjebøker i åra 1893–1900. Det einaste materialet eg har frå Vinje prestegjeld i denne perioden, er Nesland sokn.

10.2 Inndeling i kategoriar

Dobbelnamnberarane er delt inn i fire kategoriar: Prestebarn, barn der minst ein av foreldra er innflyttarar, barn av omstreifarar/tatarar/samar og barn der begge foreldra er frå prestegjeldet.

Den første kategorien er prestebarn. Prestane i desse bygdene kom frå rundt om i heile landet. Dei var ein del av eit høgare sosialt lag, og tok i bruk nye namneskikkar tidleg. Difor er ein stor del av mitt materiale, spesielt på byrjinga av 1800-talet, prestebarn med fleire førenamn.

Neste kategori, som er barn der minst ein av foreldra er innflyttarar, inneheld for det meste familiar der ein eller begge foreldra er frå ei grannebygd, i tillegg til barn av vegarbeidarar.

Det har vore mange vegarbeidarar i alle dei tre prestegjelda, stort sett frå 1870-åra og fram til hundreårsskiftet. Vegen frå Suldalsosen til Sand vart ferdig rundt 1875, og vegen mellom Røldal og Suldal var ferdig i 1892. Det kom òg dampbåt på Suldalsvatnet i 1885 (Tjeltveit 1999). Arbeidet med å byggje vegen over Haukelifjell, mellom Aust- og Vestlandet, som gjekk gjennom Røldal, starta på slutten av 1870-talet. Vegarbeidarane tok ofte med seg familiare sine, og dei kom frå både aust og vest i Noreg, nokre heilt frå Sverige. Desse arbeidarane kom frå stadar der dei i større

grad hadde omfamna nye namneskikkar, slik som dobbelnamn og avleiingsnamn. Det var sjeldan vegarbeidarane vart verande i bygda etter at vegen var ferdig, men nokre få gifta seg med lokale kvinner og busette seg der.

Kategorien barn av omstreifarar/tatarar/samar fann eg nødvendig å ta med, då det dukka opp fleire av desse. Sidan dei ikkje var fastbuande, verka det best å ha dei i ein eigen kategori. I dei fleste tilfella er far til barnet omtala som ”omstreifer” i kyrkjeboka, og i eitt tilfelle står det i tillegg ”av fandefolket”. Thor Gotaas skriv i *Taterne: Livskampen og eventyret* (2000) at dei som vandra på austlandet vart kalla tatarar, medan det tilsvarende namnet på Sørlandet var fantar. På Vestlandet vart dei kalla for splintar. Fantane og splintane brukte ofte båt for å komme seg rundt, medan taterane brukte beina eller hestekjerre. Det er vanskeleg å vite om dei som står i kyrkjebøkene her var i eitt reisefølgje eller ikkje, då fadrane til dåpsbarnet var lokale folk.

Den siste kategorien er barn der begge foreldra er født i det gjeldande prestegjeldet. For å finne ut av dette har eg brukt folketeljingar og bygdebøker.

I vedlegg 15.4 er alle dobbelnamnberarane i prestegjelda lista opp kronologisk, og det er lagt inn informasjon om kven foreldra var og tittelen til faren. Vidare har eg prøvd å finne dei igjen i 1900-teljinga ved anten å søkje etter personen i prestegjeldet, eller bruke ”søk i alle basar”-funksjonen hos digitalarkivet. Bygdebøker har òg vore til stor hjelp i dette arbeidet. Der kan ein, ved hjelp av foreldra sine namn og bustaden til familien, finne mykje informasjon. Ofte har desse kjeldene vist at dobbelnamnberarar frå kyrkjeboka anten har døydd før 1900, eller har emigrert til Amerika. Det har òg hendt at skrifta i kyrkjeboka har vore vanskeleg å tyde, men eg har forstått såpass at eg kan finne familien i bygdeboka og kan hente ut informasjonen som mangla der.

10.3 Dobbelsnamn, Røldal 1800–1900.

Det er ingen i 1801-teljinga for Røldal som har fleire førenamn. Bygda fekk ikkje eigen prest før i 1849, og difor har det ikkje vore geistlege som kan ha fremma skikken før dette. I 1865-teljinga er det berre prestefrua som har dobbelnamn.

I alt er det 14 dåpsbarn med dobbelnamn i kyrkjebøkene for Røldal i perioden 1800–1900. Dette er eit svært lågt tal. Det første dobbelnamnet dukkar opp så seint som i 1854, og det er dottera til sokneprest Jan Greve. Dei to neste dobbelnamna i Røldal tilhøyrt òg prestedøtrer, som vart døypt i 1861 og 1871. På slutten av 1870-talet kom vegarbeidarane til Røldal, og det fjerde dobbelnamnet tilhøyrt ei dotter av ein vegarbeidar, ho vart født i 1877.

Periode	Prestebarn	Innflyttarar	Omstreifande	Lokale	Sum
1850-1859	1				1
1860-1869	1				1
1870-1879	1	1			2
1880-1889	1	3			4
1890-1899		2	2	2	6
Sum	4	6	2	2	14

Tabell 17. Dobbeltamnførekomsar fordelt på tiårsperiodar i Røldal.

Som vi ser i tabellen, er den største gruppa barn av innflyttarar med seks belegg. Her er det berre vegarbeidarbarn, bortsett frå eit tilfelle der faren var ein bonde frå Sand i Ryfylke. Dernest har vi fire prestebarn, medan kategoriane omstreifarar og barn med begge foreldre frå Røldal inneheld to belegg kvar.

I omstreifarkategorien er det først eit barn frå ein familie der faren har tittelen ”omstreifer”. I ein merknad i kyrkjeboka står det: ”Paa reise østenfra forlangte faderen barnedaab og forklarede at de ikke var giftes” (Klokkebok 1887–1917, folio 23). Dette var det einaste tilfelle av omstreifarar i kyrkjebøkene for Røldal. Neste tilfelle i denne kategorien gjeld ein familie av samisk opphav. Faren til dette barnet har tittelen ”Lap. Reinvogter”. Ved å bruke ”søk i alle basar” på Digitalarkivet fann eg at foreldra gifta seg i Odda i 1896. Faren er registrert født i ”Øvre Størdalen” og mora i ”Hatfjelddalen”. Dermed ser det ut til at dette er sørsamiske folk.

Det er berre to belegg i kategorien ”barn der begge foreldra er født i prestegjeldet” i Røldal før 1900, og begge er født tett opp mot hundreårsskiftet. Anna Severine Nilsson er født i 1898, medan Inger Bertine Nilsson er født året etter. Fedrane var høvesvis ”arbeider” og ”husmann”, dermed ser det ikkje ut som om familien var blant dei med høgast sosial rang i bygda. Når det gjeld Inger Bertine, kan vi spekulere på om moglegheita til å kalle barnet opp etter fleire personar kan vere grunnen til at jenta

fekk dobbelnamn, sidan mora heite *Bertha* og faren er oppført med patronymet *Ingebrigtsen*.

I tabell 17 ser vi korleis dobbelnamna aukar i løpet av tiåra. Frå eitt belegg på 1850-talet og eitt på 1860-talet, blir det seks belegg i det siste tiåret av 1800-talet. Av dei 14 barna med doble førenamn som vart døypte i Røldal, er det berre tre som er representerte i 1900-teljinga. Det er Anna Mathilde f. 1891, (begge namn), Anna Severine f. 1898 (berre *Anne*) og Inger Bertine f. 1899 (begge namn).

Sidan dobbelnamnmaterialet er så lite i Røldal, og det var svært få lokale som nytta seg av skikken, vil eg ikkje gå så mykje inn på sjølve namnematerialet. Det som peikar seg ut, er at tre av fjorten første-namn er *Anna*, og tre dåpsbarn har *Marie/a* som andrenamn. Det eine belegget på *Marie/a* som andrenamn finn vi i det einaste trippelnamnet, der tredjenamnet ser ut til å vere eit slektsnamn. *Elisabeth Marie Lem* var dottera til ingeniør Johan Petter Berg Landmark og Sina Dorthea (f. Dosen). Dette fenomenet finn vi òg i Suldal, der presten gav to av sine døtrer med trippelnamn slektsnamn som ikkje var det same som sitt eige eller kona sitt.

Det er altså lite dobbelnamn i Røldal på 1800-talet, og fråveret av lokale som nyttar seg av skikken, viser at den ikkje fekk noko gjennombrot her før 1900. For å få eit tal på kor stor del av befolkninga som fekk dobbelnamn på slutten av 1800-talet, har eg telt døypte på 1890-talet og rekna meg til frekvensen. Det var 106 dåpsbarn i kyrkjeboka dette tiåret, av desse fekk seks stykk dobbelnamn, noko som tilsvarar ein frekvens på 5,7 prosent.

10.4 Dobbeltnamn, Suldal 1800–1900

I 1801-teljinga er det to kvinner med dobbelnamn i dette prestegjeldet. Desse er *Andrea Maria*, som var kona til klokkaren, og *Martha Sophie*, som var kona til presten. Ingen av desse var født i Suldal, og sidan dei er ein del av eit høgare sosialt lag, er det ikkje noko uvanleg ved at dei har dobbelnamn.

I 1865-teljinga er det berre ei kvinne med dobbelnamn. Dette er *Eli Maline*, eller *Ili Malline* som det står i folketeljinga, og dette belegget har eg òg funne i kyrkjeboka (nr. 14 i tabell 45, vedlegg).

På grunn av at Suldal hadde eigen prest heile 1800-talet, finn vi prestebarn med dobbelnamn allereie i 1802. Fram til 1821 var sju prestebarn dei einaste med meir enn eitt førenamn, men allereie dette året finn vi det første lokale belegget. Dette var Lisbeth Marie Svendsdatter frå Grindebø, som låg under garden Nordmork. Begge foreldra kom frå Suldal, og garden var ikkje blant dei største og rikaste i bygda. Dermed er det vanskeleg å seie noko om grunnen til at denne jenta fekk eit dobbelnamn når det ikkje var vanleg i bygda. Ein mogeleg grunn kan være påverknad frå presten på denne tida, som var Hugo Laurentzius Hiortøy. Han hadde òg ei dotter som vart døypt med to førenamn i 1821.

Det viser seg at det neste barnet som ikkje er prestebarn, men som får to førenamn i Suldal, får namnet *Lisabeth Marie*. Dette skjer i 1846, 25 år etter det første tilfellet, og sjølv om skrivemåten er litt endra, er det same namn. Eg finn ikkje noko slektskap mellom desse, og gardane ligg langt i frå kvarandre. I dette tilfellet er mora til barnet frå Stavanger, og har to førenamn, nemleg *Anna Katrine*. Dermed er det nok mora si påverknad frå byen som gir grunnlaget for dette dobbelnamnet. I tabellen under kan vi sjå utviklinga av dobbelnamnskikken i Suldal frå 1800–1900.

Periode	Prestebarn	Innflyttarar	Omstreifarar	Lokale	Sum
1800-1809	2				2
1810-1819	2				2
1820-1829	3			1	4
1830-1839	2				2
1840-1849	3	1		1	5
1850-1859	2	2	1		5
1860-1869		3	1	5	9
1870-1879		7	3	6	16
1880-1889		10	1	8	19
1890-1899		11		13	24
Sum	14	33	6	33	88

Tabell 18. Dobbeltamnførekomsstar fordelt på tiårsperiodar i Suldal.

Tabell 18 viser at det var prestebarna som fekk fleire førenamn først. Dei er representerte med to til tre tilfelle kvart av dei første seks tiåra.

Det er blant prestebarna vi finn dei fleste førekomstane av tre førenamn, med to unntak: Henriette Marie Sofie (f. 1887) er det første barnet med tre førenamn som ikkje var prestebarn. Far hennar var ein forpaktar frå Gjesdal på Høg-Jæren. Petra Taletta Johanna (f. 1892), er det andre tilfellet, og ho var dotter av ein suldalsbonde, medan mora var frå Sand. I Hoftun (1972: 267) står det at ho var oppkalla etter tre morbrør i Amerika.

Sokneprest Hiortøy gav to av dei tre døtrene sine, som vart døypte i Suldal, tre førenamn, men det tredje namnet ser ut til å vere eit slektsnamn. Dette er Maren Fredriche Braag (f. 1816) og Nicoline Janette Tyrholm (f. 1821). Kvar desse namna kom frå er vanskeleg å seie, kona heitte nemleg Torning før ho gifta seg. Tel ein med desse, fekk seks av fjorten prestedøtrer tre førenamn.

Etter 1857 finn vi ingen prestedøtrer med dobbelnamn i kyrkjeboka. Sidan dette bryt med mønsteret, undersøkte eg det nærare. Prestane som kom etter 1857 var eldre enn dei førre, og dei fekk ikkje så mange barn medan dei budde i Suldal. I tillegg var det ein prest som var ugift. Dermed finn vi ikkje fleire i denne kategorien her.

På 1860 talet vart det døypt fem jentebarn med begge foreldre frå Suldal som fekk dobbelnamn. Dei neste tiåra aukar det jamt, og på 1890-talet er det 13 lokale jentebarn som får dobbelnamn. Eit stort gjennombrøt for skikken finn vi likevel ikkje, med tanke på kor liten del dette er av namnetilfanget.

Når det gjeld innflyttarar, det vil seie at minst ein av foreldra ikkje var frå Suldal, er denne kategorien litt problematisk. Ein grunn til det er at dei såkalla *uekte* barna som har mor frå Suldal, men far frå ein anna stad, kjem inn under her. Dette gjeld to belegg. Spørsmålet er om faren hadde nokon slags påverknad på namnevalet. Svaret er mest sannsynleg ikkje. Ein grunn til at barnet likevel har fått dobbelnamn, kan vere at sidan foreldra ikkje var gift, var dei fritatt frå oppkallingsskikken.

Bortsett frå personar frå grannebygdene, inneheld innflyttarkategorien stort sett vegarbeidarbarn.

I kategorien barn av omstreifarar/tatarar/samar er det seks barn. Tittelen til faren i kyrkjeboka er stort sett ”omstreifer”, men det er òg eit tilfelle av eit ”uekte barn” der faren sin tittel er ”sjømand”, medan mora står oppført som ”omreisende pige”. Dette barnet har eg tatt med under denne kategorien sidan faren ikkje var ein innflyttar til Suldal. Han budde ein anna stad, og mora var ”omreisande”.

Den mest populære dobbelnamnsamansetninga i Suldal er *Barbro Serina/e*, med tre belegg. *Barbro* ligg på 22. plass i 1900-teljinga med tolv belegg, medan *Serina* ligg på 41. plass, med fire belegg. Vidare finn vi *Anna Maria/e*, med tre belegg, men det eine er i eit trippelnamn, nemleg *Anna Maria Sophie*. *Anna* var, som elles i landet, eit svært populært namn i Suldal og låg på tredje plass i 1900 med 93 belegg. *Maria* låg på 41. plass i 1900 med fire belegg. Desse namna er med andre ord vanlege i Suldal, og mest populære er førstenamna.

Dei tre mest populære førstenamna i dobbelnamnsamansetninga er *Mart(h)a*, *Birthe/Bert(h)a/e* og *Anna/e*. Desse namna er òg blant dei fire mest populære i 1900-teljinga, slik som vi ser i tabellen under.

Førstenamn	Mengd	Plassering blant alle namn i FT 1900
Mart(h)a	10 av 88	1
Birthe/Bert(h)a/e	9 av 88	4
Anna/e	8 av 88	3

Tabell 19. Dei tre mest populære førstenamna i dobbelnamnsamansetningar i Suldal.

Andrenamn	Mengd	Plassering blant alle namn i FT 1900
Marie/a	9 av 88	41
Oline/a	8 av 88	12
Christine/Kristine/a	8 av 88	47

Tabell 20. Dei tre mest populære andrenamna i dobbelnamnsamansetningar i Suldal.

Det mest populære andrenamnet i dobbelnamnsamansetning i Suldal er som vi ser i tabellen ovanfor *Marie/a*, med ni belegg. Deretter kjem *Oline/a* og *Christine/Kristine/a*, med åtte belegg kvar. Desse er litt lenger nede på frekvenslista i 1900. *Marie/a* var, som tidlegare nemnd, på 41. plass. *Oline/a*, låg på 12. plass, med 22 belegg, og er det mest populære *ine*-namnet i Suldal i 1900. *Christine/Kristine/a* låg på 47. plass, med tre belegg. Av desse er det berre *Oline* som er eit moderne namn, sidan det er eit avleiingsnamn.

Fordelinga av avleiingsnamn i første- og andrenamn er relativt skeiv. Blant førstena er det elleve namn med avleiing, noko som tilsvarar 25 prosent. Då har eg ikkje tatt med *Katrine*, *Karine* og *Kristina*, sidan desse har vore i bruk i mykje lenger tid enn dei andre, og ikkje er laga på same måte. Blant andrenamn er det 23 avleiingsnamn, noko som tilsvarar 59 prosent. Kva namn det dreier seg om ser vi i framstillinga under.

<u>Førstenamn</u>	<u>Andrenamn</u>	
Henriette	Augusta	Bertine
Johanne	Boletta	Fredriche
Jørgine	Gurine	Gustava
Karoline	Jacoba	Johanne
Nicoline	Ludviga	Maline
Taletta	Martine	Mathea
Tellevine	Olava	Oline
Theodora	Pauline	Rasmine
Petra	Serine	Severine
Urbine	Taletta	Theodora
Valentine	Torina	Valentina
	Wilhelmine	

Figur 5. Avleide første- og andrenamn i dobbelnamnsamansetningar i Suldal.

I 1900-teljinga har eg funne igjen 36 av dobbelnamnberarane frå kyrkjeboka. I tabell 46 (vedlegg) har eg laga ei oversikt over desse. Der har eg spora opp

dobbelnamnberarane frå kyrkjeboka, og sett kva namn dei er oppført med i 1900-teljinga. Grunnen til at denne oppstillinga berre finst for Suldal, er at i dei andre prestegjelda var det så få dobbelnamnberarar at eg berre fann eit par av dei igjen i folketeljinga. Desse er nemnd i kapittel 10.3 og 10.5.

Av desse 36 dobbelnamnberarane er det berre fire som står oppført med begge namna. Dette gjeld *Ingerid Elisabeth* (f. 1873), *Berta Kirstine* (f. 1880), *Anna Gurine* (f. 1886) og *Sigrid Pauline* (f. 1899). Det ser ikkje ut som om alder spelar noka rolle for om begge namna er tatt med i teljinga. Gardane desse kvinnene budde på i 1900, var blant dei større gardane i Suldal, men ei var inngift og ei anna var tenestejente, så det er vanskeleg å seie om sosial status hadde noko med saka å gjere.

Av dei som står oppført med berre eitt av dobbelnamna, er det stort sett det første namnet som er nedskrive. Unntaka er *Dorthea Marie* (f. 1877), *Sigrid Oline* (f. 1883), *Mallin Kristine* (f. 1887), *Berta Gurina* (f. 1887), *Malene Johanna* (f. 1890) og *Alette Martine* (f. 1894), som alle står oppført med andrenamnet i 1900-teljinga. Dei fire andrenamna med avleiingsending, var meir moderne enn første- og mellomnamna i samansetningane.

Det ser ut som at dobbelnamnskikken fekk betre rotfeste i Suldal enn i Røldal, men at det vart vanleg å gje doble førenamn, kan ein ikkje seie. Det var 285 dåpsbarn i kyrkjeboka på 1890-talet, og med 24 som fekk dobbelnamn, blir det ein frekvens på 8,4 prosent. Den største grunnen til at tendensen er større her, er at det var fleire lokale som nytta skikken.

10.5 Dobbelnamn i Vinje 1800–1900

I 1801-teljinga er dei tidlegare nemnde i familien til soknepresten dei einaste oppførte med dobbelnamn. I 1865-teljinga er det registert fire kvinner med dobbelnamn. Alle bur på prestegarden, og to av dei er døtrer av soknepresten, medan dei to andre har ”jomfru” som yrkesnemning og kjem frå høvesvis Skien og Bergen.

Som tidlegare nemnd, manglar det nokre kjelder i denne delen av undersøkinga. Av dei tre sokna Vinje, Grungedal og Nesland, er det berre Nesland som har kyrkjebøker

i frå 1893 til 1900. Dette er eit lite sokn som ikkje dekker meir enn mellom 15 og 20 prosent av innbyggjarane i Vinje prestegjeld. Det fører til at vi ikkje får det totale bildet av korleis dobbelnamnbruken var her dei siste åra før hundreårsskiftet.

Det er slik her, som i dei andre sokna, at prestebarna er først ut som dobbelnamnberarar. Det er òg blant prestebarna vi finn det einaste trippelnamnet, nemleg *Gundelle Bergithe Lovise*, som var dotter av sokneprest Smitt.

Denne kategorien er den einaste med belegg fram til 1883. Då vart Anne Johanne Hansdatter døypt, dotter av husmann Hans Tarjeison frå Hjartdal og Thone Eivindsdatter frå Vinje. Ein kjapp kikk i kyrkjebøkene frå Hjartdal frå 1880-åra viser at dobbelnamn ikkje var vanleg der heller. Kvar påverknaden til dette dobbelnamnet kom ifrå er det difor vanskeleg å seie noko om.

Periode	Prestebarn	Innflyttarar	Omstreifarar	Lokale	Sum
1810-1819	2				2
1820-1829					
1830-1839	2				2
1840-1849	3				3
1850-1859					
1860-1869					
1870-1879	2				2
1880-1889		2			2
1890-1899		11		1	12
Sum	9	13		1	23

Tabell 21. Dobbeltamnførekomstar fordelt på tiårsperiodar i Vinje.

Som vi ser i tabellen over, er det innflyttarar som utgjer den største kategorien. Av desse tretten tilfella, er ti barn av vegarbeidarar. Alle vegarbeidarbarna er født på 1890-talet. Veggen over fjellet mellom Odda og Dalen var, ifølgje Tjeltveit (1999), ferdig i 1886, og difor var det mest sannsynleg ein veg lenger øst dei jobba med. To av vegarbeidarane kom som ungarar og gifta seg med kvinner frå Vinje. Seks av barna i denne kategorien har mødrer frå Vinje, men tre av barna er sysken.

Dei tre i denne kategorien som ikkje er vegarbeidarbarn, er dottera til Hans Tarjeison, som er nemnd over, og to døtrer av kyrkjesongar og lærar Johan Severin Saudesund frå Tønsberg.

Eg har ikkje funne omstreifande familiar som nyttar doble førenamn på barna sine i gjennomgangen av kyrkjebøkene i Vinje. Dette er ulikt dei andre prestegjelda eg har undersøkt, men det er godt mogeleg at dei fleste omstreifarar kom seg rundt langs kysten, i staden for å dra over fjellet, og at det difor var færre innom her.

Det finst berre eitt belegg der begge foreldra er frå Vinje. Signe Johanne Olavsdatter vart født i 1896. Foreldra var husmann Olav Johnsen og Margit Hansdotter, og mora sin far var frå Solum prestegjeld i Skien. Der var dobbelnamn relativt vanleg, så kanskje det er her inspirasjonen til namnet kjem frå.

Det er ingen like dobbelnamnsamansetningar. Dei to første namna som har meir enn eitt belegg er *Helga*, med tre belegg og *Signe*, med to belegg. Dette er nordiske namn som var populære i Vinje. I 1900 låg *Helga* på 23. plass og *Signe* på 6. plass. Sjølv om dei fleste som gav barna dobbelnamn ikkje hadde lokal tilknytning, kan dette vere ein indikator på at dei har latt seg inspirere av namnetilfanget i Vinje.

Blant andrenamna er det fleire like namn. Det mest populære er *Marie/a*, med fem belegg, dette var òg det mest populære andrenamnet i Røldal og Suldal. Deretter finn vi *Kristine* (3), *Mathilde* (3) og *Johanne* (2). I 1900-teljinga har *Marie* tre belegg, og ligg på 39. plass. *Kristine* og *Johanne* har to belegg, og ligg på 46. plass, medan *Mathilde* har eitt belegg, og ligg på 51. plass.

I 1900-teljinga er det seks kvinner med fleire førenamn. Det er prestedøtrene *Anna Lovise Marie* og *Lovise Arnolda*, samt doktorfrua *Hanna Ragnhild*. I tillegg er tre døtrer av ein svensk vegarbeidar, dei heitte *Gunda Marie*, *Sofie Mathilde* og *Helga Kristine*. Dei er født i Vinje og er med i statistikken ovanfor. Det er òg to kvinner frå kyrkjebokstatistikken som står oppført med eit namn i 1900-teljinga. Dette er Anne Johanne Hansdotter (f. 1883) og Signe Johanne Olavsdatter (f. 1896), som begge er oppført med berre første namnet.

Ut i frå mitt materiale frå Vinje, ser det ikkje ut som om dobbelnamn vart brukt i noka særleg grad blant dei lokale. Sidan kjeldene mine frå 1893 til 1900 berre omfattar Nesland sokn, kan det hende at det var fleire lokale enn det eine belegget eg fann. Men noko gjennomslag fekk nok heller ikkje skikken her. Det er 24 dåpsbarn med dobbelnamn på 1890-talet, og det er i alt 115 registrerte dåpsbarn i kyrkjebøkene. Frekvensen blir då heile 10,4 prosent. Dette er det høgaste talet, men det representerer for det meste vegarbeidarbarn. Berre eitt barn har begge foreldra frå prestegjeldet.

10.6 Oppsummering av dobbelnamn

Av dei stadane eg har undersøkt, er det heilt klart Suldal som peiker seg ut som den staden der dobbelnamna har fått mest fotfeste. Her er det 88 belegg i kyrkjeboka, mot 14 i Røldal og 23 i Vinje. Det er òg her ein finn flest lokale som nyttar seg av skikken. Det kan forklarast med at Suldal låg nærast kysten og grannekommunen Sand, der dobbelnamn var meir vanleg.

Ved å rekne ut kor mange prosent av dåpsbarna på 1890-talet som fekk dobbelnamn, viste det seg at Vinje var den mest frekvente staden. Men sidan kjeldematerialet var lite, og det var mange vegarbeidarbarn, gav dette eit ganske feil bilde av dobbelnamnbruken i prestegjeldet. I tabellen under har eg tatt talet på dobbelnamnbelegg i kyrkjeboka på 1800-talet og delt det på talet på kvinner i 1900-teljinga.

	Røldal	Suldal	Vinje
Belegg	14	88	23
Kvinner i 1900	433	1084	854
Frekvens	3,2	8,1	2,3

Tabell 22. Frekvensen til dobbelnamnbruken i dei tre prestegjelda 1800–1900.

Tabellen ovanfor beviser at Suldal er den staden av desse tre prestegjelda der dobbelnamna sto sterkast, òg i forhold til folketalet. Røldal og Vinje har ein mykje lågare prosentdel, noko som viser at dobbelnamnbruken var minimal.

Likevel har ikkje dobbelnamnbruken i Suldal høg frekvens samanlikna med stadar som låg heilt ute ved kysten. I Hadsel i Nordland var dobbelnamnbruken blant

kvinner i perioden 1895–1900 rundt 70 prosent (Bræck 1979), medan den i Lyngen var rundt 87 prosent dei første åra av 1900-talet (Aschim 1995: 195).

Når det gjeld dei ymse kategoriane materialet er delt inn i, ser ein dei same tendensane alle tre stadane: Det er prestebarna som utgjer dei første belegga, deretter kjem innflyttarar, og til slutt tar skikken seg opp blant dei lokale. Innimellom er det òg nokre belegg på omstreifarar og liknande som var innom bygda, men desse utgjer berre ein liten del av dobbelnamnmaterialet.

Sidan materialet frå Vinje og Røldal er lite, er det Suldal som har vore viktig for å seie noko om kva namn som vart brukt i dobbelnamnsamansetningar. Her viser det seg at dei mest populære første- og andre- og tredjenumna i dobbelnamn er dei som er mest populære elles òg. Medan *Marie* er det mest populære andrenamnet, er det òg ein tendens til at fleire andrenamn enn første- og tredjenumna er avleiingsnamn.

11. Svar på hypotesane

I innleiinga av denne oppgåva la eg fram nokre spørsmål og hypotesar. Dei fire forskingsspørsmåla eg stilte, som omhandla kva som kjenneteikna namnetilfanget i desse prestegjelda, og korleis moderniseringa viste seg, har eg svart på undervegs i oppgåva. I dette kapittelet vil eg vise korleis hypotesane samsvarar med resultatata frå studien.

11.1 Hypotese 1

(A) Namnetilfanget er tradisjonelt: dei nordiske namna står sterkt i desse prestegjelda, og dei kyrkjelege namna er stort sett slike som har vore i bruk lenge og har fått ei dialektform. (B) Vinje og Røldal er litt meir tradisjonelle enn Suldal, sidan sistnemnde ligg nærast kysten.

Denne hypotesen ser ut til å bli oppfylt. I Røldal og Suldal var åtte av dei femten mest populære namna nordiske i 1801 og 1900, medan talet for Vinje var heile elleve i 1801 og ti i 1900. Dei mest populære kyrkjelege namna var i 1801 *Marte, Karen, Britta, Anna, Kirstine, Elisabet* og *Margitte* i Røldal og Suldal. Dette er norske former, bortsett frå *Karen, Britta* og *Margitte*, som har dansk skriftform, men mest sannsynleg dialektal uttale. I Vinje er det *Margit, Anne, Christi* og *Kari* som er dei kyrkjelege namna på topp 15. Som vi ser, er dei fire namna i Vinje òg representerte dei to andre stadane, berre i ei anna form. Fleire av desse namna var blant dei mest populære namna i landet i 1801 (jf. Utne 2006: 26).

Desse kyrkjelege namna er alle tradisjonelle namn, og ein del av hypotesen var at det var mest tradisjonelt i Røldal og Vinje. Så langt kan vi seie at alle dei tre prestegjelda er svært tradisjonelle i 1801.

Når det gjeld nordiske og kyrkjelege namn, kan vi bruke ein gradforskjell i kor tradisjonelle namna er. Eg reknar dei nordiske namna som dei mest tradisjonelle, sidan dei er frå den eldste namnekulturen i Noreg. Dermed er det Vinje aleine som har det mest tradisjonelle namnetilfanget både i 1801 og 1900. Røldal kjem på ein god andreplass når det gjeld nordiske namn.

Den staden som er minst tradisjonell, altså den som har mest påverknad utanfrå, er Suldal. Her finn vi i 1801 den lågaste prosenten av nordiske namn, og den høgaste av namn med tysk og anna opphav (jf. kap. 8.1). I 1900 har Suldal framleis den lågaste frekvensen av nordiske namn og den høgaste av kategorien ”andre namn”.

Den kumulative frekvensen kan òg seie noko om namnetilfanget i bygdene er tradisjonelt. Om oppkallingsskikken var streng i ei bygd, var det ikkje uvanleg at dei ti mest populære namna hadde opp mot 70 prosent av namnetilfanget (jf. Kruken 1982). I 1801 er den kumulative frekvensen 64,7 prosent i Røldal, 60,3 prosent i Suldal og 59,4 prosent i Vinje når ein ser på dei ti første namna på frekvenslista. I dette oppsettet ser det ut som om Røldal er mest konservativ, men ein må ikkje gløyme at Røldal har halvparten av innbyggjarane samanlikna med dei andre prestegjelda, og difor naturleg nok har eit mindre namnetilfang.

I 1900 har den kumulative frekvensen minka med om lag fem prosent i Røldal (60,3 prosent) og Suldal (55,4 prosent), men har auka med om lag seks prosent i Vinje (65,6 prosent) (jf. tabell 16). Det vil seie ein auka oppslutning om dei mest populære namna i løpet av hundreåret i Vinje. Toppnamna her var namn som var tradisjonelle og stort sett dei same som i 1801. Dette viser altså at medan Røldal og Suldal har fått ein lågare prosentdel for kvart namn i toppen, har Vinje fått ein høgare prosentdel. I Vinje har 52 prosent av kvinnene eit namn som er blant dei seks mest populære, medan den tilsvarende plasseringa i Røldal og Suldal er dei sju og åtte mest populære. Vi kan med grunnlag i prosentdelen per namn i toppen, seie at Vinje har blitt meir konservativt i staden for å modernisere seg når det gjeld toppnamna.

11.2 Hypotese 2:

(A) Det har skjedd ei svak modernisering i namnebruken i løpet av hundreåret. (B) Suldal er den staden der vi ser den største forandringa i namnematerialet, fordi det ligg nærare kysten og Stavanger.

Frå 1801 til 1900 er det kome til fleire nye namn i desse prestegjelda. I tillegg har den kumulative frekvensen gått ned, bortsett frå i Vinje (dette har eg kommentert ovanfor). For å stadfeste i kva grad namnetilfanget har blitt modernisert, vil eg bruke

Ane Landøy (1995) sine indikasjonar. Desse indikasjonane er klare, og fleire har brukt dei i arbeidet med moderniseringa på 1800-talet, blant anna Gåsland (2011).

Den første indikasjonen var endringar i den totale namnemassen utover hundreåret, og at dei mest populære namna tidleg i hundreåret vart erstatta av andre namn i slutten av hundreåret. Det er kome inn nye namn, først og fremst avleiingsnamn, men det er lite som er forandra blant dei mest populære namna. Det er lengst nede på lista vi finn dei fleste nye namna, og dermed stemmer denne indikasjonen dårleg.

Den neste indikasjonen var ei meir moderne haldning til kvar namna er henta frå. I mitt materiale finn ein nokre avleiingsnamn som er lånt inn i heil form, til dømes *Henriette*. Vi finn òg nokre europeiske motenamn. I Røldal er det ingen, men i Suldal finn vi *Agnes*, som er gresk, og *Laura*, som er italiensk. I Vinje er det tyske *Gunda* som representerer denne kategorien. Dermed ser vi nokre trekk frå denne indikasjonen.

Den tredje indikasjonen var ein auke i bruk av det Landøy kalla moverte namn, som eg har valt å utvide til avleiingsnamn. Det vil seie både mannsnamn som er blitt omlaga til kvinnenamn, og kvinnenamn som har fått ei avleiingsending. Det mest populære avleiingsnamnet i mitt materiale er *Olina/e*, som ligg på 12. plass i Suldal, 16. plass i Røldal og 39. plass i Vinje i 1900. Denne typen namn er representert med fleire tilfelle i alle prestegjelda, og det er stort sett dei vanlegaste namneformene slik som *Olina*, *Larsina* og *Andrine* vi finn. Dei fleste avleiingsnamna har berre eitt belegg, men Suldal skil seg med ti avleiingsnamn som har meir enn eitt belegg. Dette stadfestar Landøy sin indikasjon. Når vi ser bort frå kvinner som var i slekt med soknepresten, var det ikkje nokon avleiingsnamn i 1801, og då er det ikkje berre snakk om ein auke av moverte namn, men ein ny namnetradisjon.

Den fjerde og siste indikasjonen var ein auke i bruk av dobbelnamn. Denne tendensen finn vi i desse prestegjelda. I 1801 var det berre personar med relasjon til soknepresten, og andre med høg sosial status, som hadde dobbelnamn i desse tre områda. Etter å ha undersøkt kyrkjebøkene har eg funne ut at etter prestebarna var det flest barn av innflyttarar som fekk fleire førenamn, før dei lokale byrja med skikken. Det var i Suldal dobbelnamnskikken fekk størst gjennomslag av dei tre prestegjelda,

fordi det er her vi finn den største konsentrasjonen av lokale som nytta seg av skikken. Likevel var det ikkje meir enn 8,4 prosent av dåpsbarna som fekk dobbelnamn på 1890-talet i Suldal (jf. kap. 10.4). Om vi samanliknar med tal frå Aarset (1982b: 89), kan vi sjå at i Leksvik i Trøndelag fekk 69,1 prosent av kvinnene dobbelnamn på 1890-talet.

Det ser ut til at hypotesen min blir oppfylt. Ved å bruke Landøy sine indikasjonar, ser vi at tre av fire moment stemmer ganske bra. Det har skjedd ei modernisering i løpet av 1800-talet i desse prestegjelda, men avviket er at dei mest populære namna i 1801 framleis har ein stor popularitet i 1900. Moderniseringa ser vi stort sett blant dei minst frekvente namna.

11.3 Hypotese 3

Den nordiske namnerenessansen gjer lite ut av seg i desse områda, men det er små spor av den.

Sidan innlandet og fjellbygdene held så godt på dei nordiske namna, medan dei går ut av bruk langs kysten og meir sentrale strøk (jf. Kruken 1982: 61), rekna eg med at det ville bli vanskeleg, men ikkje umogeleg, å sjå nokre spor etter den nordiske namnerenessansen i desse tre prestegjelda.

Det er ofte slik at det som er eit renessansenamn i ei bygd, ikkje nødvendigvis er det i ei anna. Dette finn vi i desse områda om ein ser på *Ragna*. Dette namnet fekk ein auka popularitet på landsbasis på slutten av 1800-talet, tidlegare var det særleg nytta i Hordaland og på Austlandet (NPL 1995: 243). I Vinje, som frå før av hadde den høgaste konsentrasjonen av nordiske namn, er det berre *Ragna* som skil seg ut som eit teikn på den nordiske namnerenessansen, då det ikkje er registrert i 1801 eller 1865-teljningane i dette prestegjeldet. Det har belegg i Suldal òg, men der blei det ikkje klassifisert som eit renessansenamn, sidan det hadde belegg i 1865-teljninga.

I Røldal og Suldal har eg kome fram til at *Gudrun* er eit renessansenamn. Dermed ser det ut som at denne hypotesen blir oppfylt: Det finst renessansenamn, men det er ikkje fleire enn eitt i kvart prestegjeld.

11.4 Hypotese 4

Røldal sitt namnetilfang på 1800-talet er ei blanding av namn som er typiske for Sørvestlandet og Telemark, men det er mest vestlandsbasert.

Denne hypotesen ser ut til å bli oppfylt til ein viss grad. Med utgangspunkt i kapittel 8.4 ser vi at det er Suldal som har mest til felles med Røldal når det gjeld namna i 1801-teljinga. Ut i frå dette, kan vi òg seie at Røldal har hatt eit meir vestlandsprega namnetilfang historisk.

Likevel ser det annleis ut når namnetilfanget blir modernisert i desse bygdene. På grunn av få avleiingsnamn og lite bruk av dobbelnamn, liknar Røldal meir på Vinje i 1900, enn det gjorde i 1801. Dei fleste namna som var med i 1801, er der framleis, men i Suldal er det kome inn fleire nye namn, og dei moderne namnetradisjonane har fått større fotfeste. Medan Suldal hadde ein dobbelnamnfrekvens på 8,1 prosent når vi delte talet på dobbelnamn i kyrkjeboka på talet på kvinner i 1900-teljinga, hadde Røldal berre 3,2 prosent, og Vinje 2,3 prosent.

Når det gjeld avleiingsnamn, fann vi fleire døme på variasjonar av denne type namn i Suldal enn dei to andre stadane (jf. kap. 9.4). Den kumulative frekvensen for dei 15 mest populære namna er nesten heilt lik for Røldal og Vinje i 1900. Førstnemnde hadde 74,5 prosent, medan sistnemnde hadde 74,8 prosent. Det tilsvarande talet for Suldal var 65,2 prosent, noko som fortel oss at toppnamna sto svakare her.

Det er altså slik at Røldal har flest teikn på Sørvestlandske namnetrekk, men heng etter i moderniseringsprosessen, noko som i 1900 skil seg frå bygder lenger ute mot kysten. Vi kan seie at hypotesen blir oppfylt med materialet frå 1801-teljinga, men det er meir tvil for 1900-teljinga. Røldal og Suldal har framleis namna frå 1801-teljinga til felles, men i Suldal har det kome inn mykje nye namn òg, i motsetning til Røldal.

12. Konklusjon

Hovudspørsmåla mine i denne oppgåva var i kva grad, og korleis, namna vart modernisert i desse tre prestegjelda, og om kontakten mellom bygdene kan ha påverka namnetilfanget. Eg ville òg finne ut om Røldal hadde mest til felles med Suldal eller Vinje.

Når eg no skal samle trådane, kan eg konkludere med at det finst spor av modernisering i kvinnenamna frå 1801- til 1900-teljinga i dei tre prestegjelda. Likevel er det ingen stor moderniseringsprosess som har gått føre seg (jf. kap. 11.2). Dei nye namna, som stort sett var avleiingsnamn, har altså ikkje klart å bli populære, og dei mest frekvente namna er stort sett dei same som hundre år før. Det prestegjeldet som moderniserte namnetilfanget mest, var Suldal, medan Vinje var den staden som hadde minst modernisering. I Røldal ser vi at moderniseringa har kome frå vest, altså frå Ryfylke, Sunnhordland og Hardanger, men det er få namn som har fått noko særleg gjennomslag. Det som Vinje har av moderniseringstrekk, kan ha kome frå alle kantar. Det er fordi dette prestegjeldet har hatt kontakt med både Aust- og Vestlandet, og endringane ein finn der er vanlege for heile landet.

Namnetilfanget i desse bygdene er altså relativt stabilt, slik vi har sett i kap. 5, 6 og 7. Grunnen til dette kan vere at oppkallingskikken framleis sto sterkt i desse bondesamfunna, til tross for auka påverknad utanfrå.

Når det gjeld om Røldal sitt namnetilfang var mest likt Suldal eller Vinje, var hypotesen min at denne staden hadde eit vestlandsbasert namnetilfang, men med enkelte innslag av namn som var typisk for Telemark. Det vil altså seie meir likt Suldal enn Vinje. Denne hypotesen vart oppfylt for 1801-teljinga, men i 1900 har Suldal modernisert namnetilfanget meir enn Røldal, og sistnemnde liknar no meir på Vinje enn hundre år tidlegare.

Dei mest populære namna har Røldal framleis til felles med Suldal i 1900, og fleire av desse er typiske vestlandsformer. Døme er: *Marta*, *Brita* og *Anna* (jf. tabell 5 og 9). Likevel finn vi *Margit* på sjuandeplass i Røldal (jf. tabell 5), og dette var det mest populære kvinnenamnet i Vinje i 1900. Dermed ser vi at Røldal er påverka frå begge

kantar, men mest frå Suldal når det gjeld dei mest populære namna. Unntaket er *Margit*, som kan ha spreidd seg frå Vinje til Røldal.

Ser vi på heile namnemassen i 1900, kan vi konkludere med at det er Vinje som har mest til felles med Røldal. Dei to skil seg frå Suldal fordi dette prestegjeldet har fått fleire nye og meir moderne namn i løpet av 1800-talet, sjølv om dei fleste av dei har få belegg. Røldal sitt namnetilfang ser altså ut som ei typisk fjellbygd mellom aust og vest i 1900.

13. Kjelder og litteraturliste

13.1 Kjelder

Folketeljninga 1801. *Digitalarkivet*. Nedlasta 12.05.2013:

<http://digitalarkivet.no/cgiwin/WebMeta.exe?slag=vismeny&katnr=1&emnenr=2>

Folketeljninga 1965. *Digitalarkivet*. Nedlasta 12.05.2013: <http://digitalarkivet.no/cgiwin/WebMeta.exe?slag=vismeny&katnr=1&emnenr=3>

Folketeljninga 1900. *Digitalarkivet*. Nedlasta 12.05.2013: <http://digitalarkivet.no/cgiwin/WebMeta.exe?slag=vismeny&katnr=1&emnenr=5>

Skanna kyrkjebøker. *Digitalarkivet*. Nedlasta 12.05.2013:

http://www.arkivverket.no/URN:kb_read

Søk i alle basar. *Digitalarkivet*. Nedlasta 12.05.2013: <http://da3.uib.no/cgiwin/WebGlobal.exe>

13.2 Litteraturliste

Alhaug, Gulbrand. 2003/04. "Hanne Elise Caroline – om framveksten av fleirnamnskikken i Noreg på 1700-talet". *Namn og Nemne* 20/21: 63–94.

Alhaug, Gulbrand. 2004. "Popularitetsutviklinga for nordiske arvenamn". I *Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975 – med vekt på endringar i namnemønsteret*, s. 125–177. Oslo: Novus forlag.

Aschim, Alf Bjørge. 1995. *Personnamnskikken i Lyngen i historisk perspektiv 1750–1969*. Hovudoppgåve i nordisk språk. Universitetet i Oslo.

Berge, Richard. 1944. *Vinje og Rauland II*. Stavanger: Dreyers Grafiske Anstalt.

Bjørsvik, Elisabeth. 2006. "Vasskraft og industri i Hordaland i første halvdel av 1900-tallet". Publisert i *Hardanger* (2006) s. 60–74. Nedlasta 10.04.2013: <http://www.nvim.no/newsread/readimage.aspx?WCI=GetByID&IMAGEID=&DOCID=10496>

Brekkehus, Aina Silden. 2012. "Hermetisert" tradisjon eller modernisering? *Kvinnenamna på Voss og i den nordlege delen av Indre Hardanger gjennom 1800-talet*. Masteroppgåve i nordisk. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar. Universitetet i Bergen.

Bræck, Arvid G. 1979. *Personnamn i Hadsel*. Hovudoppgåve i norsk. Universitetet i Trondheim.

- Christensen, Arne L. 1972. *Røldal – en industrialisert bygd uten industri. Om anleggsarbeid i en fjellbygd*. Magistergradsavhandling. Institutt for folkelivsgransking. Universitetet i Oslo.
- Christensen, Stine Albæk. 2008. *Aanen og Annar – en komparativ undersøkelse av personnavnskikken i kystbyen Kristiansand og innlandsbyen Hamar 1850–1900*. Masteroppgave i nordisk, særlig norsk, språkvitenskap. Institutt for lingvistiske og nordiske studier. Universitetet i Oslo.
- Dalen, Knut og Alma. 1960. *Røldal Bygdebok*. Røldal kommune
- Frøysland, Cecilie. 2011. ”*Fra Nicolaia og Chrispinus til Rakel og Moses*” *Personnavn og personnavnforråd i Jølster og Gloppen prestegjeld fra 1801 til 1900*” Masteroppgåve i nordisk. Masteroppgave i nordisk. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier. Universitetet i Bergen.
- Fure, Eli. 1990. ”Personnavn og tidsånd”. *Namn og Nemne*. 7: 35–55.
- Gåsland, Halvor. 2011. *Personnamn, ei kjelde til å spore historisk kontakt mellom Lærdal og Valdres?* Masteroppgåve i nordisk. Masteroppgåve i nordisk. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar. Universitetet i Bergen.
- Gotaas, Thor. 2000. *Taterne - Livskampen og eventyret*. Oslo: Andresen & Butenschøn AS
- Gule sider. 2013. *Kart*. Nedlasta 17.04.2013: <http://kart.gulesider.no/>
- Haslum, Vidar. 2005. ”Navnerenessanse eller gammel navneskikk eller begge deller? Navngivingsmønstre i store søskenflokker på Agder i perioden 1880-1940”. Rapport frå NORNA 34. symposium, Dømmesmoen 10.-12. september 2004, red G. Nedrelid & T. Schmidt. s. 9–28. Kristiansand: *Skriftserien nr. 116*. Høgskolen i Agder.
- Helgeland, Geir Arne. 2011. ”Ancestors of Ingeborg Vassøy” Nettstaden *Helgeland.nu*. Nedlasta 24.01.2013: http://www.helgeland.nu/english/genealogy/Other/Hetland/Ingeborg_Vassoy.htm
- Hoftun, Hallvard M. 1972. *Gamle Suldal – Gards- og ættesoge*. Suldal kommune.
- Kruken, Kristoffer. 1982. ”Frå reformasjonen til den nordiske namnerenessansen”. I *Norsk personnamnleksikon*, red. O. Stemshaug, s. 44–65. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Kruken, Kristoffer og Stemshaug, Ola. 1995. *Norsk personnamnleksikon*. 2. utg. ved K. Kruken. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Kvålen, Veslemøy. 1991. *Og Olav het son og Olav het far. Bruken av førenamn i Vinje 1900–85 samanlikna med nokre andre område*. Hovudoppgåve ved institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Avdeling for nordisk språk og litteratur. Oslo.
- Landøy, Ane. 1995. ”Modernisering i namnebruk”. I *Namn og Nemne* 12: 51–70.
- Meldgaard, Eva Villarsen. 1990. *Studier i københavnske fornavne 1650–1950*. København: Reitzels.
- Mørkhagen, Sverre. 2009. *Farvel Norge – Utvandringen til Amerika 1825–1975*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Pettersen, Egil. 1981. *Personnavn i Vest-Norge 1450–1550*. Oslo: Novus forlag.
- Statistisk sentralbyrå (SSB). 1980. *Folketeljinga 1801. Ny bearbeiding*. Nedlasta 13.05.2013: http://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_b134.pdf
- Statistisk sentralbyrå (SSB). 2011. *Folkemengde og areal, etter kommune 1. januar 2011*. Nedlasta 11.03.2013: <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/befsett/tab-2011-06-17-01.htm> l
- Tjeltveit, Njål. 1999. *Fjellveggar – Ferdsla mellom Rogaland og bygdene austanfor*. Stavanger: Statens vegvesen Rogaland.
- Utne, Ivar 2006. *Oversikt over norsk fornavnshistorie*. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen.
- Utterström, Gudrun. 1995. *Dopnamn i Stockholm 1621–1810*. Uppsala: Almqvist & Wiksell International.
- Veka, Johan. [Ukjent år] *Gamle fjellveggar i Ryfylke*. Hefter frå Stavanger og Rogaland nr. 13. [Utan stad]: Telemarksmagasinet. (1.utg. 1979).
- Vågslid, Eivind. 1930. *Norsk navnebok – Døypenovn med tydingar*. Oslo: Eigen utgjevnad.
- Vågslid, Eivind. 1988. *Norderlendske fyrenamn – Namnebok*. Eidsvoll: Eigen utgjevnad.
- Aarset, Terje. 1982a. Frå den nordiske namnerenessansen til i dag. I *Norsk personnamnleksikon*, red. O. Stemshaug, s. 66–87. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Aarset, Terje. 1982b. Dobbelsnamn. I *Norsk personnamnleksikon*, red. O. Stemshaug, s. 88–92. Oslo: Det Norske Samlaget.

Aarset, Terje. 1983. Dobbelsnamn og doble namn – nokre terminologiproblem. I
Personnamnsterminologi. Norna-rapporter 23 s. 87–97. Red. G. Hallberg, S.
Isaksson og B. Pamp. Uppsala: Norna-förlaget.

14. Samandrag

14.1 Norsk samandrag

Denne masteroppgåva omhandlar kvinnenamna i Røldal, Suldal og Vinje prestegjeld på 1800-talet. Desse stadane ligg skjerna til av høge fjell, og spesielt Røldal og Vinje har vore isolerte store delar av året i tidlegare tider på grunn av naturtilhøva. Om vinteren var kontakten med andre bygder minimal, men i sommarhalvåret hadde desse områda mykje kontakt med grannebygdene. Det var òg slik at Røldal var eit annekssokn til Suldal fram til år 1859.

Det eg ville finne ut av, var om, og i kva grad, kvinnenamna vart modernisert i desse områda. I tillegg ville eg undersøke om kontakten mellom bygdene kan ha ført til spreining av namn og namneformer, og om kvinnenamna i Røldal hadde flest trekk frå Sørvestlandet eller Telemark. Hypotesane var at namnetilfanget i desse bygdene var tradisjonelt, og at moderniseringa på 1800-talet var svak. Eg venta òg at det ville vere ein skilnad mellom bygdene, og at Suldal var den staden med mest modernisering i namnetilfanget. Kjelder for undersøkinga har vore folketeljningane frå 1801 og 1900, medan i arbeidet med dobbelnamn har eg i hovudsak nytta kyrkjebøker.

Namnetilfanget i desse bygdene er stabilt. Frå 1801 til 1900 kjem det til fleire nye og meir moderne namn i desse prestegjelda. Suldal får flest nye namn, deretter kjem Røldal, og til sist Vinje. Dei mest populære namna i 1900 er stort sett dei same som i 1801 i alle prestegjelda. Dei nye namna er lågfrekvente, ofte med eitt til to belegg.

Suldal skil seg frå dei to andre stadane sidan dette prestegjeldet har meir moderne namn, og i bruken av dobbelnamn. Vinje og Røldal er framleis tradisjonelle i 1900, og det er færre moderne namn å finne her enn i Suldal. Når det gjeld om Røldal har flest namnetrekk frå Sørvestlandet eller Telemark, blei konklusjonen at namnetilfanget er typisk vestlandsk i 1801, sjølv om vi finn nokre namn som hadde kjerneområde i Telemark. I 1900 liknar Røldal meir på Vinje og andre fjellbygder mellom aust og vest enn Suldal. Vestlandsnamna dominerar framleis, men når moderniseringa ikkje har fått noko gjennomslag i namnematerialet, skil Røldal seg frå bygder lenger ute mot kysten.

14.2 English summary

This master thesis deals with female names in Røldal, Suldal and Vinje parishes in the 1800s. These communities lie sheltered by high mountains, and especially Røldal and Vinje has been isolated most of the year in earlier times due to natural conditions. In winter, the contact with other villages was minimal, but during the summer these areas had much contact with nearby villages. Also, Røldal was an annex parish to Suldal until the year 1859.

What I wanted to find out was whether, and to what extent, female names became modernized in these areas. In addition, I would investigate if the contact between communities may have led to the expansion of names and name forms, and if the female names in Røldal had more similarities to South-Western Norway or Telemark. My hypotheses were that the names in these villages were traditional, and that the modernization in the 1800s was weak. I also suspected there would be a difference between the villages, and that Suldal was the place with the most modernization in names. The sources for the investigation were the 1801 and 1900 censuses, and I have mainly used parish registers while working on double names.

The names in these villages are stable. From 1801 to 1900 there are several new and more modern names in these parishes. Suldal gets the most new names, then comes Røldal and finally Vinje. The most popular names in 1900 are mostly the same as 1801 in all parishes. The new names are low frequent, often with one or two occurrences.

Suldal differs from the other two places regarding the occurrences of more modern names, and the use of double names. Vinje and Røldal are still traditional in 1900, and there are fewer modern names to find here than in Suldal. Regarding whether Røldal has more similar names to the west coast or Telemark, the conclusion is that the names were typical West-Norwegian in 1801, although we can find several names that had their core area in Telemark. In 1900, Røldal is more similar to Vinje and other mountain villages between east and west in Norway than Suldal. South-Western names are still dominating, but since the modernization has not gotten any breakthrough in the name material, Røldal is different from villages further out towards the coast.

15. Vedlegg

15.1 Frekvenslister.

Tabell 23. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Røldal, 1801-teljinga.

	Namn	Mengd	Samanslåingar	RF	KF
1	Marte	21	Marte (10) Marthe (10) Martehe (1)	10,61	10,61
2	Karen	18		9,09	19,70
3	Britta	17	Britta (14) Britte (3)	8,59	28,28
4	Ingebor	15	Ingebor (14) Ingbor (1)	7,58	35,86
4	Inger	15		7,58	43,43
6	Torbjør	12	Torbjør (11) Torbor (1)	6,06	49,49
7	Anna	8		4,04	53,54
7	Kirstine	8	Kirstine (5) Kristine (3)	4,04	57,58
7	Siri	8		4,04	61,62
10	Gro	6		3,03	64,65
10	Guri	6	Guri (2) Gyri (2) Jyri (1) Jøri (1)	3,03	67,68
10	Jertru	6		3,03	70,71
13	Margitte	5	Margitte (3) Margrete (2)	2,53	73,23
13	Ranveg	5		2,53	75,76
15	Ambjør	4		2,02	77,78
15	Helga	4		2,02	79,80
15	Jorand	4		2,02	81,82
18	Disa	3		1,52	83,33
18	Dordi	3		1,52	84,85
18	Gunne	3		1,52	86,36
18	Randi	3		1,52	87,88
18	Sønneva	3		1,52	89,39
23	Aagaat	2		1,01	90,40
23	Gunill	2	Gunil (1) Gunill (1)	1,01	91,41
23	Gunla	2		1,01	92,42
23	Guro	2		1,01	93,43
23	Helene	2		1,01	94,44
23	Ragnil	2		1,01	95,45
29	Aasne	1		0,51	95,96
29	Askier	1		0,51	96,46
29	Aslaug	1		0,51	96,97
29	Astrie	1		0,51	97,47
29	Eli	1		0,51	97,98
29	Ingelef	1		0,51	98,48
29	Turi	1		0,51	98,99
29	Valborg	1		0,51	99,49
29	Øja	1		0,51	100,00
Sum	37	198		100	

Tabell 24. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Røldal, 1900-teljinga.

	Namn	Mengd	Samanslåingar	RF	KF
1	Martha	45		10,44	10,44
2	Ingeborg	38		8,82	19,26
3	Britha	37	Brita (1), Britha (25), Britta (11)	8,58	27,84
4	Kari	26		6,03	33,87
5	Ingerid	21		4,87	38,75
6	Anna	20	Anna (18), Anne (2)	4,64	43,39
7	Margit	19	Margit (18), Marget (1)	4,41	47,80
7	Torbjörg	19	Torbjörg (13), Thorbjörg (1) Torbjør (5)	4,41	52,20
9	Sigrid	18	Sigrid (9) Siri (9)	4,18	56,38
10	Durdei	17	Dordei (1), Durdei (16)	3,94	60,32
11	Gunne	16	Ganne (2), Gonne (1), Gunne (13)	3,71	64,04
12	Ambjør	14	Ambjer (1), Ambjør (7), (Ambjørg (6)	3,25	67,29
13	Ragnhild	12	Ragnhild (11), Ragnhuld (1)	2,78	70,07
14	Gro	10		2,32	72,39
15	Kjersti	9	Kjersti (7), Kjæsti (2)	2,09	74,48
16	Disa	8		1,86	76,33
16	Oline	8		1,86	78,19
18	Aagoth	7	Aagot (2), Aagoth (3), Agoth (2)	1,62	79,81
19	Ranveig	6	Rangveig (4), Ranvei (2)	1,39	81,21
20	Gjertrud	5	Gertrud (2), Gjertrud (3)	1,16	82,37
20	Gundla	5	Gondla (1), Gundla (3) Gunella (1)	1,16	85,61
20	Valborg	5		1,16	83,53
23	Gurid	4	Gjyri (2), Gurid (2)	0,93	84,45
23	Helga	4		0,93	86,54
23	Thea	4		0,93	87,47
26	Eli	3		0,70	88,17
26	Gunhild	3	Gonhild (1), Gonhilde (1), Gunhild (1)	0,70	88,86
26	Guro	3		0,70	89,56
26	Inga	3		0,70	90,26
26	Kristi	3		0,70	90,95
26	Kristine	3		0,70	91,65
26	Marie	3		0,70	92,34
33	Aasne	2		0,46	92,81
33	Bergit	2		0,46	93,27
33	Bertha	2		0,46	93,74
33	Inger	2		0,46	94,20
37	Aase	1		0,23	94,43
37	Alette	1		0,23	94,66
37	Andrine	1		0,23	94,90
37	Mathilde	1		0,23	95,13
37	Borghild	1		0,23	95,36
37	Eldrid	1		0,23	95,59
37	Eldrine	1		0,23	95,82
37	Elisabeth	1		0,23	96,06
37	Gidske	1		0,23	96,29
37	Gonbjörg	1		0,23	96,52
37	Gudrun	1		0,23	96,75
37	Hansine	1		0,23	96,98

37	Ingeleiv	1		0,23	97,22
37	Berthine	1		0,23	97,45
37	Johanna	1		0,23	97,68
37	Jørgine	1		0,23	97,91
37	Karina	1		0,23	98,14
37	Karoline	1		0,23	98,38
37	Larsine	1		0,23	98,61
37	Lisa	1		0,23	98,84
37	Magla	1		0,23	99,07
37	Margrethe	1		0,23	99,30
37	Marthine	1		0,23	99,54
37	Nikoline	1		0,23	99,77
37	Saava	1	Laava ⁷	0,23	100,00
Sum	61	431		100,00	

⁷ Skrivefeil i FT. Sjå kap. 3.4.4.

Tabell 25. Frekvensliste over alle kvinnenamna i Suldal, 1801-teljinga.

	Namn	Mengd	Samanslåingar	RF	KF
1	Britta	65	Britta (51), Britha (11), Britte (3)	10,32	10,32
2	Marte	57	Marte (35) Marthe (21) Martha (1)	9,05	19,37
3	Anna	56	Anna (50), Anne (5) Ana (1)	8,89	28,25
4	Karen	47	Karen (38) Kari (9)	7,46	35,71
5	Siri	44	Siri (42) Sirie (2)	6,98	42,70
6	Ingerie	27	Ingerie (22) Ingeri (4) Igrie (1)	4,29	46,98
7	Guri	26	Guri (21), Gyri (4), Gyrie (1)	4,13	51,11
7	Ingebor	26		4,13	55,24
9	Helga	16		2,54	57,78
9	Valborg	16	Valborg (15) Valbor (1)	2,54	60,32
11	Kirstine	15	Kirstine (9) Kristine (5) Christine(1)	2,38	62,70
12	Elisabet	13	Elisabet (11), Elisabeth (2)	2,06	64,76
13	Borgela	12	Borgela (10) Borgele (2)	1,90	66,67
13	Guro	12		1,90	68,57
13	Inger	12		1,90	70,48
13	Ranveg	12		1,90	72,38
17	Malene	11	Malene (10) Maglene (1)	1,75	74,13
17	Randi	11		1,75	75,87
19	Eldri	9	Eldri (8), Eldrie (1)	1,43	77,30
19	Sophie	9		1,43	78,73
19	Ambjør	8	Ambjør (5), Ambjørn (1), Anbjør (2)	1,27	80,00
19	Dordi	8		1,27	81,27
19	Ragnilla	8	Ragnilla (6) (Ragnil (2)	1,27	82,54
24	Barbro	7		1,11	83,65
24	Marie	7	Marie (6) Maria (1)	1,11	84,76
